

Individ - hushald - samfunn

*Fisk og jord som grunnlag for hushaldsetablering i Noreg
kring år 1800*

Arne Sølli

Hovedfagsoppgåve i historie

Historisk institutt, Universitetet i Bergen

August 1995

Føreord

Ein del av ideane til dette arbeidet tok form under Erasmus sommarskule Bergen i august 1994. Professorane Tamara Hareven frå University of Delaware og Joseph Ehmer frå Salzburg Universität leidde eit inspirerande kurs under tittelen «Family History and the Life Course». Dette vart oppstarten til eit hovudfagsstudium i familiehistorie, som i første omgang resulterte i storfagsoppgåva «Det nordvesteuropeiske hushaldsmønsteret i norsk perspektiv».

Sjølve arbeidet med denne oppgåva tok til i midten av januar 1995, og i denne hektiske perioden fram til innlevering vil eg først og fremst takke førsteamanuensis Jan Oldervoll for god og verdfull rettleiing. Herdis Kolle skal ha takk for å ha lese gjennom og kommentert dei ulike kapittelutkasta og Gunnar Morsund for nyttige opplysningar om kjeldematerialet; Professor Ståle Dyrvik og førsteamanuensis William Hubbard for tips om litteratur og innspel som sende meg attende i "tenkeboksen".

Med velvilje frå Terje Marøy og Bjarne Øymyr ved Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste (NSD) har eg fått utarbeidd digitale kart, og utan god opplæring og rask brukarstøtte frå Eirik Vasstrand ved NSD ville ikkje karta ha vore presentable. Jarle Nilsen på Brukerstøttesenteret (IT-avd) har synt tolmod og teke imot karta og figurane mine i ulike variantar og deretter fått dei ut på skrivaren.

Til sist, men ikkje minst, skal kona mi Ane Landøy ha ein hjarteleg takk for eit utsatt gjennomsyn, for korrektur og kommentalarar. Utan hennar hjelp og støtte ville resultatet ha vore annleis.

Bergen 15.8.1995

Arne Solli

«En del av de data som er benyttet i denne publikasjonen er hentet fra Norsk Samfunnsvitenskapelige Datatjenestes Kommunedatabase. NSD er ikke ansvarlig hverken for analysen av dataene eller for de tolkningene som er gjort her.»

NSD
HANS HOLMBOESGATE 22,
5007 BERGEN-UNIV.

Føreord til 2. utgåve

Fram mot, og særleg etter eksamen, er det ofte slik at ein ynskjer at deler av hovudoppgåva var annleis, ja at ein kunne skrive alt om på nytt. Særleg tykkjer eg metodekapittelet (Kap. 2) er vanskeleg tilgjengeleg. Dei metodisk interesserte bør derfor lese kapittel 14 Hushaldsundersøkingar i *Historisk Demografi* av Ståle Dyrvik eller kapittel 1 i *Household and family in past time* av Peter Laslett. Deretter bør du lese Lutz Berkner sin kritikk av Laslett og Cambridge-gruppa, jfr. litteraturlista. Ein god introduksjon til feltet familiehistorie (*Family History*) finn du i Michael Anderson *Approaches to the History of the Western Family 1500-1914*. Ei mengde nyttige referansar både til amerikansk og europeisk familiehistorie finn du i Tamara Hareven sin artikkel i American Historical Review *The History of the Family and the Complexity of Social Change*. I tillegg bør du ta ein kik på litteraturlista bak og merke deg David Gaunt, Michael Mitterauer, John Rogers, Lawrence Stone og Richard Wall. Referansar til norske granskingar finn du i kapittel 1 i denne hovudoppgåva.

Dinest hadde eg gjerne sett at kapittel 4 "Hushald - storlek og samansetning" både var stramma inn og betre disponert eller kanskje erstatta med eit kapittel som sette hushaldsstorlek og -samansetning i eit syklusperspektiv. Slik dette kapittelet er no virkar det noko rotete og forvirrande, og årsakene lett å finne: Dette er det første kapittelet eg skreiv, det var eigentleg kring 15 sider lengre og del av ei meir omfangsrik problemstilling. Ikkje ta det så tungt om du ikkje alltid skynar kva eg meiner - no i ettertid er det ikkje alltid eg gjer det sjølv heller!

I all hovudsak er denne andreutgåva lik den innleverte med visse unntak: Nokre notar er endra. Referansane **frå** teksten **til** tillegga er forbetra slik at det er lettare å finne fram. Mange av tabellane er omformaterte og tabellar og figurar er flytta slik at dei er betre plassert i forhold til teksten. Skrivefeil er korrigert, og nokre tvetydige setningar er endra. Side- og margoppsett skapte ein del problem for meg ved utskrift og derfor er dette endra i denne utgåva. I sum har dette ført til ei viss forskuving av teksten i forhold til den innleverte oppgåva.

Denne utgåva vil også bli publisert elektronisk under World Wide Web. Adressa til denne oppgåva er: <http://folk.uib.no/hhiso/hovud.html>

Arne Solli

Bergen 20. November 1995

Føreord til 3. utgåve

Denne tredje utgåva er primært laga for å lage ein PDF-versjon av hovudoppgåva, sidan dette ikkje blei gjort i 1995. Konverteringa frå eldre til siste versjon MS-Word og MS-Excel har ført til mindre forskuvningar innan kvart kapittel. Dessutan er det gjort mindre korrigeringar og vedleggsdelen er ompaginert.

Arne Solli
arne.solli@ahkr.uib.no

Bergen 18. Januar 2013

Forkortningar

AHKR = Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, UiB.

Hist. inst. UiB = Historisk institutt. Universitetet i Bergen.

NOS = Norges Offisielle Statistikk

NSD = Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste, Bergen

RA = Riksarkivet, Oslo

SAB = Statsarkivet i Bergen

SAT = Statsarkivet i Trondheim

SMAM = Singulær Mean Age of Marriage

UiB = Universitetet i Bergen

Innhald

FØREORD	II
FØREORD TIL 2. UTGÅVE	III
FØREORD TIL 3. UTGÅVE	IV
FORKORTINGAR.....	V
1. INNLEIING	1
1.1 HUSHALDSGRANSKINGAR, TIDLEGARE SYNSMÅTAR	2
1.2 PROBLEMSTILLING.....	8
1.3 AVGRENSING I TID OG ROM - ANALYSENIVÅ	8
1.4 OPPBYGGING AV OPPGÅVA.....	9
2. TEORI, KJELDER OG METODE	11
2.1 HUSHALDS- OG GIFTARMÅLSMØNSTER.	11
2.2 DEN KODA VERSJONEN AV FOLKETELJINGA I 1801	12
2.2.1 Amt, prestegjeld og kommunar	12
2.2.2 Yrkesnemningar - bonde og husmann	13
2.2.3 Alder og aldersgrupper	14
2.2.4 Ekteskapleg status og utrekninga av giftarmålsalder.....	14
2.2.5 Hushald og hushaldsinndelinga	15
2.2.6 Gjennomsnittleg hushaldstorleik - MHS.....	17
2.2.7 Hushaldsstilling	18
2.3 KONTROLL AV MASKINELL BEARBEIDING.	19
2.3.1 Kontroll av hushaldssamansetjing.	19
2.3.2 Kontroll av hushaldstypologisering.....	20
2.4 METODISKE FØRESETNADER.	23
2.4.1 Aldersperspektivet	23
2.4.2 Analysenivå og presentasjonsmåtar.....	24
2.5 OPPSUMMERING.....	25
3. TO VESTLANDSREGIONAR	27
3.1 GEOGRAFISK KONTEKST	27
3.2 DEMOGRAFISK KONTEKST	28
3.3 ØKONOMISK KONTEKST.....	29
3.3.1 Fiske	29
3.3.2 Jordbruksproduksjonen.....	33
3.4 SOSIAL KONTEKST	35
3.5 OPPSUMMERING.....	36
4. HUSHALD - STORLEIK OG SAMANSETJING	37
4.1 BONDEHUSHALDET I ULIKE LANDSDELAR.....	37
4.1.1 Frå landsnivå til utvalsområda.....	43
4.2 KYST OG FJORD - HUSHALDA I UTVALSMRÅDA.....	44
4.2.1 Hushaldstorleik - alle hushald	44
4.2.2 Hushaldssamansetjing - alle hushald	46
4.3 HUSHALD OG NÆRING.	48
4.3.1 Hushald og fiske	48
4.3.2 Hushald og jordbruk	49
4.4 HUSHALD OG SOSIALE GRUPPER	50
4.4.1 Hushaldstorleik	50
4.4.2 Hushaldssamansetjing	51

4.5	KONKLUSJON	53
5.	HUSHALD OG LIVSSYKLUS	55
5.1	GIFTARMÅLSALDER OG ETABLERINGSALDER.....	57
5.1.1	To sider av same sak?.....	57
5.1.2	Etablering og levebrødstilgang	58
5.1.3	Fisk eller kyst?	61
5.1.4	Kyst og innland på Austlandet	62
5.1.5	Hovudtrekk	62
5.2	KYST OG FJORD. UNGE MENN - ULIK KARRIERE	63
5.2.1	Homogene utvalsområde?.....	63
5.2.2	Populasjon, utval og aldersintervall	65
5.2.3	Kystkaren	66
5.2.4	Fjordaguten	67
5.3	KYST OG FJORD - LIVSSYKLUS	68
5.3.1	Livssyklusfasar og timing av livssyklussteg	69
5.3.2	Livsfasar i kystområdet	69
5.3.3	Livsfasar - mennene langs fjorden	71
5.3.4	Skilnader mellom kyst og fjord.....	72
5.3.5	Under strukturane: Anders på Klubben	73
5.4	GIFTARMÅLSALDER OG FOLKEVEKST	75
5.5	KONKLUSJON	76
6.	HUSHALD OG FAMILIESYKLUS	79
6.1	HUSHALDSSTRUKTUR	80
6.1.1	Det enkle hushaldet.....	81
6.1.2	Fleirfamiliehushaldet - myte eller realitet?	83
6.1.3	Frå landsnivå til utvalsområda	85
6.2	KYST OG FJORD - HUSHALDSSTRUKTUR	86
6.2.1	Hushaldsstruktur - alle hushald.....	86
6.2.2	Hushaldsstruktur - bonde og husmann.....	88
6.3	FAMILIESYKLUS OG ETABLERINGSMÅTE	90
6.3.1	Peter Laslett: «The neo-local rule»	90
6.3.2	Lutz Berkner: Stammesyklus	91
6.4	TO FAMILIESYKLUSSYSTEM PÅ VESTLANDET?.....	93
6.4.1	Hushaldsfasar i kystområdet	94
6.4.2	Hushaldsfasar i fjordområdet.....	95
6.4.3	Longitudinell sjekk	98
6.5	ODEL, ÅSETE OG BYGSEL	101
6.5.1	Odelsmann, leiglending og husmann	102
6.5.2	Sjølveigarar og leiglendingar	103
6.6	ULIKE VILKÅRSSYSTEM - ULIK BRUKSORGANISASJON	105
6.7	KONKLUSJON	108
7.	HUSHALD OG SAMFUNN.....	111
7.1	KVA HAR VI FUNNE?	111
7.1.1	Kysten - fisken, leia og byen.....	111
7.1.2	Fjorden og jorda.....	112
7.1.3	Kontrasten.....	114
7.1.4	Landdistrikta i Noreg kring 1800.....	114
7.2	OVERFØRINGSVERDI OG -MULIGHEITER	115
8.	KONKLUSJON.....	121

Tabellar

Tabell 2-1 Eksempel på utrekning av singulær gjennomsnittleg giftarmålsalder og etableringsalder.....	15
Tabell 2-2 Hushaldsstilling i den koda versjonen av 1801 teljinga, og interne typologiseringssnemningar	18
Tabell 2-3 Hushaldssamsetjing klassifisert på grunnlag av folketeljinga i 1801 - manuell og maskinell. Ullensaker, Rendalen og Etne prestegjeld 1801	19
Tabell 2-4 Hushaldstypologisering på grunnlag av folketeljinga 1801- manuell etter originalkjelda og maskinell etter den koda versjonen. Ullensaker, Rendalen, Etne og Haram prestegjeld.....	21
Tabell 3-1 Folketalet i utvalsområda i 1801 fordelt på kjønn og prestegjeld. Kjønnsproporsjon.	28
Tabell 3-2 Talet på hovudpersonar fordelt i yrkesgrupper og prestegjeld etter folketeljinga i 1801. Kystområdet og fjordområdet.....	30
Tabell 3-3 Åkerproduksjonen i kyst og fjordområdet. Avling av korn og poteter i tunner pr. individ og agrareining (skyldsette bruk og husmannsplassar med jord) 1835.	33
Tabell 3-4 Husdyrhald i kyst- og fjordområdet. Talet på husdyr etter teljinga i 1835 og 1855 i snitt pr. individ og agrareining.	34
Tabell 4-1 Hushaldsstorleik hos bønder. Fordelt på fylke, sortert stigande etter MHS. Bondegjeld heile landet 1801.....	39
Tabell 4-2 Hushaldsstorleik fordelt på yrkeskategoriar i Finnås og Sund 1801.	48
Tabell 5-1 Etablerings- og giftarmålsalder fordelt etter fylke. Gjennomsnitt for prestegjelda i fylka, sortert stigande etter etableringsalder (menn). Heile landet 1801, kjøp- og ladestader skild ut.	57
Tabell 5-2 Folketalsutviklinga i kystområdet og fjordområdet 1769-1835.....	75
Tabell 6-1 Hushald fordelt etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem (hovudgrupper). Alle private hushald i landdistrikta i folketeljinga 1801.	80
Tabell 6-2 Hushaldstypar etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem. Typane er prosentfordelt innafor prestegjeld og totalt for utvalsområda. Kyst- og fjordområdet 1801.....	86
Tabell 6-3 Hushaldstypar fordelt i hovudgrupper for kyst- og fjordområdet. 1801.....	87
Tabell 6-4 Hushaldsstuktur. Hushald fordelt prosentvis etter hushaldstypar (Laslett) - hovudgrupper. Delt etter område og sosialgruppene bonde og husmann. Folketeljinga 1801.....	89
Tabell 6-5 Faseutvikling - familie og hushald i førindustriell tid	91
Tabell 6-6 Stikkprøve kystområdet. Hushalda på gardane Landa og Skumsnes i Fitjar sokn (Stord Prestegjeld) i perioden 1791-1811.....	97
Tabell 6-7 Stikkprøve fjordområdet. Hushald på gardane Ringstad og Myklebust i Stranda Prestegjeld i perioden 1762-1825	100
Tabell 6-8 Husmenn fordelt i aldersgrupper og område. Kyst- og fjordområdet 1801.....	106
Tabell 7-1 Samvariasjon mellom nokre sentrale variablar, bondegjeldet. Landdistrikt 1801.117	
Tabell 7-2 Samvariasjon mellom hushaldsstorleik, etableringsalder og prosentdel enkle hushald. Landdistrikt 1801.	118

Figurar

Figur 1-1 Oversynskart. Prestegjeld 1801.....	3
Figur 3-1 Kart over utvalsområda.....	27
Figur 4-1 Hushaldsstorleik.....	37
Figur 4-2 Hushaldsstorleik (MHS) hos bønder fordelt på prestegjeld. Landdistrikt 1801.	41
Figur 4-3 Storleksfordeling av hushalda i kystområdet. Alle hushald i prestegjelda Finnås, Stord, Sund og Manger i 1801.	44
Figur 4-4 Storleksfordeling av hushalda i fjordområdet. Alle hushald i prestegjeld Gloppen, Innvik, Eid, Norddal og Stranda i 1801.	45
Figur 4-5 Hushaldssamansetjing i fjordområdet og kystområdet. Alle hushald 1801. Hushaldsstorleik i parantes.	47
Figur 4-6 Talet på hushald fordelt etter talet på hushaldsmedlemmar. Bondehushald og husmannshushald i kyst- og fjordområdet 1801.	49
Figur 4-7 Hushaldssamansetjing fordelt på sosioøkonomiske grupper. Fjordområdet og kystområdet 1801.....	52
Figur 5-1 Giftarmålsalder.....	55
Figur 5-2 Etableringsalder for menn fordelt på prestegjeld. Landdistrikt 1801.	60
Figur 5-3 Hovudpersonsrate og giftarmålsrate for kyst og fjordområdet. Menn 1801.....	66
Figur 5-4 Livsfasari kystområdet. Menn prosentfordelt etter hushaldskategori (relasjon til hovudperson) og alder. Finnås, Stord, Sund og Manger prestegjeld 1801.	70
Figur 5-5 Livsfasari i fjordområdet. Menn prosentfordelt etter hushaldskategori (relasjon til hovudperson) og alder. Gloppen, Innvik, Eid, Norddal og Stranda Prestegjeld 1801.....	71
Figur 6-1 Hushaldsstruktur	79
Figur 6-2 Bondehushald klassifisert etter Peter Laslett sin typologi. Hovudgrupper. Landdistrikt 1801	81
Figur 6-3 Prosentdel enkle hushald av alle bondehushald. Prestegjeld i landdistrikta 1801....	82
Figur 6-4 Prosentdel fleirfamiliehushald av alle bondehushald. Prestegjeld i landdistrikta 1801.....	84
Figur 6-5 Bondehushald fordelt etter hushaldstype (Laslett) og alderen åt hovudpersonen. Kystområdet: Finnås, Stord, Sund og Manger Prestegjeld . Folketeljinga 1801....	94
Figur 6-6 Bondehushald fordelt etter hushaldstype (Laslett) og alderen åt hovudpersonen. Fjordområdet: Gloppen, Innvik, Eid, Norddal, og Stranda Prestegjeld 1801.....	95
Figur 6-7 Talet på sjølveigarar og leiglendingar i tal og prosent etter folketeljinga i 1825 fordelt på prestegjelda i kyst- og fjordområdet og totalen for områda.	104

1. Innleiing

På grunnlag av fleire *lokale* granskningar er hushaldet i Noreg på 1800-talet relativt godt klarlagt. Særleg gjeld dette eigenskapar som hushaldsstorleik og -samansetjing. Forfattarane av vitskaplege avhandlingar, hovudoppgåver og bygdebøker har særleg merka seg den sosioøkonomiske variasjonen i hushaldsorganisasjonen: På den eine sida det store og mangfoldige bondehushaldet og på den andre det vesle husmannshushaldet. Medan husmannshushaldet talde 3-5 personar, kunne det vere 6-8 personar i bondehushaldet - hos storbøndene endå fleire. Skilnaden i storleik hindra likevel ikkje at kjernen i dessa hushalda oftast var den same; dei fleste var bygde kring ei kjernefamilie (mor-far-barn). Men i bondehushaldet var det fleire barn, og dinest hadde bonden gjerne ein tenar eller to, ofte rekruttert frå husmannsheimane. Utanom dette kunne det vere plass til losjerande, barn til oppfostring eller fattiglemmar i nokre av bondehushalda. Hos andre av bøndene var det også nære slektningar av kjernefamilien, dels ugifte sysken, men særleg foreldre av husbondsfolket. Denne skilnaden i samansetjing av slektsgruppa gjer at ein kan tale om to typar av hushald - enkle (ei kjernefamilie) og komplekse (to familier). Men granskingane har synt at langt færre enn ein har trudd var av den komplekse typen, og etterkvart rakna ideen om fleirgenerasjons- eller bestefarsfamilien som den mest vanlege familieforma i det "gamle" samfunnet.¹

Men samstundes er det også påvist klare *regionale* skilnader i hushaldsorganisasjon på landsbygda i Noreg kring 1800. Særleg gjeld dette bondehushaldet, t.d. finst det bondehushald i kyststrok på Vestlandet som er klart mindre enn det ein finn i innlandet. Faktisk samsvarar hushaldsstorleiken til kystbøndene med husmannshushald i indre austlandsstrok - begge talde 4-6 personar i 1801.² Dei små bondehushalda minner om husmannshushaldet, men dei små bondehushalda har gjerne ein tenar i tillegg - altså ei kjernefamilie og ein tenar. Desse regionale skilnadene i hushaldsorganisasjon har fått mindre merksemd. Dei regionale skilnadene i bondehushaldet kring 1800 er derfor eit utgangspunkt for denne oppgåva.

Men familie og hushald er langt frå statiske einingar, så derfor vil denne oppgåva særleg sjå på det dynamiske aspektet ved hushald og familie. Den ekteskaplege eininga (mor-far-born) i hushaldet vil endre seg over tid ved giftarmål, fødsel, død og utflytting. Hushaldet vil derfor endre seg langs livsløpet til medlemmane av kjernefamilien, men også ved at andre hushaldsmedlemmar kjem til eller reiser bort; skyldfolk, tenarar, losjerande og andre. Familiecyklus og livssyklus blir derfor sentrale tema, men knytt hovudsakleg til hovudpersonen i hus-

¹ Dyrvik 1983, s. 184, 195-197.

² Bondehushalda på Herøy på Sunnmøre og husmannshushalda i Hallingdal tel kring 5 personar, medan bondehushaldet i Hallingdal hadde kring 7 medlemmar. Drake 1969, s. 212.

haldet. Problemområdet for denne oppgåva er såleis om regional variasjon i hushaldsstorleik, -samansetjing og -struktur avspeglar ulik livssyklus og familiesyklus. Avgjerande livssyklus-hendingar er m.a giftarmålet og hushaldsetableringa, og "timing" eller synkronisering av desse to sentrale livshendingane vil bli utdjupa. Og kva finn vi bak desse fenomena? Den regionale variasjonen i bondehushaldet har vore sett i samband med forskjellig ressursgrunnlag - fiskarbondeøkonomi kontra meir einsidig jordbruksøkonomi (t.d. fedrift).³ Det er blitt hevda som ei viktig årsak til dette at det er enklare å etablere nye hushald i eit fiskeridistrikt - levebrødstilgangen er betre, og nyetablering gjev fleire, mindre og enklare hushald. Sameleis har voksteren i etablering av nye og enklare husmannshushald kring 1800 også vore sett i samanheng med ressurstilgangen *utafor* jordbruket - skogen, bergverka, fisken og skipsfarten. Tanken er då at der desse "sekundærnæringane" er fråverande er overtaking av farsbruket einaste måten å etablere hushald på, medan nyetablering vil vere mogeleg i fiskeridistrikt. Derfor er det viktig å avdekke karakteristiske trekk ved hushaldet til dei unge nyetablerte para og dei eldre eventuelt avtroppende para.

Eg vil prøve om den regionale variasjonen let seg forklare med ein modell der desse trekka ved hushaldsorganisasjon er samanveve med ressurstype og levebrødstilgang. Søkjelyset vil her bli sett på ein ressurs ved sida av jorda; fisk - ved å samanlikne hushaldsorganisasjonen i eit område der mulighetene for fiske ved sida av jordbruket er gode mot eit område der jorda er den sentrale ressursen. Forklaringsmodellen, kjeldegrunnlaget og avgrensingar i rom og tid vil eg kome attende til nedanfor.

1.1 Hushaldsgranskinger, tidlegare synsmåtar


Mange av dei norske hushaldsgranskingane fram til kring 1980 er ikkje regionalt komparative, men komparative langs tidsaksen. Dessutan er dei ofte berre ein mindre del av ei demografisk studie.⁴ Studieområdet er ofte eit prestegjeld i tidsperioden 1660-1900, med vekt på perioden før 1865. To granskinger merkjer seg ut: Sølvi Sogner si hushaldsgransking for Rendalen i Østerdalen og Lisbeth Higley si gransking i Ullensaker i Akershus (jfr. kart figur 1-1).⁵

³ Drake 1969 s. 212, Døssland 1981, s. 39-42, Dyrvik 1993, s. 342-344.

⁴ Erikstad 1979, s. 1-3. Erikstad nemner ei rekje hovudoppgåver der hushaldsorganisasjon er eit delmne i demografiske granskinger. Etter 1980 er også hushaldsorganisasjon drøfta som del av demografiske analyser t.d. Kåstad 1981 (Hamre i Hordaland), Vollen 1988 (Bygland i Aust-Agder) og Tysdal 1990 (Sandnes og Høyland i Rogaland)

⁵ Sogner 1979, Higley 1976.

Figur 1-1 Oversynskart. Prestegjeld 1801.



Sidan fokus i både Sogner og Higley si granskning er retta mot ein region (eit prestegjeld) gjer at hovudsynspunkta er knytt til endringane over tid og dei intraregionale skilnadene. Det viktigaste utviklingstrekket er ein viss nedgang i hushaldsstorleik, grunna både færre heimeverande eldre born (over 15 år) og færre mannlege tenarar. Dessutan aukar talet på einperson hushald, og fleirfamiliehushaldet (komplekse hushald) avtek i forhold til kjernefamiliehushaldet. Desse utviklingstrekka er tolka som ein del av moderniseringa - ei viss løysing av bandet mellom det konkrete levebrødet (bruket/plassen) og hushaldet. Dei viktigaste intraregionale skilnadene har eg allereie skissert - forskjellen mellom bondehushaldet ("oppsitjar", "gardbrukar") og husmannshushaldet ("husmenn" og "andre" i forhold til gardbrukarar). Mellom gardsbruken finn ein positiv samvariasjon mellom skylda/verdien på bruket og hushaldsstorleiken. Arbeidskraftbehovet er den avgjerande faktoren. Denne erkjenninga har munna ut i formuleringa: «Di større produksjonseining, di større arbeidskraftbehov, og di større husstandar».⁶

Men det er også utført granskingsarbeid som har vore regionalt komparative. I «Population and Society in Norway 1735-1865»⁷ analyserer Michael Drake mellom anna variasjon i giftarmål og hushald. Samanlikninga av giftarmålsalder og barnetal i dei ulike landsdelane syner at giftarmålsalderen er ikkje lågare og fertiliteten er ikkje høgare i kystdistrikta enn i innlandet. Dette er motsett til samtidig oppfatning (Malthus). Fertiliteten og nuptialiteten er derimot høgast i fedrift-, korn- og skogbruksområda på Austlandet og lågast på Vestlandet og i Trøndelag.⁸ Dernest avdekkjer Drake regional og sosial variasjon i hushaldsstorleik og -samansetjing. I bondehushalda er det fleire barn, tenarar, innerstar og slektningar enn i husmannshushalda, men det er stor regional variasjon. Bondehushaldet i fiskeriområdet Herøy på Sunnmøre er berre marginalt større enn husmannshushaldet i fedriftsområdet Hallingdal.⁹ Bak høgare barnetal i bondehushaldet ligg ein sosial skilnad - husmannskonene er eldre ved giftarmål enn bondekonene. Og medan bondebrudgomane er eldre enn brura, er husmannsbrudgomen yngre enn brura uavhengig av sosial status. Drake meiner at dei underliggjande årsakene kan vere å finne i talforholdet mellom husmanns- og bondehushald og ulik livssyklusmønster mellom desse to gruppene.¹⁰

Lisbeth Higley analyserer hushaldsstruktur med materiale frå Ullensaker (1801-1865).¹¹ Ho samanliknar Ullensaker på Romerike med Rendalen i Østerdalen. Higley finn at

⁶ Dyrvik 1979, s. 192.

⁷ Drake 1969.

⁸ Drake 1969, s. 93-95.

⁹ Drake 1969, s. 130-132.

¹⁰ Drake 1969, s. 147-148.

¹¹ Higley 1976.

"storfamilien" (fleirfamiliehushald) er vanlegare i Rendalen enn i Ullensaker. Higley meiner dette er fordi Rendalen er meir avsides enn Ullensaker. Dette synspunktet finn vi også att hos Sogner: «Det opprinnelige preg bevares bedre i mer avsidesliggende bygder». ¹²

Marianne Erikstad nyttar folketeljinga i 1801 for å analysere hushaldsstørleik og -samansetjing i Nord-Noreg.¹³ Ho leitar etter faktorar som kan forklare variasjon i hushaldsstørleik og -samansetjing, m.a. hovudpersonane sin alder, yrke og sosial status. Ingen av desse faktorane syner klar samvariasjon med ulike eigenskapar ved hushalda, men eit forhold vert avdekt: «en mulig tendens til at prestegjeld med høye husstandsgjennomsnitt hadde hatt liten befolkningstilvekst, mens derimot prestegjeld med lave husstandsgjennomsnitt hadde hatt en kraftig befolkningstilvekst». ¹⁴ Ho tolkar dette slik at i prestegjeld med mangel på levebrød blir hushalda store og der tilgangen på levebrød er betre vert dei mindre.

Atle Døssland tek fatt i utsegna om storleiken på hushaldet og storleiken på produksjonseininga¹⁵ og samanliknar hushalda i sunnmørsprestegjelda Ulstein og Hjørundfjord på 1700-talet.¹⁶ Døssland har vanskar med å finne ein samanheng mellom storleik på driftseiningar og hushald. Hushaldsstørleiken er forbunde med driftsforma og produksjonsforhold (vektlegging av husdyrhald og seterdrift) og type økonomisk verksemد (tilgang på sidenæringer), og ikkje berre storleiken på produksjonseininga om den no er målt i krøtertal eller landskyld. Uvanleg godt fiske midt på 1700-talet gav ein ny og auka næringstilgang, og i Ulstein gav dette «grunnlag for å etablere fleire og i gjennomsnitt mindre husstandar og dermed for sterkare folkeauge». ¹⁷ Dette skil kystbygda Ulstein frå fjordbygda Hjørundfjord der bøndene la stor vekt på husdyrhaldet. Døssland ser på utviklinga i Ulstein midt på 1700-talet som parallel til utviklinga i Rendalen sist på 1700-talet; der kommersialiseringa av skogbruket skyt fart i både hushaldsetablering og folketal.

I artikkelen «Det store oppbrotet» samanliknar Jan Oldervoll utflyttinga frå barneheimen i dei fem landsdelane Austlandet, Sørlandet, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Kjelda er folketeljinga i 1801. Fram mot kring tjueårs alder vert omlag alle barn som forlet heimen tenestefolk, men takta er ulik: På Vestlandet og i Trøndelag må borna tidleg i teneste - kring 10% av 10-åringane er tenrarar. Også avgangen frå teneste er ulik: På Austlandet, Sørlandet og i Trøndelag blir tenestetida raskt avslutta i slutten av 20-årsalderen. På Sørlandet er berre 5% tenrarar når dei er 30 år, mot 20% på Vestlandet.¹⁸ Indirekte peikar dette mot ulike

¹² Sogner 1978, s. 708, Higley 1976, s. 154.

¹³ Erikstad 1979

¹⁴ Erikstad 1979, s. 112.

¹⁵ "Di større produksjonseining, di større arbeidskraftsbehov, di større husstandar.", Dyrvik 1979, s. 192.

¹⁶ Døssland 1981.

¹⁷ Døssland 1981, s. 43-44.

¹⁸ Oldervoll 1980, s. 100-104.

giftarmålsmønster. Oldervoll peikar også på arbeidskraftbehovet for å forklare kva for hushald ungdomane flytta til. Særleg på Vestlandet har tenarinstitusjonen preg av ein oppbevaringsplass for vaksne som ikkje var gifte. Men tenarinstitusjonen har også andre sider: På den eine sida var tenarar var eit statussymbol for storbønder og embetsfolk. På den andre sida var teneste også opplæring, eit møte med potensielle ekteskapspartnarar og høve til å leggje seg opp kapital for seinare sjølv å etablere hushald.¹⁹

Sølvi Sogner sitt hovudarbeid er knytt til Rendalen i Østerdalen og hushaldsdelen av granskinga til perioden 1762-1801,²⁰ og dei viktigaste synspunkta kan samanfattast slik: Hovudtrekket ved hushaldsorganisasjonen på slutten av 1700-talet er ei todeling etter sosio-økonomiske skiljelinjer. Det økonomiske grunnlaget, om hushaldet er basert på jordbruk eller i større grad ei sidenærering (t.d. skogbruk) er dei avgjerande faktorane for hushaldet sin storleik og struktur. Dette deler hushalda i to hovudtypar - i) enkle eller sentrifugale hushald og ii) komplekse eller sentripetale hushald. Det sentripetale - bondehushaldet - trekkjer til seg arbeidskraft og det sentrifugale - husmannshushaldet - fungerer som leverandør av arbeidskraft. Hushaldsstørleiken er ein funksjon av arbeidskraftbehovet. Hushaldstypen er dermed definert av type levebrød, av kor sentralt jordbruket (gardsbruket) er for det økonomiske grunnlaget til hushaldet. Talet på enkle kontra komplekse hushald er såleis avhengig av talet på levebrød utanom jordbruket, og fylgjer dermed framveksten av husmannsvesenet. På delar av Austlandet er kommersialiseringa av skogbruket på 1700-talet den viktigaste faktoren som aukar talet på levebrød. Saman med lovendringar (m.o.t legalisering av bruksdeling) og normendringar gjev denne utviklinga rom for ein ekspsjon av hushald der tilknytinga til jord er mindre viktig enn før. Auken i talet levebrød utafor jordbruket, framveksten av husmannsvesenet og den enkle familietypen er såleis bunde tett saman. Denne modellen kallar Sogner det sosioøkonomiske hushaldsmønsteret.²¹

I artikkelen «Farmers at Sea: A study of Fishermen in North Norway, 1801-1920»²² set Ståle Dyrvik innleiingsvis opp ein modell med utgangspunkt i Thomas Malthus sin påstand om at i hushalda på norskekysten aula det med ungar og generaliseringa om at folketalet aukar utan hinder der ressursane (fisk) er rike. Modellen skisserer skilnaden mellom to hushaldsorganisasjonar der ressursgrunnlaget er den avgjerande faktoren. I eit område med fiske som hovudnæringer ville det vere lett å etablere nye hushald, giftarmålsalderen ville være låg, hushalda små og det vil vere klar dominans av enkle hushald. I slike områda er dei malthusianske sjølvtøyningane svakare - det gjev lågare giftarmålsalder og fleire barn. Konsekvensen

¹⁹ Oldervoll 1980, s. 106.

²⁰ Sogner 1979.

²¹ Sogner 1978, s. 708, Sogner 1983, s. 585, Sogner 1990 s. 36-39.

²² Dyrvik 1993, s. 341-356.

av dette er folkeauge. I motsetnad til dette vil ein i eit område med jordbruk som hovudnæring finne at etablering av hushald normalt berre var mogeleg gjennom overtaking av foreldra sitt bruk. Overtakinga kan skje både ved at den eldste generasjonen døyr eller at dei tek seg kår. Dette gjer at giftarmålsalderen vert høg, store og komplekse hushald er vanleg, og derfor er utvida og fleirfamiliehushald vanlegare enn i fiskeriområde.²³ Delvis summerer modellen funn og synspunkt i Drake, Døssland og Erikstad sine granskningar.²⁴

I forhold til Nord-Noreg meiner Dyrvik at denne enkle modellen er røyndomsfjern på to måtar: Det kommersielle fisket etter torsk føregjekk berre i ein kort periode midtvinters og dei fleste fiskarane var også jordbrukskarar - ei rein fiskarbefolkning fanst ikkje på Malthus si tid.²⁵ Men modellen er interessant og Dyrvik testar ut modellen på grunnlag på folketeljingsmateriale frå tre prestegjeld kring Vestfjorden i perioden 1801-1920. Nokre trekk ved denne modellen er råd å finne alt før 1870, men yrkesfiskarar og reine fiskarhushald utvikla seg først etter at fisket vart motorisert på slutten av 1800-talet. Før 1870 var fiskaren både fiskar og bonde, og om fisket slo feil hadde ein jorda å falle attende på, deltakinga var dominert av yngre menn og båtlaga var organiserte på tvers av hushalda. I dei få reine fiskarhushalda som finst er barna få og tidspunktet for giftarmålet er seint. Modellen stod ikkje mot den empiriske konfrontasjonen, og i ein annan artikkel konkluderer Dyrvik med at det er talet på jordbrukseingar på land som set rammene for hushaldet, også i fiskeridistrikt - ikkje dei uuttømmelige fiskeressursane i havet.²⁶

Både Dyrvik sin modell ("ressursmodellen") og det sosioøkonomiske hushaldsmønsteret (Sogner) er på mange måtar to sider av same sak. Skilnadene i hushaldsorganisasjonen er forklart av tilgangen på levebrød utafor eller i kombinasjon med jordbruk; i næringar som fiske, skogbruk, skipsfart, bergverk og transport.²⁷ Ein slik tilgang vil dels skape nye hushald av den enklare og mindre typen, dels slanke eksisterande hushald (bondehushaldet) og motsett vil manglande tilgang på levebrød ha ein akkumulativ tendens på hushalda. Samtidig med at desse modellane eller mønstra er skissert har det blitt peika på at det empiriske grunnlaget er spinkelt, og dels tvitydig.²⁸ Problematiske er m.a. bindingane til underliggjande sosiale og økonomiske prosessar - framvekst av husmannsvesenet, endring i eigedomsforhold, kommersialiseringa av "sekundærnæringane", befolkningspress og ressurstilgang.

²³ Dyrvik 1993, s. 342-344

²⁴ Drake 1969, Døssland 1981, Erikstad 1979, Sogner 1990, s. 43.

²⁵ Thomas R. Malthus vitja Norge i 1799.

²⁶ Dyrvik 1989, s. 97.

²⁷ Sogner 1990, s. 22-24, 32, 34

²⁸ Dyrvik, 1993, s. 355. Sogner 1978, s. 708.

Trass i at grunnlaget for ressursmodellen synest svakt etter Dyrvik si gransking ynskjer eg likevel å bruke han i denne oppgåva. Denne forklaringsmodellen vil bli nytta mot to område på Vestlandet: Eit fiskeriområde sør og vest for Bergen, kanskje var det kommersielle fisket der mindre sesongbetont enn i Nord-Noreg. Det andre området er indre delar av Nordfjord og Sunnmøre. Dette området hadde ei viss tilknyting til fisket på kysten, men området var på 17-1800-talet utan eksportretta sidenæringer i skogbruk og bergverk.²⁹

1.2 Problemstilling

Det overordna spørsmålet er om det enkle hushaldet er eit resultat av ein framvekst av eit meir fleirsidig levebrødsgrunnlag og ein ekspanderande levebrødsmarknad ved sida av jordbruksmarknad, medan det tradisjonelle bondehushaldet ("storfamilien") er eit resultat av ein statisk og einsidig levebrødsmarknad. Dette overordna spørsmålet vil eg prøve å svare på ved å samanlikne eit fiskeridistrikt, dvs. eit område med ein fleirsidig og potensielt ekspanderande levebrødsmarknad med eit meir einsidig jordbruksområde, dvs. eit område med fedrift/åkerbruk som "hjørnesten" i levebrødsmarknaden. Viktige spørsmål som skal drøftast vert: Kvar finn vi små, enkle hushald og kvar store hushald? Er det skilnad på hushaldsstørleik og -samansetjinga i dei to områda? Finn vi ulike livssyklusmønster i fiskeridistrikt og i jordbruksdistrikt? Kan variasjon i hushaldsstørleik og -samansetjing vere relatert til ulike livssyklusmønster - tida som tenar, alder for giftarmål, tida som hushaldsoverhovud? Kan regional variasjon i hushaldsstruktur (enkle kontra komplekse hushald) vere samanbunde med to ulike familiesyklusar? Finst det to ulike strategiar for hushaldsetablering i fiskeridistrikt og i jordbruksdistrikt, t.d. at nyetablering er vanlegast i fiskeridistrikt, medan overtaking av foreldra sitt bruk hyppigast i jordbruksdistrikt?

1.3 Avgrensing i tid og rom - analysenivå

For å prøve å svare på desse spørsmåla vil eg gjere ei komparativ analyse på to nivå. På grunnlag av folketeljinga i 1801 vil eg prøve å kartlegge nokre få sentrale eigenskapar ved bonde- og husmannshushaldet. Desse eigenskapane er hushaldsstørleik og hushaldsstruktur (hushaldstypar). Sameleis vil eg på same nivå prøve å kartleggje variasjon i giftarmålsalder og tidspunktet for hushaldsetablering. På dette analysenivået vil data frå heile landet ligge til grunn - fordelt på amt og prestegjeld. Formålet er å få avdekt nokre grove trekk ved den regionale variasjonen i Noreg kring 1800, for å kunne gi ei ramme kring ei meir detaljert gransking av problemstillingane. Ved å samanlikne to ulike regionar som er små nok til at den geografiske, topografiske, økonomiske og sosiale variasjonen ikkje vert for rik, og store nok til at populasjonen av individ og hushald kan brytast ned langs sosiale, økonomiske og

²⁹ Strøm II 1766, s.204, 242 og Djupedal 1953, *Meldingar frå prestane i Nordfjord 1743*, s. 17-18, 28, 44-45.

aldersmessige skiljelinjer ynskjer eg å trenge djupare ned under dei grove trekka. Til dette formålet har eg valt to område på Vestlandet der eg ventar å finne eit fiskerisamfunn og eit meir typisk jordbruksomfunn. Fiskeriområdet er fire prestegjeld i kyststroka av noverande Hordaland fylke og jordbruksområdet (fedrift) er fem prestegjeld i dei indre stroka av Nordfjord og Sunnmøre.³⁰ Analyseeiningane, prestegjelda og hushalda i utvalsområda er **ikkje** eit representativ utval (t.d. ved sannsynsutvelgjing), men avgrensing av områda er ei skyndsmessig utvelgjing basert på ulike faktorar: Eg kjenner begge områda, dels er avgrensingar bestemt av kjeldesituasjonen utanom hovudkjelda og dels av omsyn til storleiken på populasjonen. I desse to utvalsområda vil eg detaljere analysen av hushaldet, giftarmål og hushaldsetablering og prøve å setje desse statiske storleikane i eit dynamisk perspektiv for å eksponere livssyklus og familiesyklus.

Hovudkjelda for å kaste lys over desse spørsmåla er folketeljinga i 1801, men anna kjeldemateriale vil også bli trekt inn: Lover og forordningar, økonomisk-topografiske skildringar, andre manntal, folketeljingar og jordbrukssteljingar i perioden 1762-1835. Den sentrale kjelda - folketeljinga 1801 - og bruken av denne vil eg kome attende til i neste kapittel.

1.4 Oppbygging av oppgåva

Framstillinga kunne har vore disponert etter analysenivåa og analyseeiningane, men eg har valt å la spørsmåla styre framstillinga. Ulempa med denne disposisjonen er at ein må hoppe mellom dei to analysenivåa - landet og utvalsområda - fleire gonger, og det kan derfor verte problematisk å sjå samanhengen i utvalsområda. Fordelen er likevel at ei problemstilling berre blir teken opp ein stad og der kan følgjast frå det øvste nivået ned på eit langt meir detaljert plan. Nærleiken mellom dei to nivåa gjer det langt enklare å unngå lokale forklaringar på allmenne trekk, som elles lett kan bli eit resultat av detaljstudiar.

Oppgåva er delt inn i åtte kapittel. I kapittel 2 vil eg kort gå gjennom sider ved det teoretiske og metodiske utgangspunktet for hushaldsgranskinger, og dinest ein gjennomgang av hovudkjelda med vekt på dei sentrale variablane. Kapittel 3 er ei skildring av dei to utvalsområda geografisk, demografisk og økonomisk. Kapittel 4 vil fokusere på hushaldsstørleik og samansetjing i forhold til ressursgrunnlaget. Hushaldsstørleik vil bli analysert på landsnivået, medan både storleik og samansetjing blir samanlikna i utvalsområda. I kapittel 5 vil først spørsmålet om ulik giftarmålsalder og forskjellig etableringstidspunkt bli teke opp på landsnivå, og deretter fylgd meir detaljert ned i utvalsområda. Giftarmål og etablering vil her bli sett i eit livssyklus-perspektiv. I kapittel 6 vil eg først prøve å avdekkje regional variasjon i

³⁰ Kystområdet: Finnås, Stord, Sund og Manger prestegjeld. Fjordområdet: Gloppe, Innvik, Eid, Stranda og Norddal prestegjeld. Populasjon er i overkant av 12000 individ i begge områda (1801).

hushaldsstruktur, dvs. ei typologisk inndeling av hushalda i typar som enkle, utvida og fleirfamiliehushald. Deretter vil eg gå til utvalsområda for å drøfte om ulik hushaldsstruktur også kan representera ulik familiesyklus. Spørsmålet om forma for hushaldsetablering; nyetablering eller neolokalisering kontra overtaking av foreldra sitt hushald eller patrilokalisering vert reist i kapittel 5 og fylgd vidare i kapittel 6. I kapittel 7 vil eg summere opp dei to analysenivåa og drøfta om det er mogeleg å overføre detaljkunnskapen om utvalsområda til større område. Kapittel 8 er konklusjonen.

2. Teori, kjelder og metode

I dette kapittelet skal fire forhold drøftast. i) Dei sentrale generaliseringane som hushaldsgranskinger i Vest-Europa har gjeve. ii) Kjeldegrunnlaget for denne type granskinger og dei viktigaste analysevariablene. iii) Vurdering av maskinell bearbeiding. iv) Trekke fram nokre innvendingar mot metodane og korleis kompensere for dette.

2.1 Hushalds- og giftarmålsmønster.

Grunnlaget for dei norske hushaldsgranskingerne er analysemетодар utarbeidd av Cambridge Group for the History of Population and Social Structure (Cambridgegruppa) med Peter Laslett i spissen. Eitt av resultata av denne gruppa sitt arbeid er teorien om det vesteuropeiske hushaldsmønsteret. Komponentane i denne teorien er I) Kjernefamiliehushaldet som den dominerande basisorganisasjonen også i førindustriell tid - «the nuclear family household constituted the ordinary, expected, normal framework of domestic existence»,³¹ II) Liten aldersskilnad mellom mann og kone, III) Høg giftarmålsalder gjer at aldersperioden når kvinna før barn vert kort, IV) Tenarinstitusjonen - «numbers of persons circulating from household to household as servants and so bringing about exogamy».³² Seinare har Richard Wall lagt til ein femte komponent i dette teorikomplekset: I det vesteuropeiske hushaldet er delen av hosbuande slekt ("resident kin") låg.³³ Laslett sitt hushaldsmønster byggjer på John Hajnal si tese om eit særeige europeisk, dvs. vesteuropeisk, giftarmålsmønster:³⁴ Høg alder ved første giftarmål og høg sølibatsgrad, relativt stor del av kvinnene vert aldri gift. Denne særeigne giftarmålsåtferda har Hajnal bunde saman med etablering av eige hushald. John Hajnal har definert tre karaktertrekk («three rules») for eit førindustrielt, nordvesteuropeisk system for hushaldsetablering;³⁵ a) Seint giftarmål for begge kjønn - gjennomsnitt giftarmålsalder for første ekteskap er over 26 for menn og over 23 for kvinner, b) Etter giftarmålet vert paret ansvarleg for sitt eige hushald der ektemannen er hovudperson for hushaldet, og c) Unge ugifte menneske sirkulerer mellom hushald som tenrar.

Sølvi Sogner meiner at det norske hushaldet passar til Peter Lasletts fire karakteristiske trekk berre delvis: Giftarmålsalderen - eller mora sin alder ved barnefødslane og relativt jamngamle foreldre passar godt med norske tilhøve. Det enkle hushaldet som den dominerande form passar også til ein viss grad - men t.d. i Rendalen har fleirfamiliehushald

³¹ Laslett 1972, s. xi (preface). Laslett 1977, s.13

³² Laslett 1972, s. xi (preface). Laslett 1977, s. 13

³³ Wall 1982, s. 46-63.

³⁴ Hajnal 1965, s. 101-140

³⁵ Hajnal 1982, s. 68-72.

(dels såkalla stammefamilier, jfr. definisjon av stammefamilie/stammesyklus i punkt 6.3.2) stor utbreiing mellom bondehushalda. Hushald med tenarar utan slektstilknyting er også eit trekk som ein finn at i Noreg, men «passer overhodet ikke for de enkle familiehushaldene». Dei enkle familiehushalda er ofte husmannshushald.³⁶

Cambridgegruppa la fram eit stort sett av metodar eller verkty for å studere hushaldet. Folketeljingar var hovudkjelda. Hovudkjelda for denne undersøkinga er folketeljinga i 1801 - den koda versjonen. I dei to neste hovudpunktene vil eg gå igjennom nokre av dei sentrale analysevariablene ved ei hushaldsgransking og vurdere kvaliteten av den maskinelle bearbeidinga av kjeldematerialet.

2.2 Den koda versjonen av folketeljinga i 1801

Sentrale analysevariabler i hushaldsgranskinger er folketeljingane sine opplysningar om hushaldsstilling, alder, yrke og ekteskapleg status. Desse dannar grunnlag for analyse av hushaldsstørleik, -samansetning og -struktur. Det spesielle ved denne hushaldsgranskinger er at bearbeidinga av kjelda er gjort maskinelt og at kategoriseringar og klassifikasjonar som vanlegvis vert gjort manuelt (av forskaren) er også gjort maskinelt.³⁷ Kontroll av den maskinelle bearbeidinga er derfor kritisk.

Den koda versjonen av folketeljinga 1801 skil seg frå kjeldeutgåva (avskrifta) ved at den er anonymisert (alle namn er fjerna) og datamengda er redusert av di nemningane for t.d. sivilstatus - over 5000 ulike - er erstatta med kategoriar som "Gift 1. gong". Denne reduksjonen i datamengda med minst mogeleg tap av informasjon, grupperingar og klassifikasjonar er ein føresetnad for direkte vitskapleg analyse. Men i dei fleste tilfelle er likevel vidare omkodingar, utdrag (datautval) og klassifikasjon naudsynt. Sidan den koda versjonen av teljinga også kan behandlast vidare maskinelt, har eg laga dataprogram som bearbeidar datamaterialet vidare - klassifikasjonar, omkoding, aggregering av data. Ein slik klassifikasjon kan t.d. vere å få eit dataprogram til skilje ut ulike typar av hushald. Dette krev at fleire informasjonsmengder må samlast om dei ulike medlemmene i hushaldet og at dataprogrammet må "forstå" kva slag konstellasjonar som gjev t.d. ei kjernefamilie.

2.2.1 Amt, prestegjeld og kommunar

I 1801 var landet delt inn i 16 amt og 2 grevskap. Det største amtet var inndelt i 26 prestegjeld. I den koda versjonen av teljinga er Trondhjem amt splitta i to, slik at delinga som skjedde i 1802 er gjennomført for "tidleg". Dessutan er grevskapa Jarlsberg og Larvik slegne saman til ei eining. Altså finst der 17 amtseiningar. Amtseiningane er delte i prestegjeld. I

³⁶ Sogner 1978, s. 709 note 13.

³⁷ Tillegg A-5 er ein figur som syner prosessen som førte fram til den koda versjonen av folketeljinga 1801, dvs. relasjonen mellom dei orginale teljingslistene og datautgåvane.

kvart amt finst mellom 13 og 26 prestegjeld - tilsaman 326 einingar. Nokre prestegjeld er delt over to amt, men eg har plassert heile prestegjeldet i eit amt.³⁸

Ei komparativ analyse på landsbasis med så mange einingar er vanskeleg nok, og dinest må materialet kunne presenterast. T.d. vil eit noregskart der ulike variablar er "plotta" (kartfesta) gi muligkeit til å bruke prestegjeldet både som analyse og presentasjonsnivå. Dersom dette skal kunne gjerast må to viktige føresetnader vere til stades: Kartet må vere digitalisert, og prestegjelda må vere identifiserte slik at dei blir plasserte på rett stad på kartet. Det eldste digitaliserte kartet som kunne nyttast saman med statistikkprogrammet NSDstat+ er eit kart frå 1838 med kommunar som karteining. Dette kartet er laga av Norsk Samfunnsvitenskapleg Datatjeneste (NSD), og med utgangspunkt i dette kartet laga eg eit nytt kart³⁹ - med prestegjeld-, kjøp- og ladestader i 1801 som karteining. Sidan kartet frå 1838 hadde kommunar som karteining valde eg også å late prestegjelda i 1801 vere identifiserte med historiske kommunenummer som er definert av NSD. Kommunane pr. 1838 vart henta frå NSD kommunedatabase på maskinressursen *taxus* ved UiB, og deretter jamført med prestegjelta i den koda versjonen av 1801-teljinga⁴⁰. Tabell B-15 i tillegg B syner denne jamføringa av prestegjeld med kommunar (og datagrunnlaget for alle kartpresentasjonar i denne oppgåva).

Namnet på prestegjelta er skrivne etter dagens norm, og i staden for amtsnamn vil eg nyte dagens fylkesnamn. Dette er gjort først og fremst for at det skal bli lettare å lese framstillinga.

2.2.2 Yrkesnemningar - bonde og husmann

I folketeljinga finst det kring 40 000 yrkesnemningar - medan desse i den koda versjonen er aggregerte til 39 hovudgrupper (jfr. tillegg A-1 Yrkeskodae hovudpersonens yrke) som igjen er delt opp frå 1 til 33 undergrupper jfr. vedlegg 1 i NOS B104. Ved aggregering til hushaldsnivå er berre dei 39 hovudgruppene med. Nokre av desse får særskild merksemd, og i delar av analysen vil det verte skild mellom bonde og husmann. Ein bonde eller eit bondehushald er då alle hushald der hovudpersonen tilhører hovudgruppene 18-*Bønder* eller 22-*Bonde og fiskar*. Ein husmann eller eit husmannshushald er alle hushald der hovudpersonen er blitt kategorisert i hovudgruppene: 19-*Husmann med jord*, 20-*Husmann utan jord*, 22-*Husmann med jord og fiskar*, 23-*Husmann utan jord og fiskar*.

³⁸ T.d.. er Lund prestegjeld delt mellom Stavanger amt og Lister og Mandal Amt. Heile Lund prestegjeld er såleis plassert i Stavanger amt. Prestegjeldsnummeret i tabell B-15 i Tillegg B vil syne slike plasseringar.

³⁹ Prestegjeldskartet for 1801 er laga med dataprogrammet ATLAS ved Norsk Samfunnsvitenskapleg Datatjeneste (NSD).

⁴⁰ I Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste sin kommunedatabase fins og ei "kommuneinndeling" pr. 1801, men denne tilsvarar ikkje prestegjeldsinndelinga i den koda versjonen av folketeljinga 1801, t.d.. er Ourdahl prestegjeld i Kristians amt (Oppland) delt i Nord-Aurdal og Sør-Aurdal. I fleire av amta fins det eit eller to slike avvik.

2.2.3 Alder og aldersgrupper

I fylgje reskriptet til folketeljinga skulle alder ved neste åremålsdag oppgjevast og førast - «det løbende, men ikke det opfylde Alders-Aar». Det er uklårt om denne praksisen alltid vart gjennomførd. Alderen kan t.d. ha vorten feil oppgjeven, alle var ikkje sikre på alderen og kan ha runda den av. Det finst indikasjonar på at alderen er runda av til partal og særleg til aldrar som endar på 0. I analysen er det den oppgjevne alderen som vil bli nytta. Denne vil i snitt vere eit halvt år høgare enn den reelle. Eg vurderer det slik at dette er uviktig.

2.2.4 Ekteskapleg status og utrekninga av giftarmålsalder

I teljinga finst kring 5000 nemningar for ekteskapleg stilling, som i den koda versjonen er gruppert i ugift, gift tal gonger, enkjestand tal gonger, skild og separert. Når denne termen vert aggregert til hushaldsnivå vert det skild mellom 3 kategoriar: Ugift (ugift, skild og separert), gift og enkje/enkjemann. Ekteskapeleg status saman med personen sin alder vil eg nytte til å finne ein tilnærming mot gjennomsnittleg alder ved første giftarmål for ein kohort. Denne tilnærma gjennomsnittlege giftarmålsalderen vert kalla singulær gjennomsnittleg giftarmålsalder⁴¹ og eg reknar den ut på følgjande vis: Ved kvart alderssteg (a) vert talet på gifte og personar i enkjestand trekt i frå talet på ugifte. Dersom dette talet er større eller lik null dvs. like mange eller fleire gifte enn ugifte søker ein etter neste alderssteg (a+n, n=1,2,3...) med fleire gifte enn ugifte. Ofte vil dette vere påfølgjande alderssteg, men ikkje nødvendigvis. Alderssteget a vert lagt saman med a+n og denne summen vert dividert med 2 (a+(a-n)) div 2. Resultatet av denne heiltalsdivisjonen er lik singulær gjennomsnittleg giftarmålsalder. Tabell 2-1 viser eksempel på utrekning av singulær gjennomsnittleg giftarmålsalder for kvinner i Sund prestegjeld. Ved 27 år er det fleire gifte og enkjer enn ugifte, og det same er tilfelle ved 28 år. For Sund prestegjeld vil då singulær gjennomsnitt giftarmålsalder for kvinner verte lik $(28\text{ år} + 27\text{ år})/2 = 27\text{ år}$. Singulær gjennomsnittleg giftarmålsalder for menn er utrekna på same måte. Dersom ikkje anna er sagt vil alle talverdiar nytta for giftarmålsalder i denne oppgåva vere singulær gjennomsnittleg giftarmålsalder. Dette uttrykket for alder ved første giftarmål vil normalt vere høgare enn den gjennomsnittlege giftarmålsalderen for ein kohort.⁴²

⁴¹ Hajnal 1965, s. 108-109, Hajnal 1983, s. 69.

⁴² Differansen vil m.a. vere avhengig av delen varig ugifte - ved høg sølibatsgrad vil den singulære gjennomsnittlege giftarmålsalderen bli høgare enn den gjennomsnittlege giftarmålsalderen for ein kohort.

Tabell 2-1 Eksempel på utrekning av singulær gjennomsnittleg giftarmålsalder og etableringsalder.

Alder	Sivilstatus			Hushaldsstilling		
	Gifte og enkjer	Ugifte kvinner	Gift - ugift	Hovud-personar (menn)	Andre menn	Hovud-personar - andre menn
24	15	39	-24	4	28	-24
25	13	15	-2	13	14	-1
26	16	23	-7	22	22	0
27	23	15	8	12	9	3
28	16	10	6	8	10	-2
29	8	9	-1	18	1	17
30	22	21	1	25	11	14

Kjelde: CENS1801

Eit anna måltal som eg vil nytte er hovudpersonsrate. Hovudpersonsrate er proporsjonen av personar av eit bestemt kjønn og i ei aldersgruppe som er hushaldsoverhovud.⁴³ Hovudpersonsrate vil eg nytte for å finne den alderen der menn vert hovudpersonar i eit hushald. Etableringsalder definerer eg som den alderen der hovudpersonsrate passerer 0.5 dvs. der mannlege hovudpersonar utgjer 50% eller meir av personane i ei aldersgruppe. Den vert rekna ut på tilsvarende måte som singulær gjennomsnittleg giftarmålsalder, men med den skilnaden at hushaldsstilling vert nytta i staden for ekteskapleg status. For Sund prestegjeld (jfr. tabell 2-1) er hovudpersonsrate lik 0.5 ved 26 år og ved 27 år er hovudpersonsrate også større enn 0.5 (fleire hovudpersonar enn andre menn). Etableringsalderen vert då lik 26 år: $(26 \text{ år} + 27 \text{ år})/2 = 26 \text{ år}$. Sidan dette er ‘grove’ tilnærmingar vil eg ikkje nytte desimalar på desse måltala for giftarmålsalder og etableringsalder.

2.2.5 Hushald og hushaldsinndelinga

Etter reskriptet skulle kvar person «regnes til det Huus, hvori han sover».⁴⁴ Dette er det viktigaste grunnlaget for inndelinga i «familier» i teljinga - eller hushald som er den termen eg vil nytte. Men kva er eit hushald? Og korleis er forholdet mellom «familier» i teljinga og ein hushaldsdefinisjon?

Hushaldet vert gjerne definert som ei gruppe individ som har a) felles opphald, b) sov og bur saman og c) har felles kosthald. Dei et ved same bord, og dei har eit økonomisk hopehav - ein felles økonomi.⁴⁵ Hushald er såleis noko anna enn ei familie som her vil bli nytta i tydinga ei ekteskapleg eining - kombinasjonar av ei mor-far-barn gruppe. Eit hushald kan såleis kan vere ein person, men ofte er den sentrale eininga ei slik kjernefamilie (mor-far-barn

⁴³ Laslett 1972, s. 79. Wall 1983 s. 36.

⁴⁴ NOS B134, s. 10. Reskript av 28. november 1800.

⁴⁵ Dyrvik 1983, s. 184, Sogner 1978, s.700, Sogner 1990, s.36.

eininga). I tillegg vil ein finne personar med andre tilknytingar til eller posisjonar i hushaldet; tenrarar, andre slektnigar, kårfolk, fattiglemmar, innerstar og losjerande. I høve til denne definisjonen av eit hushald legg reskriptet vekt på opphald - der personen normalt sov. Men implisitt har reskriptet også eit anna element for gruppering av individ i hushald. Gruppa er også definert ved dei individua ein hovudperson («Huusfædrene») har autoritet over og ansvar for. Autoritets- og ansvarsrelasjonar er det implisitte kriteriet for å dele personar som oppheld seg i same «Huus» eller «Gaard» i to eller fleire hushald og for tildeling av hushaldsstilling - «hvad enhver person er i Familien». ⁴⁶ I denne oppgåva vil hovudperson i eintal relatert til eitt hushald vere denne eine personen (oftast husbonden) og hovudpersonar i fleirtal relatert til eitt hushald vil vere mann og kone (husbonde og matmor). Hushaldsomgrepet nytta her byggjer såleis på fire kriterium; opphald, kosthald, økonomi og autoritet/ansvar.⁴⁷ I kva grad dette passer med det hushaldsomgrepet dei som utforma reskriptet hadde og det teljarane observerte og noterte vil vi aldri få greie på. Det var nok ulike oppfatningar og det fans tvilstilfelle. Teljarane kan ha hatt ulik føringspraksis og gjerne mangel på konsistens i føringa. I denne samanheng er det nok å nemne plassering/utskiljing av innerstar, losjerande og kårfolk i eigne hushald eller som medlemmar av eit hushald, jfr. særleg Higley og Dyrvik sine drøftingar av desse problema.⁴⁸ Føring av t.d. ei innerstfamilie som eige hushald eller som del av eit hushald kan reflektere både ein realitet og ulik føringspraksis.

Registreringar av hushalda i ei folketeljing vil såleis vere eit resultat av korleis teljarane oppfatta situasjonen - slektskap, bustadhøve, kosthald og samhandling, og korleis ved-kommande oppfatta føringsføreskiftene i høve til den røyndomen han vart stilt overfor. I kjøpstadene skulle teljaren (rotemeisteren) «gaae fra Huus til Huus», medan i landdistrikta kunne prestane innkalle «Huusfædrene» til møte på kyrkjebakken. På landsbygda kunne prestane rekvirere hjelp av klokkarane (degnen) og lærarane. Eigenskapar i teljinga vil såleis kunne variere på soknenivå. I tillegg får ein eit ekstra problem ved å nytte edb-baserte kjeldeutgåver; det hushaldet ein sit att med er og eit resultat av registranten si oppfatning av teljaren si inndeling i «familier». I sum er det vanskeleg å seie om det hushalda vi finn i teljinga svarar til den definisjonen vi sette opp innleiingsvis. I praksis er eit hushald definert ved det teljaren i 1801 oppfatta som eit hushald og slik registranten ved Historisk institutt har oppfatta denne inndelinga.

⁴⁶ NOS B134, s. 10-13.

⁴⁷ Jamfør Berkner si utgreiing av makt og autoritet som ein viktig del av hushaldsomgrepet («Das ganze Haus») i sentraleuropa på 1700-talet, Berkner 1972, s. 411-412.

⁴⁸ Dyrvik har drøfta desse problema på generell basis, Dyrvik 1983 s. 185-186. Higley i forhold til teljinga i 1801, Higley 1976, s. 20-24.

Ein måte å hindre at ein einskild teljar si spesielle oppfatning eller mangel på oppfatning skal leie ein ut i feilslutningar, er å nytte materiale frå fleire prestegjeld og amt. Dette sikrar at eventuelle skilnader ein observerer ikkje berre er resultat av ulike føringsprinsipp frå teljaren si side.

2.2.6 Gjennomsnittleg hushaldsstorleik - MHS

Definisjonen av hushald i førre avsnitt får også konsekvens for måltalet gjennomsnitt (medel) hushaldsstorleik, MHS. Medel hushaldsstorleik utrekna på t.d. prestegjeldsnivå er då snittet av storleiken til dei private hushalda (ekskludert anstalthushalda). Også dei med typologiseringsnemningane *Losjerande* og *Innerstar* vil inngå i hushaldet og i MHS. Denne definisjonen av MHS svarar då til Peter Lasletts måltal «Corrected mean size of domestic group». Det tilrådde måltalet for MHS «Corrected maximal mean size of household» der individuelle innerstar/losjerande er ekskludert, og der ekteskaplege einingar av innerstar/losjerande alltid er rekna som eigne hushald høver ikkje med vår definisjonen av hushald. Problemet med denne definisjonen av hushald og MHS er at teljaren sin hushaldsoppfatning vert splitta på grunnlag av ekteskapleg status. Skulle desse hushalda vore splitta slik Laslett rår til, må anten kvart einskild hushald granskast for seg og sjekka mot andre kjelder eller ein må finne tilleggskriterier som t.d. kan gå på yrkesnemning. Til dømes kunne teljaren si hushaldsinndeling vorte splitta dersom yrkesnemninga eksplisitt gav uttrykk for at innersten ikkje tok del i hovudhushaldet sin produksjon.

Tabell 2-2 Hushaldsstilling i den koda versjonen av 1801 teljinga, og interne typologiseringsnemningar.

Kode	Nemning i den koda versjonen av 1801-teljinga (NOS B134)	Intern kode	Intern typologiserings nemning	Kategoriar for hushalds-samansetjing
1	Hovudperson	1	Hovudperson	Hovudperson
2	Kona til hovudperson	2	Make	Make
3	Born av hovudpersonane, over 15 år	3	Barn	Barn over 15 år
4	Born av hovudpersonane, 15 år og under	3	Barn	Barn under 15 år
5	Fosterborn, over 15 år	4	Andre	Andre
6	Fosterborn, 15 år og under	4	Andre	Andre
7	Verborn	5	Verborn	Slekt
8	Barneborn	6	Barnebarn	Barn under 15 år
9	Foreldre til mannleg overhovud	7	Foreldre	Slekt
10	Foreldre til kvinnleg overhovud	14	Makeforeldre	Slekt
11	Søsken av mannleg overhovud	8	Sysken	Slekt
12	Søsken av kvinnleg overhovud	15	Makesysken	Slekt
13	Andre slektningar	9	Anna slekt	Slekt
14	Tenestefolk	10	Tenestefolk	Tenestefolk
15	Sveinar, drengar, lærlingar	10	Tenestefolk	Tenestefolk
16	Losjerande	11	Losjerande	Innerst
17	Fattiglemmaar	4	Andre	Andre
18	Innerstar	12	Innerstar	Innerst
19	Kona til innerstar, losjerande	12	Innerstar	Innerst
20	Born av innerstar, losjerande	12	Innerstar	Innerst
21	Kårfolk, ikkje i slekt med hovudpersonane	13	Kårfolk	Andre
22	Born, 15 år og under, ikkje i slekt med hovudpersonane	4	Andre	Andre
39	Andre	4	Andre	Andre

2.2.7 Hushaldsstilling

I den originale teljinga finst omlag 15000 ulike nemningar for hushaldsstilling eller «Hvad enhver Person er i Familien» som det heiter i teljingslistene. I den koda versjonen er dette talet redusert til 38 nemningar. I denne oppgåva vil anstalthushalda⁴⁹ bli utelatne, og dermed fell nemningane for stilling i desse hushalda bort. Dermed er det att 23 ulike nemningar for hushaldsstilling. Desse nemningane er heilt avgjerande for analyse av hushaldssamansetjing og klassifikasjon av hushald etter Peter Lasletts typologi, og er derfor opplista i tabell 2-2.

For å lette typologiseringa av hushaldet er desse 23 nemningane gruppert saman til 15 interne typologiseringsnemningar. Den interne typologiseringsnemninga vert nytta for å klassifisere hushalda etter Peter Lasletts system, jfr. Tillegg A-3 Hushaldstypologi. Tabell 2-2 syner stillingsnemningane i private hushald i den koda versjonen, korleis desse er maskinelt kategoriserte for analyse av hushaldssamansetjing og dei interne typologiseringsnemningane for maskinell typologisering. Kontroll av denne kategoriseringa og typologiseringa blir såleis neste spørsmål.

⁴⁹ Anstalthushalda og personane i desse utgjorde berre kring 2700 personar i 1801. NOS 134B s. 21.

2.3 Kontroll av maskinell bearbeiding.

2.3.1 Kontroll av hushaldssamansetjing.

Er den maskinelle kodinga av hushaldsstilling god nok? Hushaldssamansetjing er koda i to omgangar. Den første kodinga er frå fullversjon til koda versjon. Denne kodinga er gjort greie for i NOS B134 og er ei avansert maskinell tolking av fullversjonen.⁵⁰ På bakgrunn av den koda versjonen er så hushaldsstilling gruppert saman som synt i tabell 2-2. Kolonne nummer to syner nemningane i den koda versjonen, medan den siste kolonna syner kategoriane for hushaldssamansetjing.

Tabell 2-3 Hushaldssamansetjing klassifisert på grunnlag av folketeljinga i 1801 - manuell og maskinell. Ullensaker, Rendalen og Etne prestegjeld 1801.

Kategoriar - hushaldssamansetjing		Hovud- person	Makar	Barn	Slekt	Ten- arar	Andre (Foster- born m.m)	Innerst/ Losjer- ande	Sum
Ullensaker	Higley	759		2187	316	555	116	147	4080
	Maskinelt	764		2205	226	562	149	174	4080
Rendalen	Sogner	301	261	665	158	193	29	78	1685
	Maskinelt	301	265	644	171	191	55	58	1685
Etne	Dyrvik	272	250	547	54	242	46		1412
	Maskinelt	272	251	549	58	249	19	14	1412

Kjelder: Ullensaker, L. Higley 1976: 147; Rendalen, S. Sogner 1979:291,297; Etne, S. Dyrvik 1981:186-187. Maskinelt: PGJ1801

Kva kan vere årsakene til skilnadene mellom utrekninga av hushaldssamansetjing maskinelt basert på den koda versjonen og manuelt basert på dei originale folketeljingslistene? Tabell 2-3 syner klassifisering av hushaldsmedlemmer etter hushaldsstilling - manuelt og maskinelt etter den koda versjonen i prestegjelda Ullensaker, Rendalen og Etne. Når registranten og forskaren vurderer familieinndelinga ulikt, vil også talet på hovedpersonar vere ulikt. Higley har justert talet på familiar/hovedpersonar ved å slå saman hushald som teljaren har ført som separate «familier». I teljinga finst 765 slike «familier», men Higley har vurdert dette til å vere 759 hushald.⁵¹ Talet på makar er også forskjellig. Årsakene til dette kan vere mangslunge, men ved kontroll for Rendalen syner det seg at den maskinelle kodinga har problem dersom nemninga for hushaldsstilling refererer seg til eit anna hushald, altså ikkje det hushaldet personen tilhøyrer, men eit føregåande. Sameleis kan årsakene til at barnetalet varierer vere mange. Differansen for Ullensaker er størst. Det kan skuldast at

⁵⁰ NOS B134, s. 16.

⁵¹ Higley 1976, s. 23-24.

Higley har definert barnebarn som slekt og ikkje som barn.⁵² Tala for Etne og Rendalen tyder på at Dyrvik og Sogner har fylgd Peter Laslett sin definisjon og klassifisert barnebarn som barn.⁵³ For gruppa slekt er differansen noko større. For Ullensaker er ei av årsakene til dette at Higley har nytta andre kjelder for å avgjere slektskap der dette manglar i folketeljinga.⁵⁴ I den maskinelle kodinga vil desse sannsynlegvis kome i gruppene Andre eller Innerstar. For tenargruppa er avviket lite. Størst avvik finn ein for gruppene Andre og Innerstar/losjerande. Dette kan t.d. vere av di barn av innerstar/losjerande i den maskinelle kategoriseringa hamnar i gruppene Andre - men som Innerstar i den manuelle. Men desse to gruppene er og dei minste absolutt og relativt så ein viss flyt mellom desse og gruppene slekt må ein tolle.

Den koda versjonen har god kvalitet og avviket på dei store gruppene (hovudperson, make, barn og tenarar) er kring 1% for Rendalen og Etne. Dette er ein akseptabel differanse. For gruppene slekt er i desse to prestegjelda er avviket større, 7.8%, men for gruppene tenarar (Ullensaker irekna) er avviket berre 1.2%. For gruppene Andre og Innerstar/Losjerande er avviket større (16.6% og 9.3%), men desse gruppene er små og for dei tre prestegjelda utgjer individua i desse tre gruppene berre 13% av folketalet. Sidan korkje gruppene Andre eller Innerstar skal analyserast spesielt har dette avviket mindre å seie. Totalinntrykket er likevel klart: Den koda versjonen av folketeljinga 1801 har høg kvalitet.

2.3.2 Kontroll av hushaldstypologisering

Hushalda er typologisert etter Lisbeth Higley og Ståle Dyrvik sin variant av Peter Lasletts sitt klassifikasjonssystem⁵⁵ (jfr. Tillegg A-3 Hushaldstypologi). Denne typologiseringa er basert på kjønn, ekteskapleg status, konjungale (ekteskaplege) einingar, relasjonen mellom fleire slike einingar i eitt hushald og slektsutvidingar til konjungale einingar. Ei slik typologisering vert normalt utført ved sekvensiell gjennomgang av dei originale teljingslistene eller publiserte utgåver på papir- eller dataformat (fullstendige avskrift). I den koda versjonen av 1801-teljinga ligg datamaterialet i same sekvens som i dei originale listene. Desse to forholda - at den koda datautgåva har same sekvens som dei originale listene og at nemningane for hushaldsstilling er koda til eit rimeleg tal kategoriar - gjer ei maskinell typologisering mogeleg. Algoritmen for ei slik typologisering vert såleis relativ enkel. Kjernen i denne algoritmen er lista i Tillegg A-4 *Algoritme for automatisk typologisering av hushald*. Kontroll av algoritmen kan gjerast på ulike vis - enklast er det likevel å samanlikne med eksisterande manuelle typologiseringar. Tabell 2-4 syner resultatet av den manuelle og maskinelle typolgi-

⁵² Dersom barnebarn blir definert som slekt vil talet på barn i Ullensaker etter den koda versjonen bli 2180 som er 7 barn færre enn det Lisbeth Higley har i si gruppering. Higley 1976 s. 147.

⁵³ Laslett 1972, s. 87

⁵⁴ Higley 1976, s. 25.

⁵⁵ Higley 1976, s. 149, Dyrvik 1983, s. 193.

seringa for fire prestegjeld på grunnlag av 1801-teljinga - manuell typologisering i første kolonne. Det er fleire viktige skilnader her: Den manuelle typologiseringa er utført på fullversjonen av teljinga anten i originalform eller i edb-form. Den maskinelle typologiseringa er gjort på den koda versjonen, som inneholder langt mindre data og dels mindre informasjon. Den koda versjonen er også laga ved hjelp av dataprogram.⁵⁶ Eit fullt samsvar vil ein derfor aldri få, men er samsvaret godt nok, eller vert feilprosenten for høg?

Tabell 2-4 Hushaldstypologisering på grunnlag av folketeljinga 1801- manuell etter originalkjelda og maskinell etter den koda versjonen. Ullensaker, Rendalen, Etne og Haram prestegjeld.

Hushaldstypar*	Ullensaker Higley		Rendalen Sogner		Etne Dyrvik		Haram Morsund	
1a Einslege enkjefolk	11	8	1	0	0 %	1,1%		
1b Einslege ugifte			6	5		0,4%	3	2
1c Giftet utan make			0					
2a Sysken	14	19	3	4				
2b Andre slags slektningsar			6	5			1	3
2c Ikkje i slekt			1		2 %	1,1%		
3a Berre gift par	113	123	45	45	16 %	14,7%	182	182
3b Gift par med born	447	446	145	141	59 %	58,5%		
3c Enkjemann med born			1	1	1 %	0,7%		
3d Enkje med born			9	8	3 %	2,9%		
3e Ugift/einsl. gift m/born			0			0,4%		
4a Utvida oppover	68	60	28	24	10 %	9,6%	44	42
4b Utvida nedover	18	10	4	3	1 %	1,8%	2	3
4c Utvida sidelengs	37	41	13	19	3 %	6,3%	2	5
4d Kombinasjonar av a-c	8		4	5		0,7%	1	0
5a Attåteining oppover	36	30	4	32	2 %	0,4%	28	28
5b Attåteining nedover	14	8	32	6		0,7%	2	0
5c Attåteining sidelengs	1	2		0			0	0
5e Andre		5		2	3 %	0,7%		
6 Ubestemmeleg								
SUM	759	764	301	301	272	272	265	265

Kjelder: Ullensaker, Higley 1976:151; Rendalen, Sogner 1979:281; Etne, Dyrvik 1982:194; Morsund 1992 (upubl.): 19,25

Skilnadene mellom typane i gruppene 1 og 2 kan og skuldast tolking og plassering av tenrarar, innerstar og losjerande. I Lasletts klassifikasjonssystem skal personar med desse hushaldsstillingane haldast borte frå typologiseringa, men også her finst det rom for tolking og informasjon som kan vere aggregerte vekk i omkodingsprosessen.

Dei enkle hushalda (Typane 3a-3e) er stort sett enkle å typologisere, og tabell 2-4 syner eit godt samsvar mellom den maskinelle og manuelle typologiseringa. Unntaket er Ullensaker, men der har registranten ved Historisk institutt (UiB) identifisert fem fleire hus-

⁵⁶ NOS B134, s. 18-20.

hald, og tolka «familie»-inndelinga i teljinga annleis enn Lisbeth Higley. Dette forklarar dels kvifor den maskinelle typologiseringa har identifisert fleire hushald av typen 3a Berre gift par (123 maskinelt mot 113 av Higley). For dei andre prestegjelda er talet på hushald det samme.

Hushald av typane 4a-4d og 5a-5e kan vere langt verre å typologisere og det er ikkje alltid like lett å plassere hushalda i rett type i gruppene 4 og 5. Dersom det i tillegg til kjernefamilien også finst ei mor (enkje) og ein bror av hovudpersonen i hushaldet er dette eit 5a hushald (Fleirfamilie attåteining oppover). Men er personane i hushaldet utanom kjernefamilien mor åt hovudpersonen og systera åt maken (kona) vil dette hushaldet vere av typen 4d kombinasjon av 4a-c. Sidan mor til husbonden og kjernefamilien utgjer type 4a, medan systera til kona og kjernefamilien utgjer type 4c. Slike nyansar er ikkje alltid like enkle å identifisere så litt gliding mellom typane i gruppe 4 og 5 må derfor aksepterast. Sekkeposten *Anna slekt* i den koda versjonen kan og innehalde slektsrelasjonar som gjev ein eintydig retning (oppover/nedover) på slektskapen, men der informasjonen er vekke i den koda versjonen. Hushald med desse personane vil derfor bli typologisert til samlegruppene 2b Andre slag slektringar, 4c Utvida sidelengs eller 5c Attåteining sidelengs. Hushald der ein finn ei kjernefamilie og t.d. ein onkel av husbonden skulle ha vore typologisert som 4a utvida oppover, men vert 4c utvida sidelengs av di onkelen har hushaldsstilling *Anna slekt*. Dette er eit forhold som kan forklare skilnaden mellom 4b og 4c for Etne.

Nokre familiekonstellasjonar gjev typologiske problem. Til dømes hushald der ein ugift son er er hovudperson og begge foreldra bur hos han. Dette hushaldet er korkje 4a Utvida oppover eller 4b Utvida nedover, men 2d Andre slags slektringar.⁵⁷ Dataprogrammet prøver å ta omsyn til dette og liknande "problem" utan alltid å lukkast. Dette gjer at den maskinelle og den manuelle typologiseringa av hushald i gruppe 4 vil avvike meir enn gruppe 3, noko som og tabell 2-4 syner. Det er tydeleg at den maskinelle typologiseringa gjev fleire 4c hushald.

Typologisering til gruppe 5 Fleirfamiliehushald inkluderer mange informasjons-element for fleire personar, og dette gjer denne typologiseringa mest kompleks. Jamfører vi med tabell 2-4 ser vi at totalsummen for gruppe 5 for Rendalen stemmer bra (40 maskinelt - 36 Sogner), men det ser ut som gruppe 5a og 5b er bytt om. Den maskinelle kodinga har dessutan plassert to hushald i gruppe 5e. Den maskinelle typologiseringa er sjekka mot fullversjonen og av dei seks hushalda kategorisert til 5b er to feil typologisert. Årsaka til dette er ein feil ved kategoriseringa av hushaldsstilling i den koda versjonen av teljinga. Fire hushald klassifisert feil av dei 37 som maskinelt er typologisert til type 5a, to hushald skulle

⁵⁷ Jamfør Lisbeth Higley si drøfting av typologisering av hushald som ikkje passar i Laslett sin klassifikasjon. Higley 1976, s. 148-158.

ha vore 2b, eit 3b og eit 2a. For Ullensaker har den maskinelle typologiseringa funne færre hushald i gruppe 5. Higley skriv at ho har nytta m.a kyrkjebøker for å kontrollere eller avgjere slektskap mellom personane i hushaldet. Dette kan vere ei forklaring på glidinga vi ser for Ullensaker frå gruppe 4 og 5 til 3. For Haram er typologiseringa for type 5a identisk, og dei to hushalda som er type 5b har truleg blitt type 4c sidan den maskinelle typologiseringa har tre for mange hushald av denne typen.

Dataprogrammet typologiserer heller ikkje til gruppe 7 institusjonar då desse er heilt utelatne. Likeins typologiserer dataprogrammet heller ikkje til gruppe 6 Ubestemmeleg, sidan dataprogrammet fungerer slik at det typologiserer så langt reglane rekk - sluttilstanden dvs. sluttshushaldet vert då lik hushaldstypen.

I denne oppgåva vil i hovudsak typologiseringa verte nytta på gruppennivå (1-5) og ikkje på type nivå. Og på gruppennivå vil det vere gruppe 3 og gruppe 5 som vil bli gitt størst merksemd. Prosentdelen av desse gruppene som vil vere eit sentralt analysetal. For desse to gruppene er avviket for Ullensaker 2% og 1%, Rendalen 1% og 3%, Etne 1% og 4% og Haram 0% for begge. No er 1-2% avvik for gruppe 3 eit svært lite avvik, medan 4% avvik for gruppe 5 i Etne er eit relativt sett større avvik. Avviket i gruppe 5 skuldast truleg ei viss gliding frå gruppe 5 til type 4c. Hovudsakleg vil typologiseringa bli nytta på gruppennivå eller der fleire av typane (22 i alt) er slått saman i færre kategoriar. Eg vil konkludere med at den koda versjonen av 1801-teljinga har så god kvalitet at maskinell typologisering etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem er mogeleg. Skilnadene er ikkje større enn at resultatet frå den maskinelle typologiseringa kan aksepteras.

2.4 Metodiske føresetnader.

2.4.1 Aldersperspektivet

Dei forholda som vi observerer i teljinga er i teorien status pr. 1. februar 1801. Sjølv om teljarbeidet i praksis tok lengre tid er det uansett eit augeblikksbilete vi har.⁵⁸. Den kraftigaste innvendinga mot hushaldsgranskningar basert på ei eller få teljingar med Cambridgegruppa sin metodikk er nettopp at ein ikkje greier å fange dynamikken som finst i ein person sitt liv, familien og hushaldet over tid. Til dømes har Berkner og Hareven gått Peter Laslett i mot på dette punktet.⁵⁹ Hareven har påvist ved analyse av familie og hushald over tid at særleg alder (hovudpersonen sin alder) er ein særskilt faktor for korleis eit hushald er samansett:

⁵⁸ NOS B134, s. 14.

⁵⁹ Berkner 1972, s. 398-418, Hareven 1974, s. 322-329.

«But if one studies the cycle of individual families over time, one would find that household organization and family structure are correlated to age of the household head and the ages of various family members, and are determined by the stage of the family cycle»⁶⁰

Problemet med ein tidsstudie av einskilde hushald i større målestokk er at kjeldene i tida rundt 1801 ikkje tillet dette. I Sverige og i Austerrike kan ein følgje personar og hushald frå år til år over lengre tidsperiodar, gjennom «Husförhörlängder» og årlege sjeleregister.⁶¹ Desse kjeldene har vore nytta til å studere familiesyklus. Tilsvarande kjelder manglar i Noreg. Alternativet er derfor å løyse opp det statiske augeblikksbiletet ei teljing gjev og fange dynamikken ved å bruke individua sin alder. Ved å observere mange individ på ulike alderssteg ynskjer eg å kartleggje livssyklus. Og ved å kartleggje hushaldstypar etter hovudpersonen sin alder, ynskjer eg å finne familiesyklus. Prosessane knytt til hushaldet vil bli festa til hovudpersonen sin alder, medan livsløpsperspektivet er knytt til einskildindividua og betinga av deira alder. Denne tilnærminga vert kalla gransking med syntetiske cohorts, og vart først brukt av Lutz Berkner.⁶² Men det kviler ein viktig føresetnad ved å studere prosessar med denne innfallsinkelen: I ei slik idealisert røyndom er endringane i t.d. hushaldsorganisasjon over kalendertid små eller tilnærma konstante. Dette perspektivet er den metodiske føresetnaden som ber store delar av analysen - både i studiet av hushald og individ.

Tradisjonelle hushaldsgranskingar på basis av materiale frå eit mindre geografisk område (prestegjeld) gjev oftast for små populasjonar til å kunne splitte datamaterialet etter hovudpersonen sin alder, sosiale grupper og ulike hushaldsvariablar.⁶³ Eit av ynskjemåla med å nytte den koda versjonen av 1801-teljinga er å få store nok populasjonar (uavhengig av prestegjeldsgrenser) til ei slik oppsplitting. Tanken er at utvalsområda skal kunne gje tilfredsstillande populasjonar.

2.4.2 Analysenivå og presentasjonsmåtar

Kva geografisk detaljeringsnivå er rimeleg for analysen på landsplanet? I Statistisk sentralbyrå sin publikasjon av folketeljinga 1801 (NOS B134) er dei 5 landsdelane nytta som det første regionale nivået. Med så få einingar let det seg gjere å bruke mange eigenskapar (variablar) for å skildre landsdelane, men problemet vil vere å forklare eventuelle skilnader. Det neste nivået er dei 17 fylkeseiningane (amt). Med dette analysenivået vil ein måtte bruke færre variablar, men oppløysinga er betre enn landsdelsnivået. Problemet er ein del store og topografisk samansette fylke som strekkjer seg frå ytste holme til høgste fjelltopp, eller frå fjelldal til flatland. Fylkesnivået vil kunne skjule store variasjonar i hushaldsorganisasjonen. Fordelen med fylkesnivået er at framstilling av variablar i tabellarisk form er mogeleg utan at

⁶⁰ Hareven 1974, s. 324.

⁶¹ Gaunt 1976, s. 52-53, Mitterauer og Sieder 1983, s. 309-311.

⁶² Berkner 1972, s. 398-418. Jansens 1993, s. 50-52.

⁶³ Ståle Dyrvik peikar på denne problematikken i metodeboka *Historisk Demografi*. Dyrvik 1983, s. 189-190.

desse vert uoversiktleg. Neste geografiske nivå i folketeljinga er prestegjeldet. Det er i underkant av 330 prestegjeld å ta omsyn til. Analyse ved hjelp av t.d. frekvenstabellar vil knapt kunne fungere - einingane er for mange. Derimot vil ein kartrepresentasjon vil kunne visualisere ulike eigenskapar. Siste aktuelle nivå vil vere soknet, men med nærmare 800 einingar vil sjølv gode kartrepresentasjoner sannsynlegvis bli vanskeleg å tolke.⁶⁴ Eit problem med kart som analytisk verktøy er at den visuelle tolkinga lett vert subjektiv og ein "ser det ein ynskjer å sjå". For å bate på dette problemet vil eg i denne delen av analysen presentere variablane med kartrepresentasjon på prestegjeldsnivå og i tabellar på fylkesnivå. Føremålet med dette er å kombinere det beste med dei to ulike måtane å skildre ein eigenskap på: Kartet gjev ei rask visuell oversikt, medan tabellen gjev eit grunnlag for å korrigere eller stadfeste det visuelle inntrykket.

2.5 Oppsummering

Metodisk og teoretisk tek denne oppgåva utgangspunkt i Cambridgegruppa sine verktøy for analyse av hushaldsorganisasjon. Hovudkjelda er den koda versjonen av folketeljinga 1801. Hovudpoenget med den koda versjonen er størst mogeleg reduksjon av data (nemningar), og minst mogeleg tap av informasjon (meiningsinnhald). Den maskinelle klassifikasjonen av hushaldsstilling kan måle seg med manuell (menneskjeleg) klassifikasjon. Dette opnar for å aggregere frå individnivået til hushaldsnivået inkludert maskinell typologisering av hushald. Også denne typologiseringa kan måle seg med manuell typologisering.

Ved å bruke syntetiske kohortar vil livssyklus og familiesyklus bli kartlagt. På denne måten vil eg ta omsyn til den hardaste kritikken mot tradisjonelle hushaldsgranskingar frå t.d. Lutz Berkner ("Family-cycle"-tilnærminga). Elles er innfallsvinklane inspirert av Michael Mitterauer ("Family Life Course") og Tamara Hareven ("Life Course Approach"),⁶⁵ utan at denne hovudoppgåva må verte oppfatta som ei "Life Course"-analyse.

Analysen har to detaljeringsnivå - ei generell gransking på landsnivå og ei meir detaljert i to utvalsområde. Eg har valt å bruke prestegjeld og fylke som nivå for analysen på landsplan. Og for å drøfte problemstillingane i større detalj, m.a. ved bruk av syntetiske kohortar, har eg definert to utvalsområde. Presentasjon av desse to utvalsområda - kystområdet og fjordområdet - er tema for neste kapittel.

⁶⁴ Kart med inndeling på soknenivå kan derimot vere føremålstenleg på amtsnivå.

⁶⁵ Berkner 1972, s. 398-418. Hareven og Masoka 1988, s. 271-276, Mitterauer og Sieder 1983 s. 309-345.


3. To vestlandsregionar

Før eg tek til med hovuddrøftinga er det naudsynt å setje utvalsområda inn i ein geografisk, demografisk, økonomisk og sosial kontekst. Dette er viktig for å sikre at områda kvar for seg er relativt homogene i forhold til desse rammene, og samtidig få avdekt likskapen/ulikskapen mellom dei to regionane. På denne måten vonar eg å få avklart nokre av dei faktorane som kan påverke hushaldsorganisasjonen i utvalsområda - kystområdet og fjordområdet.

3.1 Geografisk kontekst

Kystområdet dekkjer omlag heile kyststripa av Søndre Bergenhus amt eller det noverande Hordaland fylke, og omfattar prestegjelda Finnås, Stord, Sund og Manger. Finnås prestegjeld fell stort sett saman med Sveio og Bømlo kommunar (1995). Stord prestegjeld er i dag Stord og Fitjar kommunar. Valestrand sokn i Stord prestegjeld ligg i Sveio kommune. Nordlege delar av Fitjar sokn høyrer i dag til Austevoll kommune. Sund prestegjeld svarar til Sund og Fjell kommunar (Sotra) og nordlege halvpart av Austevoll kommune. Manger prestegjeld motsvarer heile Radøy og Øygarden kommunar, nordlege del av Meland kommune og nordspissen av Askøy kommune. Alle prestegjelta grensar til ope hav. Hovuddelen av området kan klassifiserast topografisk som *kyst* og resten, i hovudsak det som idag tilsvarar Sveio, Stord og Meland kommunar, som *sund*.

Figur 3-1 Kart over utvalsområda.



Fjordområdet omsluttar indre og midtre del av hovudfjordane i Nordfjord og på Sunnmøre, og omfattar prestegjelta Gloppen, Innvik og Eid i Nordre Bergenhus Amt og Norddal og Stranda i Romsdal Amt. Gloppen prestegjeld svarer til dagens Gloppen kommune,

Innvik svarer til Stryn kommune og Eid prestegjeld fell saman med Eid kommune og Hornindal kommune, alle i Sogn og Fjordane fylke. Hovudsoknet i Norddal prestegjeld motsvarer no Norddal kommune i Møre og Romsdal, medan anneksa Sunnylven og Geiranger ligg i Stranda kommune. Stranda prestegjeld er i dag Stranda kommune og Stordal kommune. Desse tre kommunane er også i Møre og Romsdal fylke. Dei fleste bygdelaga i området grensar til fjorden, med unntak av Breim, Oppstryn og Hornindal. Avstanden til ope hav er kring 50-120 km, med unntak av Stårheim sokn i Eid der avstanden til ope hav berre er kring 25-30 km. Heile området kan likevel klassifiserast topografisk som *fjord*. Austgrense til utvalsområdet fell stort sett saman med vassvendinga dvs. fjellheimen mot Oppland fylke.

3.2 Demografisk kontekst

Folketalet er omlag det same i dei to områda. I kystområdet var det til saman 13010 innbyggjarar i 1801, 1.5% av Noregs befolkning. Kjønnproporsjonen - talet på kvinner pr. 100 menn - er 107, eit klart kvinneoverskot, men litt lågare enn i landet elles (109 kvinner pr. 100 menn). Dei fire prestegjelta i kystområdet er folkerike, med mellom 2500 og 4000 innbyggjarar i kvar.

Tabell 3-1 Folketalet i utvalsområda i 1801 fordelt på kjønn og prestegjeld. Kjønnsporsjon.

	Menn	Kvinner	Totalt	Kjønnsporsjon
Finnås	1418	1521	2939	107
Stord	1238	1342	2580	108
Sund	1921	2064	3985	107
Manger	1698	1808	3506	106
Kyst	6275	6735	13010	107
Gloppen	1549	1775	3324	115
Innvik	1862	2037	3899	109
Eid	1199	1325	2524	111
Norddal	1193	1261	2454	106
Stranda	812	859	1671	106
Fjord	6615	7257	13872	110

Kjelde: CENS1801, Hist. Inst. UiB.

I fjordområdet var det 13872 innbyggjarar i 1801, eller omlag 1.6% av Noregs befolkning. Kvinneoverskotet er høgare enn i kystområdet - 110 kvinner pr. 100 menn. Tabell 3-4 syner at det er Gloppen og Eid som dreg dette snittet opp, i dei andre prestegjelta er kvinneoverskotet omlag som i kystområdet, altså litt lågare enn i landet elles.

Befolkinga i 1801 var ei ung befolkning. Utrekna for heile landet var 34.2% under 15 år og berre 8.9% over 60 år. Tilsvarande prosentdelar i 1975 var 23.7% og 19.2%.⁶⁶ I 1801 har

⁶⁶ NOS B134, s. 29.

kystområdet ein litt yngre befolningsprofil enn i landet elles: 35.6% er 15 år eller yngre og 8.1% er over 60 år. Fjordområdet har ein meir "satt" befolningsprofil: 30.3% var 15 år eller yngre, 10.8% var over 60 år. Det kan vere mange ulike årsaker bak desse skilnadene, men ein viktig årsak kan vere at delar av befolkninga i dei reproduktive aldersgruppene i fjordområdet har flytta ut. I perioden 1769 til 1801 er utflyttinga frå Sunnmøre og Nordfjord langt større enn i resten av Bergen stift. Utflyttinga målt i prosent av den naturlege tilveksten er 62% og 86% frå Nordfjord og Sunnmøre, medan den er på 46% og 42% for Sunnhordland og Nordhordland.⁶⁷

3.3 Økonomisk kontekst

I dei to utvalsområda er det to sider ved den økonomiske konteksten som er viktig å avklare; fiskeri og jordbruksproduksjonen (åkerbruk og fedrift). I folketeljinga skulle teljaren føre opp personane sin «Næringsvei, eller hvad de leve af».⁶⁸ I denne samanheng skal vi sjå kva denne nemninga kan gje av informasjon om kor viktig fiske var som leveveg i det eine utvalsområdet. Statistisk materiale som kan gje ei inntrykk av jordbruksproduksjonen finst mellom anna i den kombinerte folke- og jordbrukssteljinga i 1835. Denne teljinga, kontrollert mot nokre andre kjelder, skal kaste lyse over jordbruksproduksjonen i utvalsområda.

3.3.1 Fiske

I heile kystområdet har 6 av 2721 hovudpersonar fiskar som einaste yrkestittel, jfr. tabell 3-2. For å få vite noko om kor viktig fiske var som leveveg, må vi må derfor sjå på kor utbreidt fiske var i kombinasjonar med andre yrke. I den koda versjonen av teljinga er det skild mellom bonde og bonde og fiskar og samleis for husmenn med og utan fiske som "sideyrke". Spørsmålet blir om ein kan stole på yrkesnemningane i dei ulike prestegjelda, altså om dei ulike yrkesspesifikasjonane avspeglar faktiske forhold og ikkje berre varierande føringspraksis.

Etter nemningane i teljinga å døme skulle ein tru at fiskarbonden berre fanst i prestegjelta Finnås og Sund, i Stord og Manger var det ingen med kombinasjonen fiskar og bonde, jfr. tabell 3-2.

⁶⁷ Herstad 1970, s. 135.

⁶⁸ NOS B134, s. 12

Tabell 3-2 Talet på hovudpersonar fordelt i yrkesgrupper og prestegjeld etter folketeljinga i 1801. Kystområdet og fjordområdet.

Yrkeskategori Kode	Kystområdet					Fjordområdet					
	Finnås	Stord	Sund	Manger	Sum - kyst	Gloppen	Innvik	Eid	Norddal	Stranda	Sum - fjord
* 18 Bønder	66	322	70	628	1086	428	492	354	325	221	1820
22 Bonde og fiskar	379	0	583	0	962	0	0	0	0	0	0
19 Husmenn med jord	17	138	27	29	211	10	2	5	1	9	27
20 Husmenn utan jord	7	30	30	28	95	46	71	24	66	31	238
23 Husmann med jord og fiskar	90	0	76	7	173	0	0	0	0	0	0
24 Husmann utan jord og fiskar	11	4	3	26	44	0	0	2	0	0	2
21 Fiskarar	1	0	4	1	6	0	0	0	0	1	1
25 Innerstar	0	27	22	3	52	1	0	0	0	6	7
1 Geistlege embetsmenn	1	1	2	2	6	0	2	1	2	1	6
2 Sivile embetsmenn	1	1	2	0	4	0	1	1	0	0	2
3 Militære embetsmenn	0	0	0	0	0	1	1	1	0	0	3
4 Tenestemenn, ombodsmenn	0	1	5	3	9	1	1	2	2	0	6
5 Underoffiserar og soldatar	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0	0
6 Lækjarar og jordmødrer	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	1
9 Handelsmenn og gjestgjevarar	6	2	6	5	19	0	1	1	0	1	3
10 Fullmektigar og betjentar	1	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0
11 Handverkarar	0	0	1	0	1	0	2	1	2	1	6
14 Verks- og sagbruksarbeidarar	0	0	0	0	0	0	0	1	0	0	1
16 Styrmenn og jekteskipparar	0	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0
27 Dagleigarar	0	0	1	0	1	0	2	0	2	2	6
28 Tenestefolk	0	0	0	1	1	0	0	1	1	0	2
29 Lever av handarbeid	0	0	0	0	0	0	1	6	3	3	13
30 Andre yrke	0	0	1	2	3	1	0	1	2	1	5
31 Pensjonistar	0	0	0	0	0	0	0	1	0	5	6
33 Folk som nyt opphold	4	5	8	2	19	0	2	1	5	4	12
39 Andre utan eige yrke	2	13	9	2	26	1	1	0	23	1	26
Sum	586	544	851	740	2721	489	580	403	434	287	2193

*Kode i NOS B134

Kjelde: HUSH1801

For Stord gjeld det same for husmenn med jord - det finst ingen hovudpersonar i kategorien *husmann med jord og fiskar*, medan det i dei andre prestegjelda finst husmenn med jord både med og utan fiske som "sideyrke". Grensa mellom prestegjelda Sund og Stord tvers over øyane Huftarøy og Selbjørn, og grensa mellom Finnås og Stord går tvers gjennom øyriket nord i Bømlo. Ulike føringsmåtar er den mest sannsynlege forklaringa på dette skiljet.

Vi kan derfor late Finnås og Sund vere representative for heile kystområdet inkludert Stord og Manger. Ved å stole på teljarane i desse to prestegjelda er det mogeleg å estimere kor mange hushald som har fiskeri som hovud- eller sideleveveg. I Finnås har 82% og i Sund 78% av hovudpersonane tilleggspesifikasjonen fiskar som «Næringsvei, eller hvad de leve af». I Sund er det då att 114 hovudpersonar att utan tilleggspesifisering. Av desse 114 er 22 hushald med ei kvinne som hovudperson (21 enkjer). Det at teljarane har utelate fiske som "sideyrke" dersom hovudpersonen er enkje er naturleg - fiskarbonde vert rekna som eit to-personsyre - mannen er fiskar og kona bonde. Men kanskje har nokre av desse kvinnene mista mennene sine i samband med fiske. I tillegg er det rimeleg å rekne med at ein stor del av handelsmennene si omsetjing baserer seg på fiskeaktiviteten i området. For både Sund og Manger vert då resultatet at i overkant av 80% av alle hushald har fiske som «Næringsvei». Eit rimeleg estimat er derfor at i heile kystområdet - irekna Manger og Stord - har 8 av 10 hushald fiske som hovud- eller sideleveveg.

I fjordområdet er det to husmenn utan jord med "sideyrket" fiskar i Eid prestegjeld og ein hovudperson som er fiskar i Stranda prestegjeld, jfr. tabell 3-2. Truleg har desse levd av litt småfiske i fjorden.⁶⁹ Fjordane frå Sunnfjord til Sunnmøre vert rekna som fiskefattige i forhold til i fjordane på Sør-Vestlandet, men fjordbøndene i Nordfjord og på Sunnmøre deltok på torskefisket ute ved kysten. Kor omfattande denne deltakinga var kring 1800 er uklart. Teljinga i 1801 kan ikkje nyttast for å talfeste kor mange av bøndene sjølve, tenarane deira, vaksne søner og husmennene i fjordområdet som deltok på torskefisket ved kysten kring 1800. I 1664 deltok 12% av brukarane frå Gloppe som styrmenn på båtar og 19% av alle mannkjønn over 12 år i torskefisket ute ved kysten. Seehus (1760-åra) nemner at «mange» fjordbønder reiste på vårtorskfisket.⁷⁰ Hans Strøm (1750-åra) skriv om fjordbøndene i Stranda og Norddal at «I Vaar-Fiskeriet toge Indbyggerne tilforn ikke videre Deel, end at de lade sig bruge som Leie-Tienere i Borgundsund, hvor de nu derimod aarlig ligge og fiske for egen Regning».⁷¹ Dette kan tyde på at deltakinga frå fjordbygdene er avhengig av kor stort og kor langvarig innsiget av torsk er. Midt på 1700-talet når Strøm skriv dette er innsiget av torsk

⁶⁹ Solheim 1985, s. 239.

⁷⁰ Nedkvitne 1988, s. 520.

⁷¹ Strøm II 1766, s. 204, 242.

større enn på byrjinga og på slutten av 1700-talet, og 1790-åra er svartår.⁷² Strøm presiserer og at bøndene frå Stranda og Norddal berre deltek på vårtorskefisket. Etter meldingane frå prestane i Nordfjord i 1743 går det også fram at bøndene tok del i torskefisket etter kor langvarig det var og kor nær dei budde kysten. Deltakinga var såleis størst frå dei vestlege stroka av prestegjelda Eid og Gloppen, men prestane vurderer det slik at fisket har lite å seie for innbyggjarane i kalla.⁷³ Det er ikkje kjent at dei deltok på same måte i silde- og seifisket. Fisket var såleis for fjordbøndene i Nordfjord og på Sunnmøre ein aktivitet på den tida av året då det var minst å gjere på bruket - i januar og februar. Det er og rimeleg å tru at deltakinga er størst i fjordbygdene i midtre strok, dvs. delar av Gloppen, delar av Eid og Stranda prestegjeld og minst i dei inste fjordbygdene, dvs. i bygdene i Innvik og Norddal prestegjeld.

Tabell 3-2 syner ein tydeleg skilnad i talet på handelsmenn og gjestgjevarar i dei to områda. I kystområdet finst det 19 hovudpersonar i yrkeskategorien handelsmenn og gjestgjevarar, medan berre 3 i fjordområdet. På 1700-talet fans det ei 20-30 kremmarleie i kystområdet.⁷⁴ Folketalet i dei to områda er omlag likt (jfr. tabell 3-1). Denne skilnaden i handelsnæringa skuldast mellom anna at kystområdet omsluttar den ytre skipsleia til Bergen både nordanfrå og sørfrå, men det kan og tyde på ei anna organisering av handel med jordbruks- og fiskeprodukt og eit langt større omsetningsvolum. Truleg er desse handelsmennene involvert i handel med salt og sild som lokale uteliggarsborgarar.⁷⁵

Skilnaden mellom dei to områda med omsyn til fiskeri kan då karakteriserast slik: I kystområdet kan det drivast fiske heile året på ulike fiskeslag: Kysttorsk, vår- og storsild om vinteren/våren, laks, sei og makrell om sommaren og feitsild seinsommar og haust. Denne fisken var viktig på to måtar - den dekte delar av matbehovet og den gav kontantar. I beretningane frå amtmennene i 1835 og 1840 vert det sagt beint fram at fiske er hovudnæringa i Sartor og Våg skipreide,⁷⁶ i Finnås prestegjeld, i delar av Fitjar sokn, i Austevoll og Møkster sokn (Sund), Herlø, Radøy og Lindås Skibreide.⁷⁷ (=Kystområdet). Fiskarane i området frå Fitjar på Stord til Manger kunne leve fersk fisk til Bergen.⁷⁸ Svikta ein ressurs som den vårgytande silda gjorde frå 1784, så fanst det andre fiskeressursar.⁷⁹ I fjordområdet er deltakinga i fisket avgrensa til vårtorskfisket. Deltakinga varierer med avstand til kysten og storleiken og

⁷² Dyrvik 1989, s. 88.

⁷³ Djupedal 1953, *Meldingar frå prestane i Nordfjord 1743*, s. 18, 28, 44.

⁷⁴ Fossen 1979, s. 538-539.

⁷⁵ Nedkvitne 1988, s. 541.

⁷⁶ Beretning 1830/35 s. 223. Jamfør også Kraft 1825 s. 589-594

⁷⁷ Beretning 1836/40, s. 153-154, s. 156.

⁷⁸ Nedkvitne 1988, s. 375-376, 420-421, 448-449.

⁷⁹ Beretningane frå amtmennene nemner særleg sommarsild, brisling, makrell, sei, laks, hummar og vårtorsk. Beretning 1830/35, s. 223 og Beretning 1836/40, s. 153-154, 159.

kor lengre innsiget varer. Fiskeaktiviteten fell på ei tid på året når det er minst å gjere i jordbruksproduksjonen.

3.3.2 Jordbruksproduksjonen

Teljinga i 1801 gjev liten informasjon om jordbruksproduksjonen. Ein liten detalj er det vert å merke seg. Tabell 3-2 syner at yrkeskategorien husmann **med** jord er vanlegast i kystregionen, med unntak av Manger der dei to kategoriene av husmenn er jamt fordelte. I fjordområdet er det omvendt, kategorien husmann **utan** jord er størst, medan husmann med jord finst og i Gloppen og i Stranda, jfr. tabell 3-2. Desse skilnadene kan vere reelle, men også eit resultat av ulik føringsspraksis. Det er ikkje umogeleg at teljarane i fjordområdet kravde eit større jordstykke for å nemne husmannen som husmann med jord.

Tabell 3-3 Åkerproduksjonen i kyst og fjordområdet. Avling av korn og poteter i tunner pr. individ og agrareining (skyldsette bruk og husmannsplassar med jord) 1835.

Prestegjeld	Avling i tunner pr. individ		Avling i tunner pr. agrareining	
	Korn	Poteter	Korn	Poteter
Findås	0,98	1,26	5,81	7,53
Stord	1,28	1,46	7,29	8,32
Sund	0,49	0,52	3,00	3,15
Manger	0,39	0,51	2,29	3,01
Snitt kyst	0,78	0,94	4,59	5,50
Gloppen	1,09	1,37	7,32	9,21
Innvik	1,45	1,10	10,12	7,66
Eid	1,08	0,82	7,32	5,57
Norddal	1,56	0,51	11,19	3,65
Stranda	3,01	0,74	21,29	5,25
Snitt fjord	1,64	0,91	12,48	5,53

Kjelde: Statistiske tabeller, rekke 2

For å få eit inntrykk av sjølve jordbruksproduksjonen må vi nytte andre kjelder. Opplysning om jordbruksproduksjonen finst i matrikkelforarbeidet til jordavgifta i 1802, men i t.d. Gloppen manglar åkerbruksoppgåver.⁸⁰ Den neste jordbrukssteljinga er i 1835, men oppgåvene i desse vert rekna som upålitelege og generelt sett for låge.⁸¹ Tala frå denne teljinga vil likevel bli nytta, men ikkje for å bestemme den nøyaktige produksjonen eller rekne kalorimengder. Tala i frå teljinga vil eg bruke til å bestemme relativ tyngd og retning på hovudtrekka ved jordbruksproduksjonen i dei to områda.

Tabell 3-3 syner at kornproduksjonen er den tydelegaste skilnaden mellom kyst- og fjordområdet. Avlinga rekna pr. individ er kring den doble, og produksjonen pr. agrareining (skyldsette bruk og husmannsplassar med jord) er nesten 3 gonger så stor. Eit anna tydeleg

⁸⁰ Sandal II 1979, s. 44-45

⁸¹ Sandal II 1979, s. 44-45, Dyrvik 1988, s. 100, Hovland 1978, s. 345-346.

trekk er skilnaden mellom Nordhordland og Sunnhordland. Jordbruksproduksjonen i dei to sørlege prestegjelta er omlag dobbelt så stor som i nord. Potetavlingane er omlag like i dei to områda - ei tunne pr. person og vel fem tunner pr. jordbrukseining.⁸² Hovudskilnaden i åkerbruket mellom kyst og fjord er kornproduksjonen. Kva med husdyrhaldet?

Tala i tabell 3-4 er henta frå teljingane i 1835 og 1855. Sidan kvaliteten på 1835-teljinga er ujamn er utrekningar på grunnlag av teljinga i 1855 tekne med for kontroll. Avstanden i tid mellom dette talmaterialet og 1801-teljinga er ikkje heilt uproblematisk, men for Stord og Gloppen kan desse tala kontrollerast mot tal frå kommisjonsarbeida 1803/1808. Svein Gunnar Koppang rekna ut tilsvarende forholdstal for Stord prestegjeld, og i 1803 er talet på storfe 0.8 pr. individ og småfe 1.2,⁸³ mot 0.9 og 1.5 i 1835. Koppang har kontrollert kommisjonsoppgåvane mot samtidige skifte utan å finne nemnande avvik, med unntak av småfehaldet som ved stikkprøver har synt ei underrapportering på kring 30%.

Tabell 3-4 Husdyrhald i kyst- og fjordområdet. Talet på husdyr etter teljinga i 1835 og 1855 i snitt pr. individ og agrareining.

Prestegjeld	Husdyrhald pr. individ				Husdyrhald pr. agrareining					
	1835		1855		1835			1855		
	Storfe	Småfe	Storfe	Småfe	Hestar	Storfe	Småfe	Hestar	Storfe	Småfe
Finnås	0,7	1,4	0,7	2,1	0,5	4,4	8,4	0,5	4,8	14,1
Stord	0,9	1,5	0,9	2,4	0,5	4,9	8,4	0,4	5,6	15,8
Sund*	0,5	0,5	0,6	1,0	0,1	2,8	3,1	0,1	4,5	7,6
Manger	0,3	0,5	0,5	1,1	0,2	1,9	2,8	0,3	3,7	7,7
<i>Snitt kyst</i>	0,6	1,0	0,7	1,7	0,3	3,5	5,7	0,3	4,7	11,3
Gloppen	0,8	1,6	1,2	2,9	0,8	5,6	10,6	0,9	8,2	19,5
Innvik**	0,9	2,0	1,2	3,0	0,7	6,6	14,2	0,9	8,5	20,7
Eid	1,0	2,2	1,1	2,7	0,8	6,7	14,8	0,8	7,0	17,7
Norddal	0,8	1,9	1,1	3,2	0,6	5,8	13,6	0,7	7,3	21,9
Stranda	0,8	2,1	0,9	2,7	0,8	5,7	14,8	0,8	5,9	18,0
<i>Snitt fjord</i>	0,9	2,0	1,1	2,9	0,7	6,2	14,3	0,8	7,2	19,6
<hr/>										
*Sund 1855 = Sund og Fjell prestegjeld										
**Innvik 1855 = Innvik og Stryn prestegjeld										
Kjelde: Statistiske tabeller rekke 2 og Statistiske tabeller rekke 8										

For Gloppen er talet på storfe 1.4 pr. individ og småfe 2.5 pr. individ i 1808.⁸⁴ Dette er langt høgare enn i 1835 (0.8 og 1.6), men omlag som i 1855 (1.2 og 2.9). Dette kan tyde på at produksjonstala for Gloppen i 1835 er for låge. Tabell 3-4 syner også at talet på småfe (sauer og geiter) i Gloppen er mistenkjeleg lågt i høve til dei andre prestegjelta i regionen. Grunnlaget for finrekning på desse tala synest ikkje vere til stades, men visse hovudtrekk kan skisserast.

⁸² I 1801 er potetdyrkning heilt i startfasen i fjordområdet (Linge 1977, s.80-81, Sandal 1979 II s. 45), medan i kystområdet var potetavl alt blitt vanleg m.a på Stord (Koppang 1974, s. 131-132.).

⁸³ Koppang 1974, s. 137.

⁸⁴ Sandal I 1979, s. 634-637.

Til liks med kornproduksjonen deler talet på småfe kystområdet i to. Hestehaldet er også ulikt, og dette indikerer to ulike driftsformer. I sunnhordlandsprestegjelda har kring halvparten av brukseiningane hest, og forholdet mellom spadebruk og plogbruk er 50/50, medan i Nordhordland tykkjer spadebruket nesten vere einerådande. Etter ei rein topografisk vurdering er det truleg at hestehaldet i sunnhordlandsprestegjelda er størst i Stord og Valestrand sokn i Stord prestegjeld og i Sveio sokn i Finnås prestegjeld. I fjordområdet er talet på hestar kring 0.8 pr. eining. I praksis tyder dette at nesten kvart skyldsett bruk hadde ein hest. Talet er litt lågare for Norddal prestegjeld av di fleire bruk i dette prestegjeldet ligg på "berghyller" langs fjordarmane. Utanom dette er fjordområdet relativt meir homogen enn kystområdet med omsyn til husdyrhald. Det er først og fremst småfehaldet som skil dei to regionane. I fjordområdet er talet på småfe pr. agrareining 19.6 mot 11.3 i kystområdet i 1855, og i 1835 er dei tilsvarende tala 14.3 mot 5.7. Vi kan såleis rekne med at småfehaldet er minst det doble i fjordområdet. Talet på storfe i 1835 er 6.2 i fjordområdet mot 3.5 i kystområdet, og tilsvarende for 1855 er 7.2 mot 4.7, eller ein differanse i fjordområdet sin favor på 53%-77%.

Skilnaden i jordbruksproduksjon i 1835-1855 mellom kystområdet og fjordområdet er såleis den same som ein finn av 1723-matrikkelen. Nedkvitne konkluderer med at den samla jordbruksproduksjonen på kysten av Hordaland og Sogn og Fjordane var 60-65% lågare enn i innlandet målt i kaloriar.⁸⁵

3.4 Sosial kontekst

Med tabell 3-2 kan vi også få klarlagd ei side ved den sosiale konteksten - det kvantitative forholdet mellom bønder og husmenn. I kystområdet er 75% og i fjordområdet 83% av hushalda bondehushald.⁸⁶ Dette er godt over snittet for landdistrikta i Noreg, der vi finn 52.8% bondehushald og for Vestlandet, der delen av bondehushald utgjer 67.5%.⁸⁷ Tilsvarende finn vi at delen av husmannshushald er 19% i kystområdet, og 12% i fjordområdet, mot 34.4% totalt for landdistrikta og 24.8% for Vestlandet. Talførholdet mellom dei to gruppene er då 26 husmenn pr. 100 bønder i kystområdet, 15:100 i fjordområdet, jfr. tabell 3-2. Etter 1801-teljinga er same forholdet 65:100 i landdistrikta og 37:100 på Vestlandet.⁸⁸ Begge dei to områda er såleis langt klarare eit samfunn av gardbrukarar enn det vi finn i Noreg på denne tida. Dette gjeld også i forhold til Vestlandet. Utifra dette kan vi seie at både områda sosialt sett er to

⁸⁵ Nedkvitne 1988, s. 433.

⁸⁶ Jfr. punkt 2.2.2 for definisjon av bonde og husmann i forhold til kategoriane i teljinga.

⁸⁷ PGJ1801, Hist. inst. UiB

⁸⁸ PGJ1801, Hist. inst. UiB

relativt einsarta og egalitære bondesamfunn. Med unntak av Stord (53 husmenn pr. 100 bønder) er framveksten av husmannsvesenet truleg i startgropa.⁸⁹


3.5 Oppsummering

Analysen vil ha to nivå - landet og utvalsområda. Dei to utvalsområda er: i) Kystområdet: Kyststroka av Hordaland fylke, eit klart fiskeridistrikt i nærleiken av Bergen. ii) Fjordområdet: Indre og midtre del av Nordfjord og Sunnmøre, eit jordbruksområde der fedrifta står sentralt. Området ligg midt mellom Bergen og Trondheim. Folketalet i dei to områda er omlag likt, men samansetjinga (kjønn og alder) har klare skilnader. I fjordområdet er kornproduksjonen 2-3 gonger større enn i kystområdet, husdyrhaldet kring det doble. I kystområdet er fiske hovudnæringa, medan i fjordområdet er deltaking i fiske avgrensa til nokre få veker midtvinters. Deltakinga varierer med storleiken og lengda på torskeinnsiget og geografi (vestleg del). Framveksten av husmannsvesenet har nådd omlag same nivå, men står noko sterkare i kystområdet. Sosialt sett har vi så langt fått eit inntrykk av to relativt egalitære bondesamfunn. Kanskje vil analysen av hushaldsstorleik og -samansetjing i neste kapittel nyansere dette inntrykket.

⁸⁹ Til dømes i Norddal sokn startar voksteren i husmannsklassen kring 1795. Linge 1977, s. 82.

4. Hushald - storleik og samansetjing

Etter ressursmodellen er hushalda størst der jordbruket er hovudnæringa og fallande mot kystområde med uuttømmelege fiskeressursar - der levebrødsgrunnlaget er meir variert. I den koda versjonen av 1801-teljinga er nesten halvparten av alle hushaldsoverhovud kategorisert som bønder, og kring 1/3 som husmenn. Av hovudpersonar med yrkeskategorien fiskarar finst det berre 1320, eller kring 0.8%. For å finne fiskaren må vi dermed leite i kategoriene bønder og husmenn. I det sosioøkonomiske hushaldsmønsteret vert variasjon i hushaldsstorleik forklart langs ein akse med bondehushaldet og husmannshushaldet ved kvar sitt ytterpunkt. Med andre ord vil dei to mønstra krysse kvarandre, jfr figur 4-1.



Eg vil løyse dette analytiske problemet ved å analysere bonde- og husmannshushaldet kvar for seg. På landsbasis vil eg også avgrense analysen til berre å i) avdekkje regional variasjon i hushaldsstorleiken for bønder dvs. skilnader langs den loddrette aksen på figur 4-1. Hovudformålet med utvalsområda er å kunne sjå nærmare på den regionale variasjonen. I den komparative analysen i utvalsområda vil eg med basis i alle hushald ii) samanlikne hushaldsstorleik og samansetjing i dei to utvalsområda og vurdere homogeniteten internt, iii) sette hushaldsstorleik saman med yrke eller næringsveg (den loddrette aksen) og iv) drøfte skilnaden langs den vassrette aksen mellom bonde og husmann i dei to områda.

Sentrale spørsmål blir: Kva regionale skilnader pregar bondehushalda? Passar fiskar-bonde/bonde modellen berre einskilde stader i Kyst-Noreg? Kva er skilnaden i storleik og samansetjing mellom hushalda i kyst og fjordområdet? Er denne skilnaden jamt fordelt, eller knytt til bestemte samfunnsgrupper?

4.1 Bondehushaldet i ulike landsdelar.

Men først må den noko uklare nemninga "Fiskeri-Noreg" avklarast. Solhaug definerer "Fiskeri-Noreg" som kystdistrikta frå Mandal til Finnmark.⁹⁰ Men langs kysten frå Lista til grensa mot Russland finst fem kjerneområde med ulike ressursar:⁹¹

⁹⁰ Solhaug 1976, s. 38-40.

⁹¹ Dyrvik 1989, s. 100, Nedkvitne 1988, s 55-56, 198-200, 248-250, 434-438, 470-477.

I) Eit område med vårgytande sild frå Lista til Stad. Hovudinnsigsområdet for denne stamma har variert gjennom dei siste 500 åra, men Karmøy vert rekna som sentrum for det sørlege innsiget og Sunnfjord for den nordlege. I ein periode midt på 1700-talet flytta nordgrensa for denne ressursen frå Askvoll til Sør-Trøndelag. Denne silderessursen forsvann frå kysten i 1784 og kom att i den sørlege delen i 1808.⁹²

II) Feitsilda (sommarsild, beitande sild) vandrar langs heile kysten, men kysten frå Trondheimsfjorden og nordover til Helgeland vert rekna som eit hovudområde.

III) Eit område kring Bremanger og på Mørekysten med innsig av gytande torsk.

IV) Eit i Lofoten med gytande torsk (skrei).

V) Eit område med beitande torsk på kysten av Nord-Troms og Finnmark.

Finst det regional skilnad i storleik for bondehushaldet som ein kan relatere til fiskeri som viktig næring? Tabell 4-1 gjev eit fylkesvis oversyn over middel hushaldsstorleik for hushalda der hovudpersonane er definert som bønder. Hushald der hovudpersonen er kategorisert som bonde utgjer i 52.9% av hushalda i landdistrikta i 1801. Der prosentdelen hushald er låg (jfr. tabell 4-1), t.d. i Hedmark, Oppland og Akershus heng dette saman med at det er mange husmannshushald i desse fylka. Husmannshushalda⁹³ utgjer i landdistrikta 33.2% av alle hushald. Med unntak av dei tre fornemnde fylka utgjer bondehushalda fleirtalet av hushalda i landdistrikta. Sjølv om eg avgrensar analysen i første omgang til bondehushaldet er det på ingen måte noko lite utval vi sit att med; bondehushalda utgjer totalt 76.702 hushald i 1801. Kvar finn vi då dei små bondehushalda og kvar finn vi dei store?

Fordeling av hushaldsstorleik for bønder på fylkesnivå gjev ein viss indikasjon på at store bondehushald er knytt til innlandet: Av dei tre fylka med størst gjennomsnittleg hushaldsstorleik er to reine innlandsfylke, Hedmark og Oppland. Med unntak av Hordaland og Troms og Finnmark er kystfylka på Vestlandet og i Nord-Noreg likevel i "feil" ende av tabellen ved at BondeMHS er høgare enn gjennomsnittet (6.44). Vestlandet er delt; medan Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har ein høg BondeMHS er han låg i Hordaland, og Rogaland ligg midt i mellom. Dette kan henge saman med at mange av desse fylka er samansette topografisk sett. Avstanden frå fjørestein til fjellvidde er kort, og tala på fylkesnivå er eit gjennomsnitt som avspeglar desse variasjonane. I vestlandsfylka finst både kyst og innland. Austlandet er også delt. Dei store bondehushalda finst sentralt og i nord, medan dei mindre finst i sør, Vestfold og Oppland er i kvar sin ende av tabellen.

⁹² Helland 1921, s. 280-283, Nedkvitne 1988, s. 475.

⁹³ Definert i kapittel 2.

**Tabell 4-1 Hushaldsstørleik hos bønder. Fordelt på fylke, sortert stigande etter MHS.
Bondehushald heile landet 1801.**

Fylke	Bondehushald				Alle hushald	
	MHS	St.avvik	Tal hushald	% av alle	MHS	Tal hushald
Vest-Agder	5,29	2,00	5228	82 %	5,08	6393
Vestfold	5,78	2,12	3505	57 %	5,22	6111
Aust-Agder	5,82	2,21	2717	55 %	5,12	4964
Hordaland	5,89	2,13	8045	71 %	5,37	11265
Troms og Finnmark	6,05	2,44	2576	53 %	5,46	4863
Østfold	6,24	2,21	3636	47 %	5,44	7775
Rogaland	6,34	2,15	4777	65 %	5,49	7389
Buskerud	6,36	2,45	4022	40 %	5,32	9975
Telemark	6,39	2,29	3329	42 %	5,24	7871
Nordland	6,51	2,46	6182	68 %	5,75	9103
Møre og Romsdal	6,60	2,35	6380	66 %	5,67	9684
Sør-Trøndelag	6,69	2,47	4243	44 %	5,35	9653
Akershus	6,92	2,50	3735	37 %	5,42	10179
Nord-Trøndelag	6,94	2,43	3537	45 %	5,41	7891
Sogn og Fjordane	7,03	2,13	5857	67 %	6,00	8772
Hedmark	7,07	2,93	4452	40 %	5,49	11095
Oppland	7,52	3,08	4379	37 %	5,56	11943
Kjøp- og ladestader	5,15	2,57	102	1 %	4,60	18643
Totalt	6,44	2,44	76702		5,36	163569

Kjelde: HUSH1801

Standardavviket fortel at innafor fylka er variasjonen stor. For landet totalt ligg MHS for 2/3 av bondehushalda mellom 3.89 til 8.67. Vest-Agder og Vestfold merkjer seg ut med små hushald og lite standardavvik, og sameleis Sogn og Fjordane med store hushald og lite standardavvik dvs. liten variasjon. Dei tre nordlegaste austlandsfylka har høgt gjennomsnitt, men også stor variasjonsbreidde.

Kanskje kan eit høgare detaljeringsnivå kaste lys over det noko uklare inntrykket fylkestabellen gjev. Eg har derfor laga kart på prestegjeldsnivå, men bruk og tolking av kart for å framstille eigenskapar ved eit objekt er ikkje uproblematisk. Einingane på dei karta som vil bli presentert i denne oppgåva er langt frå like store i utstrekning eller folketal. På eit kart vil eit prestegjeld som er stort i utstrekning få ein større representasjon grafisk sett enn eit lite. Storleiken på det arealet ein verdi eller verdisett til ein variabel får på kartet har såleis ingen ting med denne verdien eller dette prestegjeldet sin relative betydning sett i høve til t.d. folketallet. Prestegjelda langs kysten er mindre i utstrekning enn dei i innlandet og ofte er desse prestegjelta oppdelt i øyar. Visuelt kan ein derfor lett bli lurt ved at auget lettare fester seg på store og samanhengande einingar inn frå kysten. Hovudformålet med figurane er derfor både å understøtte tabellane på fylkesnivå, og gje eit bilde av variasjonen innafor eit fylke eller ein landsdel, og av likskapar som går på tvers av fylkesgrenser. Med kring 360


prestegjeldseiningar⁹⁴ er kartet ypparleg til å visualisere dei valde variablane eller eigenkapane. Mange av desse variablane, t.d. hushaldsstorleik på prestegjeldsnivå kan i teorien ha like mange verdiar som einingar (prestegjeld). Statistikkprogrammet som produserer kartet tillet å gruppere desse verdiane i 2 til 6 grupper - anten med like intervall eller like frekvensar. Eg har valt å bruke grupper med like frekvensar, og normalt 4; som gjev 81 prestegjeld i kvar gruppe. Årsaka til at eg nyttar 4 og ikkje 6 som er det maksimale er eit kompromiss mellom presentasjon og analyse. I analysen av karta har eg gjerne variert frå 2 til 6 grupper, men ofte funne at oppdeling i 4 grupper gjev eit resultat som er råd å gripe, tolke og gje ei formulering.

Figur 4-2 syner storleiken til bondehushalda på prestegjeldsnivå (kvar gruppe inneheld like mange prestegjeld). Eit trekk trer fram - dei minste bondehushalda er knytt til kysten generelt. Langs kysten frå Østfold til Sognefjorden er bondehushalda i snitt 6 personar eller færre. Dei same små bondehushalda finn ein frå Sunnmøre til Brønnøy i Nordland med unntak av Haram, Hemne og Åfjord. Spesielt for unntaka er særskilt gode føresetnader for korndyrkning og ein langt høgare kornproduksjon enn for resten av Trøndelag- og Vestlandskysten nord for Boknafjorden.⁹⁵ På Helgeland, i Lofoten og Vesterålen er biletet noko meir samansett. I nokre prestegjeld rundt Bodø og yst i Lofoten og Vesterålen er og bondehushalda små, medan andre prestegjeld har høgare MHS. Det andre brotet finst på kysten av Sogn og Fjordane - her er og bondehushalda større enn nord for Stad og i Hordaland. Kanskje er mindre bondehushald eit trekk som går att langs heile kysten. Men der prestegjelda er orienterte austvest og dermed topografisk meir samansette kjem ikkje dette så klart fram som der prestegjelta er orienterte nord-sør.

Kan fiske og fiskarbondeøkonomien forklare dette biletet? Kvifor er det då slik skilnad på Vestlandet mellom t.d. Hordaland (små bondehushald) og Sogn og Fjordane (store), og kvifor trer ikkje Helgeland og Lofoten eintydig fram? Kan type fiskeressurs og mengde spele inn? På sørlege del av Vestlandet og på Trøndelagskysten var silda viktigaste, medan i området frå Bremanger til Møre og i Lofoten var skreiien hovudressursen. Medan torskefisket var konsentrert til vintermånadene, så finst det fleire typar silderessursar med ulike vandringsmønster - gytande sild vinter/vår og feitsild sommar/haust. I tillegg er både foredling og

⁹⁴ Prestegjeld, kjøp- og ladestader, landdistrikt av kjøp- og ladestader, jfr. tillegg B-4.

⁹⁵ Nedkvitne 1988, s. 407.

Figur 4-2 Hushaldsstorleik (MHS) hos bønder fordelt på prestegjeld. Landdistrikt 1801.

transport ulik: Salt og tunner er kritiske kapitalvarer for sildeproduksjon, anten må ho bli salta ved fangstfeltet, eller så må ho bli frakta fersk til byen for salting. Desse faktorane kan gjere at sildefiske lettare kjem i konflikt med jordbruk, samtidig som kontantstraumen vert større og manglende matvareproduksjon må erstattast med kjøpekorn. Kanskje kan ein gisse på at sildefiskarbonden vart mindre bonde enn torskefiskarbonden.

Men kartet gjev også eit signal om at det kan heller vere kombinasjon fiske og by eller **berre** kyst og by som gjev dei små bondehushalda. På kysten frå Østfold til Rogaland finn vi dei fleste kjøp- og ladestedane, området frå Boknafjorden til Fensfjorden ligg mellom Bergen og Stavanger og sentralt på Møre- og Trøndelagskysten ligg Kristiansund. Ei forklaring kan vere at urbaniseringa trekkjer folk ut av bondehushalda, samtidig som bondehushalda i bynære strok organiserer produksjonen annleis. Eit jamare sal av produkta både frå fiskeri og gardsdrifta gjennom heile året, sal av fersk fisk, ferskt kjøt og mjølk kan gje ei anna organisering av gardsdrifta enn der avstanden til marknaden er større, og høgare grad av produktforedling (smør, ost, tørka kjøt, skinn) er nødvendig. I meir perifere strok er sjølvbergingsgraden større og omsetjing av produkta er bunde til marknader eller framføring til byen med t.d. jekter på få og bestemte tidspunkt. Kortare avstand til by gjer og at ein lettare kan kjøpe matvarer som ein ikkje produserer sjølv, spesielt korn. Men dersom det er slik, kvifor er ikke bondehushalda små også kring Trondheim og Oslo? På dette analysenivået er det vanskeleg å få svar - fargar på eit kart har avgrensa verdi.

Bondehushaldet er ikkje berre minst i kyststrok. Unntaket andre vegen - med små bondehushald i innlandet finn ein i begge Agderfylka, i Vestfold og deler av Buskerud og Østfold og kring Røros og Femunden. Korleis kan ein forklare dette? Agderfylka har den lågaste hushaldsstørleiken for bøndene, og Vest-Agder er det fylket med færrest husmenn etter 1801-teljinga.⁹⁶ I artikkelen «*Overgang til selveie i Norge*» viser Anders Holmsen at m.a Agderfylka har høg grad av sjølveige.⁹⁷ Ei forklaring på dei små bondehushalda kan derfor vere at bøndene i Agder har praktisert bruksdeling framfor utskiljing av husmannsplassar. Dette vil kunne gje både få husmenn og låg MHS for bøndene (små bruk og små hushald). I Nordfjord er også graden av sjølveige høg, det er få husmenn, men her er bondehushalda store. Eit eventuelt samspel mellom graden av sjølveige, bruksdeling framfor utskiljing av husmannsplassar og hushaldsstørleik er derfor uklår.

⁹⁶ Talet på husmenn pr. 100 bonde er 21:100 i Vest-Agder, 57:100 i Aust-Agder, 15:100 i Nordfjord. Landsgjennomsnittet er 69:100. Kjelde: PGJ1801.

⁹⁷ Holmsen 1966, s. 222-237. I fogderia er det mellom 71-100% bondeeige i 1661, og i prestegjelda mellom 67-83% sjølveigarar i 1835.

I Rendalen fann Sølvi Sogner at hushaldstorleiken for bøndene i perioden 1762-1801 fall i takt med framveksten av husmannsvesenet.⁹⁸ Dersom dette er ein generell tendens vil ein vente å finne at: Dess fleire husmenn dess mindre bondehushald (negativ samvariasjon). Ein slik samanheng kan vi måle med korrelasjonskoeffisienten Pearsons r, og på prestegjeldsnivå i dei fem landsdelane er samvariasjonen mellom talet på husmenn pr. bonde og MHS for bondehushalda lik: 0.60 for Austlandet, 0.52 Sørlandet, 0.39 Vestlandet, 0.51 Trøndelag og 0.13 for Nord-Noreg. Overraskande nok får vi altså ein svak positiv samanheng mellom mengda av husmenn og storleiken på bondehushaldet.⁹⁹ Dette kan vi forklare med at dess fleire husmenn, dess fleire barn må ha plass som tenrarar hos bøndene. I første omgang kan ein vekst i talet på husmenn, minke bondehushaldet - i andre omgang auke det. Eit komplekst samspel!

I forhold til forklaringsmodellen - små fiskarbondehushald kontra større bondehushald - gjev korkje kartet eller tabellen eintydige svar. Bondehushaldet er minst i kyststroka generelt, og dette tyder på at fiskerbondeøkonomien berre er ein av fleire forklaringar på små hushald. Dei små bondehushalda på kysten aust for Lista gjev ein klar indikasjon på dette.

4.1.1 Frå landsnivå til utvalsområda

Bak eit måltal som medel hushaldstorleik (MHS) kan ligge stor variasjon - dette viser mellom anna standardavviket. Delar av den variasjonen som er avdekt så langt med omsyn til storleiken til bondehushaldet viser at MHS varierer både internt i fylka og mellom fylka. Hushaldstorleik og samansetjing hos bøndene i relasjon til andre hushald skal no analyserast vidare i dei to vestlandsregionane. Storlek og samansetjing skal setjast i ein økonomisk kontekst og i forhold til sosiale grupper. Dei to vestlandsregionane - kystområdet i Hordaland og fjordområdet (Nordfjord/Sunnmøre) - ligg sentralt i kvar sin ende av den nasjonale skalaen med omsyn til storleiken til bondehushaldet. I kystområdet tel bondehushaldet i snitt 5 personar, i fjordområdet i underkant av 7 personar - snittet for heile landet er 6.44, jfr. tabell 4-1. Vi skal no analysere materialet djupare for å avdekke kva som ligg bak desse skilnadene. Det vert såleis viktig å granske hushalda sin storlek og samansetjing både langs den økonomiske aksen fiske - jordbruk, og den sosiale aksen bonde - husmann.


⁹⁸ Sogner 1978, s. 702-703. Det er færre ugifte vaksne personar i bondehushalda i 1801 enn i 1762. Dette skuldast utflytting frå desse hushalda og etablering av eigne hushald (i snitt 3 hushald pr. år)

⁹⁹ PGJ1801, Hist. inst. I utrekninga er berre prestegjeld der bondehushaldet utgjer meir enn 20% av hushalda tekne med dvs. 96% av prestegjelda i landdistrikta. Målt innafor fylka har Østfold den beste samvariasjonen med Pearsons r = 0.71 dvs. ein moderat samanheng.

4.2 Kyst og fjord - hushalda i utvalsområda.

Det er påvist eit samband mellom hushaldsstorleik og bruksstorleik målt i skyld.¹⁰⁰ Ein kan tenkje seg at hushaldsstorleiken er proporsjonal med arbeidskraftbehovet. Innafor ein region eller ei bygd vil ein kunne påvise eit slikt samsvar, og avstanden i arbeidskraftbehov vil vere tydeleg mellom ein husmannsplass med ei ku, nokre sauер og ein åkerflekk, og bondebruket med langt større krøtertal og åkervidde. Men kvifor er hushaldsstorleiken ulik mellom to regionar? Kan bruksstorleik også nyttast som forklaring? Eller er arbeidskraftbehovet ulikt hos fiskarbonden og fjordbonden? Klarer fiskarbondehushaldet seg med 2 til 3 personar mindre enn fjordbondehushaldet.

Figur 4-3 Storleksfordeling av hushalda i kystområdet. Alle hushald i prestegjelda Finnås, Stord, Sund og Manger i 1801.



Kjelde: HUSH1801. Rådata i tabell B-1 (tillegg B)


4.2.1 Hushaldsstorleik - alle hushald

Til no er hushaldsstorleik samanlikna med måltalet MHS for bondehushaldet, og dei to utvalsområda ligg i kvar sin ende av skalaen. I kystområdet er MHS for bondehushaldet kring 5, medan fjordområdet i underkant av 7. Slike gjennomsnitt kan skjule stor variasjon, så første spørsmålet er derfor: Korleis fordeler **alle** hushalda seg i storleik kring desse gjennomsnitta for bondehushaldet og kor homogene er utvalsområda?

¹⁰⁰ Higley 1976, s. 70-117.

Figur 4-3 syner fordelinga av hushalda etter talet på hushaldsmedlemmer i dei fire prestegjelda Finnås, Stord, Sund og Manger. Den viser at kystområdet er relativt homogent når det gjeld hushaldsstorleik. Einaste skilnaden er at dei to nordlegaste prestegjelta (Sund og Manger) har flest hushald med 4 personar, medan dei to andre har flest hushald med 5 personar. Fordelinga av hushalda er relativ symmetrisk om snittet, som er 4.78 for alle hushald. Det er omlag like mange hushald med 4 og 5 personar (kring 20% av hushalda), og like mange med 3 og 6 personar (kring 15%) og 2 og 7 personar (10%). Er fjordområdet like homogent?

Figur 4-4 Storleksfordeling av hushalda i fjordområdet. Alle hushald i prestegjeld Gloppen, Innvik, Eid, Norddal og Stranda i 1801.



Kjelde: HUSH1801. Rådata i tabell B-1 (tillegg B)

Figur 4-4 syner fordelinga av hushald etter talet på medlemmer i fjordområdet. Dei to sunnmørsprestegjelta Stranda og Norddal skil seg frå Gloppen, Innvik og Eid ved færre hushald med 7 og 8 personar. Dessutan er det variasjon i talet på ein- og topersonshushalda - Norddal har mange og Eid har få. Men det finst fleire trekk som går att. I alle prestegjelta er det flest hushald (modus) med 6 personar. Karakteristisk er og at fordelinga har to "puklar". I alle prestegjelta med unntak av Eid er det fleire hushald med 2 personar enn med 3 personar. Eid er også det prestegjeldet som har færrest små hushald og færrest husmenn.¹⁰¹ Modus er ved 6 personar og ligg i underkant av BondeMHS (6.94) og den andre "puklen" på 2 personar

¹⁰¹ Jfr. tabell 3-2.

ligg i underkant av MHS for husmannshushalda (Snitt: 3.15). Dei to karakteristiske "puklane" på kurvene markerer m.a. skilnaden mellom bondehushalda og husmannshushalda. Fordelinga av hushalda i fjordområdet syner mange felles trekk, men er ikkje like homogen som i kystområdet.

Ei direkte samanlikning av frekvensfordelingane i figur 4-3 og figur 4-4 understrekar skilnaden i hushaldsstorleik som snittverdien (MHS) indikerte. I kystområdet tel kring 70% av hushalda mellom 3-6 personar, medan i fjordområdet har 70% av hushalda mellom 5-9 personar. Hushalda i kystområdet er jamt over kring 2-3 personar mindre enn i fjordområdet.

4.2.2 Hushaldssamansetjing - alle hushald


Er det ei spesiell gruppe av personar som "mangler" i kysthushaldet, eller er skilnaden jamt fordelt både etter kategori og alder? Ved å kategorisere personane i hushaldet i gruppene *hovudpersonar, barn, tenestefolk, slekt, andre* og *innerstar* er det mogeleg å avdekke om det er ein spesiell kategori som er klart mindre, eller om dei ulike gruppene jamt over er mindre.

Frekvensfordelinga av hushalda synte at innafor dei to områda varierte hushaldsstorleiken ein del, mest i fjordområdet. Hushalda er større i dei tre nordfjordsprestegjelda enn i sunnmørsprestegjelda, og sameleis er det ein liten skilnad mellom prestegjelda i Nord- og Sunnhordland. Før områda vert samanlikna direkte bør homogeniteten m.o.t samansetjing sjekkast.

I fjordområdet er hushaldsstorleiken lågast i Norddal, og største avviket finn vi gruppera *barn 15 år og yngre*, jamfør figur 4-5. I Norddal er gjennomsnittleg barnetal 1.31 pr. hushald, mot 1.70 for heile fjordområdet. Ei årsak til dette er mange hushald utan barn i denne aldersgruppa. Heile 40.6% av hushalda (176 hushald) er utan kategorien *barn 15 år og yngre* i Norddal, mot kring 30% i dei resterande prestegjelda i fjordområdet. Ei viktig årsak til dette er at mange av ekteskapa i Norddal i 1790-åra var omgifte, og at talet på reine førstegongsgifte går ned.¹⁰² Det låge barnetalet i Norddal i 1801 har såleis ei lokal forklaring og er av temporær karakter. Dinest skil Stranda prestegjeld seg ut med lågt snitt for *barn over 15 år*, men samtidig er snittalet for *tenestefolk* (1.13) relativt høgt. Dette kan tyde på at utvekslinga av barn mellom hushalda er vanlegare. I begge Sunnmørsprestegjelda er talet på *slekt* i hushaldet lågare enn for heile regionen samla (0.45 og 0.56 mot 0.70).

¹⁰² Linge 1979, s. 75,89.

Figur 4-5 Hushaldssamansetjing i fjordområdet og kystområdet. Alle hushald 1801.
Hushaldsstorleik i parantes.



Kjelde: CENS1801, Hist. inst. UiB. Rådata i tabell B-2 (tillegg B)

Kva med kystområdet? Figur 4-5 syner at i Stord prestegjeld er talet på *tenestefolk* (0.71) høgare enn snittet (0.59), men elles er variasjonen liten. I det heile er kystområdet noko meir homogent enn fjordområdet. Dermed har vi eit godt grunnlag for å samanlikne fjord mot kyst (jfr. Figur 4-5).

Den klaraste likskapen mellom områda er paret si stilling i hushaldet. Ekteparet utgjer stamma i hushalda både i fjord- og kystområdet med snitta 1.91 og 1.88. Dinest kjem *barn 15 år og under* med snitta 1.70 for fjord og 1.52 i kystområdet. Denne skilnaden kan forklarast med at det finst fleire hushald utan barn i kystområdet, for i fjordområdet finst det barn i denne aldersgruppa i 68.2% av hushalda, mot 65.6% i kystområdet. Dette påverkar gjennomsnittet når alle hushald vert rekna med. Så langt er hushaldssamansetjinga i dei to regionane relativt lik, men for dei andre kategoriane er situasjonen annleis. I kategorien *barn over 15 år* er snitt-tala pr. hushald 0.77 i fjordområdet og 0.42 i kystområdet. Dette kan skuldast at fleire forlet heimen og går ut i teneste i kystområdet, men nei: Talet på *tenestefolk* i hushaldet er 1.01 i fjordområdet og 0.57 i kystområdet. Den tredje tydelege skilnaden er talet på *slekt*: 0.70 pr. hushald i fjord og berre 0.22 i kystområdet. Dei to neste gruppene (*andre* og *innerstar*) er meir usikre fordi dei er utsette for både ulik føringspraksis og kvaliteten på dataprogrammet

som har koda om nemningane. Begge desse gruppene er større i fjordområdet enn i kystområdet. I fjordområdet er talet på *innerstar* 0.08 og gruppa *andre* lik 0.16, medan tilsvarende tal for kystområdet er 0.05 og 0.12. Kort summert er skilnaden mellom kystområdet og fjordområdet eit barn over 15 år, ein tenar og ein slektning. I ulike kombinasjonar gjev dette gjenomsnittleg 1.54 fleire personar i hushalda ved fjorden enn ved havet.

4.3 Hushald og næring.

4.3.1 Hushald og fiske

Dersom det er fiske som hovudnæring eller viktig sidenæringer som er årsaka til skilnaden, kan det typiske fiskarhushaldet skiljast frå andre hushald i kystregionen? Teljarane i Sund og Finnås ser ut til å ha vore meir samvitsfulle enn sine kollegaer sidan dei i større grad har ført opp «Næringsvei», jfr. tabell 3-2. Kan vi finne ulikskap i kystregionen for bønder med og utan fiske som "sideyrke" og sameleis for dei to husmannsgruppene? Vi vil analysere yrkesnemninga i folketeljinga for å finne i kva grad deltaking i fisket hadde noko å seie for hushaldsstørleiken i kystområdet.

Tabell 4-2 Hushaldsstørleik fordelt på yrkeskategoriar i Finnås og Sund 1801.


Yrkeskategori	Finnås		Sund		Totalt	
	MHS	Antall	MHS	Antall	MHS	Antall
Embet- og tenestemenn (1-7)	12,50	2	5,78	9	7,00	11
Handel, handverk, sjøfolk (8-17)	8,71	7	8,75	8	8,73	15
Bønder (18)	5,92	66	4,50	70	5,19	136
Bonde og fiskar (22)	5,18	379	5,00	583	5,07	962
Husmann med jord (19)	3,12	17	3,37	27	3,27	44
Husmann med jord og fiskar (23)	4,13	90	3,66	76	3,92	166
Husmann utan jord (20)	2,29	7	3,23	30	3,05	37
Husmann utan jord og fiskar (24)	2,91	11	5,00	3	3,36	14
Innerstar (25)	0,00	0	3,27	22	3,27	22
Utan yrkesnemning (39)	6,50	2	4,33	9	4,73	11
Fiskarar (21)	4,00	1	3,00	4	3,20	5
Andre yrke (26-38)	2,00	4	2,80	10	2,57	14
Totalt	5,02	586	4,68	851	4,82	1437

Kjelde: HUSH1801

Skil hushalda til hovudpersonane med fiske som «Næringsvei» seg ut frå dei andre utan denne nemninga? Tabell 4-2 syner at med unntak av bøndene i Finnås er eit felles trekk at dei hushalda der hovudpersonen har fiske som leveveg i snitt er **større** enn den tilsvarende gruppa der "sideyrke" manglar eller er noko anna enn fiske. Men skilnadene er små og det kan like gjerne vere andre forhold som spelar inn, som t.d. at gruppene utan fiske som "sideyrke" er einslege hovudpersonar (enkjefolk). Det kan også vere regionale skilnader i materialet som tabellen dekkjer. Tala frå Finnås der kategorien bønder har MHS på 5.92 og fiskarbonden

5.18 peikar i motsett og venta lei - bonden har større hushald enn fiskarbonden. Finnås prestegjeld er eit særslig samansett område topografisk sett. I søraustre del av prestegjeldet ligg gardane langs den smale Ålfjorden (Sveio sokn), medan i nordvest på Bømlo i vikar og sund på små øyar mot havet. Vilkåra både for jordbruk og fiske er ulike. Materialet frå dei to prestegjeldene gjev ikkje noko eintydig svar på korleis fiske som «Næringsvei» verkar inn på hushaldsstorleiken. Det kan vere slik at for husmannsgruppa har fiske ein plusseffekt på hushaldsstorleiken, medan det for bondegruppa har ein minkande effekt.

Figur 4-6 Talet på hushald fordelt etter talet på hushaldsmedlemmar. Bondehushald og husmannshushald i kyst- og fjordområdet 1801.



Kjelde: HUSH1801. Rådata i tabell B-3 (tillegg B)

4.3.2 Hushald og jordbruk

Figur 4-6 syner fordelinga av bondehushaldet etter talet på hushaldsmedlemmer i dei to utvalsområda. Fordelinga av bondehushalda i fjordområdet kan sjåast på som ei forskuing av fordelinga i kystområdet ved at hushalda i fjordområdet er 2-2.5 personar større enn i kystområdet, jfr. figur 4-6. Både av figur 4-5 og figur 4-7 syner det seg at vaksne barn og tenestefolk utgjer deler av denne skilnaden. Tidlegare har vi sett at jordbruksproduksjonen dels var den doble pr. jordbrukseining i fjordområdet, spesielt gjaldt dette korndyrking og småfehald. Kan denne skilnaden mellom kyst og fjord på 2-3 personar knytast til forskjellig arbeidskraftbehov?

Ein ting er sjølve talet på dyr, ein annan ting er arbeidet med å skaffe den fôrmengda som er naudsynt. I kystområdet kunne sauene gå ute i store delar av året, dei vart berre fora inne når snøen vart for djup.¹⁰³ I fjordområdet måtte sauene fôrast inne heile vinteren, og fôrmengda pr. sau vert derfor større. Til ein viss grad gjeld dette også storfeet. På grunn av gunstigare klima kunne kyrne takast inn seinare på hausten og sleppast tidlegare ut om våren. For Sunnmøre reknar Strøm med at med same fôrmengda kunne øybonden fore 10 kyr, medan fjordbonden berre 6 til 7.¹⁰⁴ Årsaka er delvis lengda på inneforingsperioden, men også at fjordkveget var større enn kyst- og øykveget og derfor kravde meir fôr.¹⁰⁵ I Øygarden (Manger prestegjeld) kunne og storfeet sleppast ut på dagtid i vinterhalvåret.¹⁰⁶ På bakgrunn av matrikkelforabeidet i 1867 har Per Sandal rekna ut at ei ku i Gloppen trorg kring 900 kg. høy, og ein lammesau kring 225 kg.¹⁰⁷ For Øygarden i Manger prestegjeld reknar Arne Asphaug med ei tilsvarende mengde fôr til ei ku, men berre 90 til 150 kg tørrhøy til ein sau.¹⁰⁸ Denne skilnaden i fôrmengda kan gjere at arbeidsmengda pr. småfe vert større i fjordområdet enn i kystområdet. Årsaka er først og fremst skilnaden i lengda på inneforingsperioden. Dessutan kan større grad av seterdrift i fjordområdet (i avsides fjelldalar) også virke inn på arbeidsmengda pr. dyr for både storfe og småfe.

Ei delforklaring på skilnaden i hushaldsstorleik er såleis det ulike arbeidskraftbehovet hos bøndene i dei to områda. På grunnlag av jamføringa av jordbruksproduksjonen (jfr. kapittel 3) er det grunn til å tro at trangen for arbeidskraft i samband med korndyrking og forsanking har størst innverknad på hushaldsstorleiken.

4.4 Hushald og sosiale grupper

Men ulikskapen i storleik og samansetjing mellom fjord og kyst kan også vere avgrensa til bestemte grupper av hushalda, avgrensa langs sosioøkonomiske skiljelinjer. Dette forholdet kan avdekkjast ved å samanlikne ulike "yrkesgrupper" i dei to områda. Kva skilnad finst i storleik og samansetjing mellom bondehushaldet og husmannshushaldet i dei to områda?

4.4.1 Hushaldsstorleik

Figur 4-6 syner fordeling av bonde- og husmannshushalda etter talet på personar i hushaldet. I kystregionen finn vi at det er flest bondehushald¹⁰⁹ med fire personar - bondehushaldet har 4 i modus og eit gjennomsnitt lik 5.10, medan husmannshushaldet har modus ved 3 personar og

¹⁰³ Asphaug 1992, s. 67-70.

¹⁰⁴ Strøm 1906, s. 503.

¹⁰⁵ Jamfør t.d. Helland 1901 s. 385-389 for ei utgreiing av mjølkemengder og storleik for kystkveg, øykveg og fjordkveg på Vestlandet.

¹⁰⁶ Asphaug 1992, s. 64-67.

¹⁰⁷ Sandal 1979, s. 54.

¹⁰⁸ Asphaug s. 65,59. Kjelda for desse tala er uklart, men dei er truleg frå ein matrikkel eller teljing i 1870-åra.

¹⁰⁹ Definisjon av kategoriane bondeog husmann jfr. punkt 2.2.2.

ein snitt lik 3.63. Frekvensfordelinga av hushalda er såleis relativt lik, ved at begge er positivt skeive i høve til normalfordelinga. Skilnaden mellom bonde- og husmannshushaldet er på kring 1-1.5 person.

I fjordområdet har fordelinga av bondehushalda modus ved 6 personar, medan fordelinga av husmannshushaldet har modus ved 2 personar. Fordelinga av bondehushalda er tilnærma symmetrisk om gjennomsnittet; modus 6 og gjennomsnitt lik 6.88. For husmannshushalda er fordelinga klarare positivt skeiv; modus 2 og gjennomsnitt 3.15. Skilnaden mellom bondehushaldet og husmannshushaldet er altså i underkant av 4 personar.


Samanliknar vi regionane ser vi at fordelinga av bondehushalda også varierer sterke i fjordområdet enn i kystområdet, og ein indikator på dette er standardavviket. I fjordområdet er standardavviket for bondehushaldet lik 1.96, medan det er 1.80 i kystområdet. Tydelegast er likevel at **differansen** mellom bondehushaldet og husmannshushaldet er langt mindre i kystområdet enn i fjordområdet.

4.4.2 Hushaldssamansetjing

Figur 4-6 indikerer at skilnaden mellom kyst og fjordområdet først og fremst gjeld bondehushaldet. Kan den avdekte skilnaden i hushaldssamansetjing førast attende til ei viss gruppe av hushalda i desse samfunna? I figur 4-7 er hushalda fordelt etter gruppene Borgarstand (Yrkeskategoriane 1-9 i den koda versjonen), Bønder (18 og 22), Husmenn med jord (19 og 23), Husmenn utan jord (20 og 24), og Andre yrke. Vi fann at skilnaden mellom kyst og fjord først og fremst gjaldt det vaksne barnet, tenaren og slektingen, og figur 4-7 syner at desse er avgrensa til bondehushaldet i fjordområdet, men for dei andre gruppene er likskapen tydeleg og klår. Husmannshushaldet i kyst og fjordområdet har omlag lik samansetjing. Begge stader har husmennene med jord litt fleire heimeverande born (omlag 0.3 barn) enn dei jordlause.

Skilnaden mellom bonde og husmann i kystområdet er relativ liten - i snitt 1.6 personar. Differansen kan skrivast til to grupper av hushaldsmedlemmar; tenarane (0.55) og barn 15 år og yngre (0.55). Dinest er det ein mindre skilnad når det gjeld barn over 15 år (0.25) og slektingar (0.16). I fjordområdet er skilnaden mellom bonde og husmann langt større - i snitt 3.4 personar, og den er tydeleg i fleire av kategoriane; tenarane (1.05); dei yngste barna (0.93); dei vaksne barna (0.68) og slektingar (0.67).

Figur 4-7 Hushaldssamsetjing fordelt på sosioøkonomiske grupper. Fjordområdet og kystområdet 1801.



Kjelde: CENS1801, Hist. inst. UiB. Rådata i tabell B-4 (tillegg B)

Dersom ein tolkar dette som sosiale skilnader er kystområdet klarare egalitært enn fjordområdet. Fjordområdet har ei klarare lagdeling mellom husmenn og bønder. Frekvensfordelinga av bondehushalda i fjordområdet viser at desse i storleik er spreidd over ein større skala - dette kan indikere større sosiale skilnader også mellom bøndene i fjordområdet enn i kystområdet. Dette indikerer at modellen med det sosioøkonomiske familiemønsteret er relevant i fjordområdet, men ikkje i same grad i kystområdet. I kystområdet er skilnaden mellom bonde og husmannshushaldet isolert til gruppene *barn under 15 år* og *tenarar*. I fjordområdet er differansen større og nesten alle medlemskategoriane er involvert.

Tidlegare har eg drøfta om skilnaden i hushaldsstorleik kan skuldast ulik bruksstorleik og eit større arbeidskraftbehov i fjordområdet. I fjordområdet er det fleire vaksne barn, tenarar og slektingar enn i bondehushaldet i kystområdet, jfr. figur 4-7. Dei vaksne barna (barn av hovudpersonen over 15 år) og tenarane vil normalt tilhøyre produksjonseininga i hushaldet, og dette styrker denne påstanden. Den andre differansen er slektskomponenten, men den tilhører både produksjonseininga og den omsorgstrengande/konsumerande eininga. Dersom slektingen er eit sysken av hovudpersonane og elles er frisk og rørleg vil han normalt produsere meir enn han konsumerer, men er slektingen foreldre med kår vil denne hushaldskomponenten vere meir konsumerande enn produserande. I begge områda er omlag 2/3 av personane i kategorien slektingar foreldre av hovudpersonen, og i hushaldet til fjordbonden

utgjer slektskomponenten i snitt 0.74, mot 0.24 i hushaldet til kystbonden. Dette tilseier også at produksjonsbehovet er større i bondehushaldet i fjordområdet enn ved kysten.

4.5 Konklusjon

Skilnaden i hushaldsstørleik mellom kystområdet og fjordområdet er stor. I kystområdet tel 72% av hushalda mellom 3-6 personar, flest hushald har 4 medlemmer og snittet (MHS) er 4.78. I fjordområdet tel 70% av hushalda mellom 5-9 personar, flest hushald har 6 medlemmer og snittet er 6.33.

Ved å samanlikne samansetjinga av hushalda i dei to områda syner det seg at denne skilnaden i storleik kan førast attende til bestemte kategoriar av hushaldsmedlemmer. I fjordområdet er det fleire vaksne barn, fleire tenrarar og fleire slektningar i hushalda.

Ved å dele hushalda etter storleik og langs ein sosioøkonomisk akse bonde-husmann viser det seg at denne forskjellen særleg kan førast attende til bondehushaldet i dei to områda. Bondehushaldet i fjordområdet tel oftast 6 personar, medan berre 4 i kystområdet. Husmannshushaldet i fjordområdet tel oftast 2 personar, medan 3 i kystområdet. Skilnaden i storleik mellom bonde- og husmannshushald er sterkest i fjordområdet - i kystområdet 1 person, i fjordområdet 4 personar. Dette tyder ikkje at modellen med eit sosioøkonomisk familie-mönster er irrelevant i kystområdet, men det kan vere at det skisserte skiljet mellom bonde og husmann ikkje går langs desse kategoriane, men snarare deler bondegruppa i to.

Ved å samanlikne samansetjinga av hushalda i dei to regionane synte det seg at det er liten eller ingen forskjell mellom husmannshushalda i dei to regionane. Tidlegare har vi identifisert skilnaden mellom områda i samansetjing av hushaldet til kategoriane vaksne barn, tenrarar og slektningar. På grunnlag av analysen av hushaldssamansetjing etter sosiale grupper synte det seg at denne skilnaden først og fremst gjaldt bøndene i dei to områda: i bondehushaldet i fjordområdet er det fleire vaksne barn, tenrarar og slektningar.

Samanlikning av bondehushaldet på landsbasis synte også store regionale skilnader i storleiken. På landsbasis er det ein fallande hushaldsstørleik frå innland mot kyst. Frå Vest-Agder til Troms kan dette sjåast i forhold til ein produksjonsakse (fiske-jordbruk). Tilgang på fisk - både til eige forbruk og til omsetjing - har gjeve tendens til fallande hushaldsstørleik, medan meir einsidig vekt på jordbruk (åkerbruk/fedrift) har ein aukande verknad på hushaldsstørleiken. Bak dette kan ligge ulik bruksstorleik. Produksjonseiningane er større i innlandet og arbeidsmengda i samband med førproduksjon, seterdrift og inneforingsperioden er større. Frå Østfold til Hordaland kan dette tolkast slik at hushaldsstørleiken fell mot byane og ferdselsåra - skipsleia. Langs dette området er urbaniseringa sterkest. Dei fleste kjøp- og ladestadene finst langs kysten frå Halden til Bergen. Dei urbaniserte områda aust for

Lindesnes finn ein gjerne ved utløpa til dei store vassdraga. Leia kan sjåast på som byen sin forlenga arm og som bindelekket mellom byane: Det kan vere verknaden av aktivitetane ved leia, i byen, og vassdraga (bergverk og skogsdrift) i like sterk grad som nærleiken til fiskefelta som gjer bondehushaldet slankare. Alternative levebrød kan føre til utflytting frå bondehushalda.

Men dersom dette skuldast muligheita til nyetablering utafor jordbruksdelen har mindre å seie for bøndene langs kysten bør dette gje tilsvarende utslag for etableringstidspunktet og lågare giftarmålsalder. Kanskje påverkar det også livssyklus. Dette er tema for neste kapittel - hushald og livssyklus.

5. Hushald og livssyklus

«Se, vi ere jo vante til at betrakte de to ting som hørende sammen,
levebrød og giftermål»
Eilert Sundt¹¹⁰

Giftarmålet - forloving, vigsel og bryllaup var (og er) sentrale livshendingar. Særleg fordi det var forbunde med ei rekkje endringar i ein person sitt liv; nokre flyttar ut av foreldreheimen, for andre var tenestetida over, nokre ektepar etablerer ein sjølvstendig heim, andre fekk no hovudansvaret for heimen dei budde i og kort etter vert dei foreldre for første gong. Dette gjer giftarmålet til eit sentralt vendepunkt i livet. Men tidspunktet varierte.

Giftarmålsalderen varierer langs den sosiale aksen - bondejentene står som brur tidlegare enn husmannsjentene og medan bondebrudgommen er eldre enn brura er aldersskilnaden mellom husmannsparet mindre.¹¹¹ Desse problemstillingane langs den sosiale aksen vil ikkje bli reist her, sidan dei dels krev andre kjeldetypar enn folketeljingar. Fokus vil derfor rettast mot den loddrette aksen i figur 5-1.

Figur 5-1 Giftarmålsalder.

		Giftemålsalder
		Einsidig jordbruksområde
		Høg
Bonde	Husmann	
Låg	Høg	
	Låg	
	Fiskeressursar	

Viktig i vår samanheng er at giftarmålsalderen varierer etter ressurstilgangen - i eit fiskeriområde skal han vere lågare enn i eit jordbruksområde. Dette heng saman med at det å finne eit sjølvstendig levebrød, etablering av eige hushald og giftarmål er nært bunde saman. Utan levebrød - ikkje giftarmål. Levebrødsmarknaden er betre i eit område med uuttømmelege fiskeressursar enn i eit einsidig jordbruksområde, og derfor kan fleire par gifte seg og samstundes etablere nye hushald på tidlegare tidspunkt i fiskeriområde.

Men dette enkle skjemaet kan vere forvaska: I eit område der hushaldsetablering i hovudsak skjer ved overtaking av foreldra sitt bruk kan giftarmålet skje nokre år før ein får ta over foreldra sitt levebrød, og i så fall treng ikkje giftarmålsalderen vere så ulik mellom eit fiskeriområde og eit meir einsidig jordbruksområde. Derfor vil eg også fokusere på hushaldsetableringa eller hushalds-

¹¹⁰ Sundt 1975, s. 264.

¹¹¹ Drake 1969 133-149, Sogner 1990, s. 43.

overtakinga ved å analysere etableringsalder (hovudpersonsrate¹¹² og etableringsalder¹¹³) og giftarmålsalder¹¹⁴.

På landsbasis vert derfor det sentrale spørsmålet: Finst det regionale skilnader i giftarmål- og etableringsalder, og kan vi sette variasjonen i samanheng med fiskeressursar? I utvalsområda vil eg først granske giftarmål og etablering meir i detalj. Er giftarmål og hushaldsetablering eitt? Ein kan også tenkje seg at det finst variasjon i korleis hushalds-overhovuda avsluttar livsløpet. Er ein hushaldsoverhovud gjennom heile livsløpet, eller overlet ein denne posisjonen til neste generasjon og inntek sjølv ei sekundær stilling i hushaldet på sine eldre dagar. Den andre utfordringa i utvalsområda vert derfor å sette andre livsfasar saman med hushaldsetableringa. Analysen av hushaldssamansetjing synte at det var skilnader i talet på tenrar, vaksne barn og slekt i hushalda i utvalsområda. Korleis påverkar giftarmål/etableringssalderen tenestetida? Lågare giftarmålsalder for kvinner vil føre til høgare fertilitet og sterkare folkevekst. I teorien kan ein og tenkje seg at få tenrar og vaksne barn i hushalda i kystområdet kan skuldast utflytting. Det siste temaet for dette kapittelet er derfor folkevekst. Modellen innebær at folkevekst er ein konsekvens av ulikt giftarmålsmønster. Er folkeauken sterkare i kystområdet enn i fjordområdet?

¹¹² Hovudpersonsrate er delen hovudpersonar i ei kjønn- og aldersgruppe, jfr. punkt 2.2.4.

¹¹³ Etableringsalder er den alderen der hovudpersonsrate er større enn 0.5 dvs. det ved dette alderstrinnet er det fleire hovudpersonar enn andre, jfr. punkt 2.2.4.

¹¹⁴ Giftemålsalderen som blir nytta i dette kapittelet er ei tilnærming til gjennomsnittleg giftemålsalder for førstegongs giftermål, jfr. punkt 2.2.4.

Tabell 5-1 Etablerings- og giftarmålsalder fordelt etter fylke. Gjennomsnitt for prestegjelda i fylka¹¹⁵, sortert stigande etter etableringsalder (menn). Heile landet 1801, kjøp- og ladestader skild ut.

Fylke	Etablerings- alder	Singulær gjennomsnitt giftemålsalder		Differansar	
	Menn	Menn	Kvinner	Etablering - giftermål	Menn- Kvinner
Troms og Finnmark	27,1	27,4	25,7	-0,3	1,6
Østfold	28,1	27,7	26,1	0,3	1,6
Vest-Agder	28,1	28,0	26,4	0,1	1,6
Vestfold	28,3	28,4	27,2	-0,1	1,2
Buskerud	28,4	28,0	26,1	0,4	1,9
Telemark	28,4	28,6	26,5	-0,2	2,2
Rogaland	28,5	28,2	27,8	0,2	0,4
Aust-Agder	28,7	29,5	26,1	-0,7	3,4
Akershus	28,8	28,4	26,7	0,4	1,8
Nordland	28,8	28,4	27,9	0,4	0,5
Hordaland	29,1	29,3	28,5	-0,2	0,8
Sør-Trøndelag	29,6	29,3	27,6	0,3	1,7
Oppland	29,7	28,8	26,9	0,9	1,9
Hedmark	29,9	28,8	27,9	1,1	0,9
Nord-Trøndelag	30,4	29,9	28,0	0,5	1,9
Sogn og Fjordane	30,6	29,9	29,6	0,7	0,3
Møre og Romsdal	30,7	30,7	29,9	0,1	0,8
Kjøp- og ladestader	26,4	26,3	26,4	0,0	-0,1
Totalt	28,7	28,5	27,3	0,2	1,2

Kjelde: PGJ1801

Rådata i tabell B-15 (Tillegg B)

5.1 Giftarmålsalder og etableringsalder

Først vil eg prøve å avdekkje regional variasjon i giftarmål og etableringsalderen. Talet for giftarmålsalderen for eit fylke i tabell 5-1 er gjennomsnittet av giftarmålsalderen i kvart av prestegjelda i fylket, og sameleis er etableringsalder for mennene i eit fylke lik gjennomsnittet av etableringsalderen. Jamfør punkt 2.2.4 for utrekning av giftarmålsalder og etableringsalder for eit prestegjeld. Eg har valt å bruke gjennomsnitt for fylket i staden for den direkte verdien for heile fylket, av di eg dermed vonar å fange opp retninga på den lokale variasjonen.

5.1.1 To sider av same sak?

Er giftarmål og hushaldsetablering to sider av same sak? Med nokre få unntak (Aust-Agder, Hedmark, Oppland og Sogn og Fjordane) så ser etablering av hushald og giftarmål til å vere nært knytt til kvarandre - det er nesten ingen skilnad mellom mennene sin giftarmålsalder og

¹¹⁵ Både etableringsalder og giftemålsalder kunne ha vore rekna ut direkte på fylkesbasis (uavhengig av prestegjeld).

Fordelen med gjennomsnittsverdien for prestegjelda i eit fylke er at han viser tydelegare tyngda og retninga på variasjonen innafor eit fylke.

etableringsalder. I Hedmark, Oppland og Sogn og Fjordane er giftarmålsalderen kring eit år lågare enn etableringsalderen. Årsaka til dette kan vere fleirfamiliehushald, og ein modell som kan forklare denne lågare giftarmålsalderen enn etableringsalderen er såkalla stammefamilier¹¹⁶ - der odelsguten eller -jenta, gifter seg, men foreldregenerasjonen framleis sit ved roret. Etter nokre år trekker foreldregenerasjonen seg attende og overlet bruket til arvingen. Andre fleirfamiliehushald vil og kunne forklare ein slik skilnad, t.d. der to sysken med sine familiar bur saman, men stammefamilien er nok den vanlegaste. Perioden frå giftarmål til overtaking av hushald vil kunne variere frå nokre månader til fleire år. Slett ikkje alle hushald treng gå gjennom ein slik fase, men i gjennomsnitt fører dette til at differansen i alder mellom giftarmål og hushaldsovertaking vert på eit år. I Aust-Agder finn ein den motsette varianten. Der er etableringsalderen for menn i underkant av eit år lågare enn giftarmålsalderen . Dette kan t.d. skuldast at det i nokre prestegjeld er slurva med å registrere ekteskapleg status, og i såfall vil talet på ugifte hovudpersonar bli for høgt. Men forklaringa kan og vere at ein etablerer eige hushald utan å vere gift, eller eventuelt etablerer hushald først og så gifter seg eit tid etter. Dette kan og vere eit resultat av meir eller mindre konsekvent føring av ugifte innerstar og losjerande som hovudpersonar i eigne hushald, og ikkje som medlemmar i vertshushaldet. Det kan og vere ein reell situasjon, der skipsfarten kan ha gjeve utvegar for menn i 20-års alderen. Det er derfor mogeleg at dette ikkje berre er eit utslag av føringspraksis.

5.1.2 Etablering og levebrødstilgang

Den lågaste etableringsalderen finn ein i kystfylka i den søraustlege delen av Noreg - frå Østfold til Rogaland, men aller lågast i Troms og Finnmark. Etableringsalderen i prestegjelda i desse kystfylka er i snitt mellom 27.1 og 28.7 år og alle er lågare enn gjennomsnittet (28.7 år). Berre i kjøp- og ladestader er etableringsalderen lågare. Forklaringa på låg etableringsalder i fylka langs denne kystlinja kan vere både mangel på levebrød og motsett - aukande tilbod på levebrød. Dersom mangel på levebrød er forklaringa kan ei årsak til lågare etableringsalder i desse kystfylka vere utvandring eller utflytting. Dei personane som ikkje har utsikt til å ta over eit levebrød flytter ut av prestegjeldet og inn til nærmeste kjøp- eller ladested eller til eit anna nordsjøland t.d. Holland.¹¹⁷ Dei ugifte i 20-30 års alderen flyttar ut av prestegjelda i landdistrikta og den utrekna etableringsalderen vert såleis låg i prestegjelda på kysten av t.d. Sørlandet. Med unntak av Finnmark er det i desse fylka ein finn dei fleste kjøp- og ladestader, langs kysten frå Fredrikshald til Stavanger finst 15 av 23 kjøpstader og alle ladestader i 1801. Men forklaringa kan og vere den motsette. Tilgangen på levebrød er god og aukande - nærlieiken til ein kjøpstads, skipsfarten, bergverka og skogsdrifta gjev nye levebrød og fleire kan

¹¹⁶ Jfr. definisjon av stammefamilie/stammesyklus i punkt 6.3.2


¹¹⁷ Søgne 1994.

gifte seg og etablere hushald. Dette vil også føre til at snitta for giftarmålsalderen og etableringsalderen i tabell 5-1 vert lågare. Dersom levebrødstilgangen er ujamt fordelt i desse kystdistrikta - t.d. gode muligheter kring Telemarksvassdraget vil begge desse forklaringane gjelde - flytting frå stader der mengda levebrød er konstant til der tilbodet er større eller aukande. Dersom giftarmål og hushaldsetablering skjer samtidig med flyttinga vil i så fall den utrekna giftarmåls- og etableringsalderen bli senka både på utflyttings- og tilflyttungsstaden.

Finnmark har den klart lågaste giftarmåls- og etableringsalderen både for menn og kvinner. Dette kan skuldast rike fiskeressursar som gjer det enkelt å etablere eige hushald utafor foreldrehjemmen, etniske grupper med eit anna giftarmålsmønster og tilflytting av unge menneske sørfrå. Det kan vere freistande å setje "new frontier" merkelappen på Troms og Finnmark. Denne merkelappen er ikkje heilt stoverein - området var ikkje folketomt før innvandrarane frå Østerdalen og Trøndelag sette seg ned i fjordane og dalane i indre Troms. Dei 20 siste åra før folketeljinga i 1801 vert rekna som starten på den organiserte innvandringa frå sørfrå til Målselv og Bardu.

I motsett ende av tabell 5-1 finn vi seks midtnorske fylke: Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Oppland, Hedmark og trønderfylka. Etableringsalderen er i desse fylka kring 30 år - Sør-Trøndelag lågast med 29.7 og Møre og Romsdal høgst med 30.7. Av dei seks midtnorske fylka med høg etableringsalder er fire kystfylke (Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, trønderfylka) i gode fiskeriområder - både for torsk og sild. Dette kan tyde på at uuttømmelege fiskeressursar ikkje senkar etableringstidspunktet, men det kan og vere at snitta i tabell 5-1 skjuler stor intern variasjon i desse fylka. Kva fortel kartet?

Figur 5-2 Etableringsalder for menn fordelt på prestegjeld. Landdistrikt 1801.



Kjelde: PGJ1801

5.1.3 Fisk eller kyst?

Kartet på prestegjeldsnivå (figur 5-2) syner at det er ein viss skilnad mellom kyst, fjord og innland mellom Nordfjord og Trondheimsfjorden dvs. i desse kystfylka. På kysten er etableringsalderen kring 28 år og lågare, medan i fjordstroka og innlandet frå 29 år og heilt opp mot 36 år. Dei fleste prestegjelda med etableringsalder frå 26 år og lågare har grense mot havet. Tre kystområde peikar seg ut med etableringsalder under og kring 28 år: Frå Boknafjorden til Fensfjorden, ei smal stripe frå Bremangerlandet til Trondheimsfjorden og store delar av Troms og Finnmark. Kva med Lofoten og området kring Vestfjorden - kanskje det rikaste fiskefeltet langs kysten? Berre ytst i Lofoten og Vesterålen har vi den venta låge etableringsalderen, medan ein i området frå Salten til Senja snarare finn motsette trekk. Ei forklaring kan vere at store fiskeressursar er ein nødvendig føresetnad, men ikkje tilstrekkeleg årsak til ein blomstrande levebrødsmarknad. Dyrvik har granska området kring Lofoten i detalj og konkluderer med at det er minimumsfaktoren - tilgangen på jordbrukseliningar - som styrer hushaldsetableringa, og ikkje maksimumsfaktoren - fiskeressursane.¹¹⁸ I dei andre gode fiskeridistrikta er etableringstidspunktet lågt, men problemet er at konjunkturane for dei respektive områda sine særmekrte fiskeressursar var därlege. I området frå Boknafjorden til Fensfjorden forsvann den vårgytande silda i 1784 - deretter var den borte frå norskekysten fram til 1808. På Møre var torskefisket ujamt frå kring 1760, og 1790-åra rekna som därlege.¹¹⁹ Ein paradoksal situasjon - som lettast kan forklara med at store fiskeinnsig, tilhøyrande gode tider og ein blomstrande levebrødsmarknad er fenomen som høyrer 1800 og 1900-talet til. Men kanskje er det slik at pris- og marknadsmekanismar og organisering av fiskeomsetjinga har like mykje å seie for levebrødsmarknaden som ressursmengda. Ved mindre innsig av gytande sild og torsk vil fiskaren vende seg mot andre fiskeslag, men det kan også samtidig føre til høgare pris og eventuelt betre marknad for andre typar fiskeressursar t.d. feitsild¹²⁰, makrell, laks, hummar og kystsorsk¹²¹ og produkt som tran og rogn¹²². Den tilsynelatande paradoksale situasjonen kan forklara med at levebrødsmarknaden i områda med varierte fiskeressursar (t.d. Vestlandet/Trøndelag) er meir sensitiv for marknadsforholda i fiskehandelen enn for konjunkturen i innsiget av ein spesiell ressurs. T.d. når eksporten av klippfisk over Bergen ein topp for 1700-talet i 1793, tørrfiskeeksporten har vore stigande sidan

¹¹⁸ Dyrvik 1989, s. 97.

¹¹⁹ Dyrvik 1989, s. 88, 91.

¹²⁰ Eit eige reskript av 27. mars 1795 for Sunnhordland og eit tilsvarande av 18 desember 1796 for Nordhordland omtalar notfiske og manglende betaling av «Landsløs». Fogtman 1801 s. 57-58 og 316. Dette tolkar eg som ein indikasjon på at framleis har vore omfattande sildefiske i kystområdet også etter 1784.

¹²¹ På 16- og 1700-talet dreiv sunnhordlendingane handel med sild, torsk, makrell, laks og hummar (kjøpt levande av hollandske kjøpmenn). Koppang 1974, s. 140.

¹²² Fossen 1979 s. 600.

1773, sildeeksporten har vore jamt fallande frå 1770-åra men er på kring 30000 tunner i 1790-åra (berre 1/3- og 1/4-part av kva den var i dei beste åra midt på 1700-talet). Biletet av Bergen sin utanrikshandelen er såleis samansett på slutten av 1700-talet - i *volum* har eksporten ein klar fallande tendens, men *verdien* av han er stigande mot 1800-talet. I 1795 er verdien av eksporten er over det doble av importen. Anders Bjarne Fossen konkluderer med at «byens utenrikshandlere skulle ha all grunn til å vere tilfreds med situasjonen.»¹²³ Korleis denne utviklinga har påverka i levebrødsmarknaden dei nære og fjerne leverandørrområda til Bergen er vanskeleg å seie. Det er ikkje nok å fange varierte fiskeinnsig - den må også bli omsett. Ein enkel samvariasjon mellom fiskeinnsig og levebrødsmarknad¹²⁴ er såleis langt frå klar.

Ein annan faktor som kan komplisere biletet er kullstorleiken - «mange i tall men ikke mange i forhold» som er Eilert Sundt si klassiske utsegn.¹²⁵ Store kull gjer at mange skal ha levebrød samtidig, og dette fører til at nokre må vente med giftarmål og giftarmålsalderen stig for ein periode. Store fødselskull og dermed høgare press på levebrødsmarknaden 25-35 år seinare kan skuve etableringstidspunktet opp. Så langt Vestlandet og Nord-Noreg.

5.1.4 Kyst og innland på Austlandet

Kartet syner at på Austlandet går det eit skilje mellom fjell- og øvre dalbygder med høg etableringsalder (kring 30 år og høgare) og flatlandet og kystfylka med meir variert, men ofta lågare etableringstidspunkt (29 år og lågare). Ein rask kontroll mot tabell 5-1 syner at i Hedmark og Oppland er giftarmålsalderen lågare enn etableringsalderen. Det tyder på at for ein del par skjer giftarmålet før ein overtek som hovudpersonar i eit hushald. Biletet på austlandsbygdene er samansett og prestegjelda er små og mange, men nokre område peikar seg ut: Langs Telemarksvassdraget, eller vestlege del av Vestfold og delar av Telemark, finst prestegjeld med etableringsalder kring 28 år og lågare. Sameleis finn ein låg etableringsalder langs delar av Drammensvassdraget og langs delar av Glomma/Vorma mot Mjøsa. Østfold og Vest-Agder toppar tabell 5-1, snittet for prestegjelda i desse to fylka er 28.1 år. Kartet syner at for Østfold sin del har fleirtalet av prestegjelda variert, men låg etableringsalder, medan prestegjelda i Vest-Agder ser ut til å vere uniforme m.o.t etableringstidspunktet (28 år).

5.1.5 Hovudtrekk

Både føringsprinsippet og aldersoppgåvene kan påverke den utrekna etableringsalderen for eit bestemt prestegjeld. Til dømes vil måten innerstfamiliar og andre sekundære familiær i høve til hovudpersonen er ført på vil påverke hovudpersonsrate og i neste omgong kan dette verke inn på etableringsalderen. Alder kan vere runda av slik at det gjev tilfeldige utslag, spesielt i

¹²³ Fossen 1979, s. 612.

¹²⁴ T.d. Døssland 1981, s. 43 kan tolkast slik.

¹²⁵ Sundt 1975, s. 246.

prestegjeld med få individ. Dette er m.a årsaka til at utrekninga av etablerings- og giftarmålsalderen krev to alderstrinn med samme retning før denne vert bestemt (jfr. punkt 2.2.4). Finlesing av kartet (figur 5-2) bør ein vere varsam med, men eit par hovudtrekk synest klare: I fjord og innlandsstroka frå Agder til Sør-Trøndelag, og i fjell- og dalpartia på Austlandet (Buskerud, Hedmark og Oppland) er etableringstidspunktet høgare enn langs kysten og i dei sentrale bygdene på Austlandet. Nord-Trøndelag og Nordland (høg etableringsalder) skil seg på same måte frå Troms og Finnmark (låg). Desse to nordlegaste regionane har den lågaste giftarmålsalderen og etableringsalderen av alle fylka, og nettopp her kan snittet dekke over etniske skilnader. For landet samla under eitt ser det ut som det er kysten, byane og vassdraga som senkar etableringstidspunktet. Låg etableringsalder er såleis eit kystfenomen generelt og dermed dels uavhengig av bestemte fiskeressursar.

Kartet syner at dei to utvalsområda ligg i kvar sin ende av skalaen. Fjordområdet ligg i ein del av Midt-Noreg med ein høg etableringsalder mellom 31-36 år, medan i kystområdet er ein del av kysten av Sørvest-Noreg med ein låg etableringsalder (28 år og lågare). Neste steg blir derfor å prøve å avdekkje kva som ligg under desse grove snitta, først ved å sjå meir detaljert på etableringsfasen og deretter trekke sette etablering og giftarmål inn i eit vidare livssyklusperspektiv.

5.2 Kyst og fjord. Unge menn - ulik karriere

Førre avsnittet indikerte at skilnadene mellom kyst og fjord på Vestlandet til dels er store m.o.t alder for giftarmål og etableringa av eige hushald. Etableringsalder - definert som alderen der hovedpersonsraten passerer 0.5 - og giftarmålsalder - der minst halvparten av eit kull er gift - kan skjule variasjon i etablerings- og giftarmålsåferd. Ved å samanlikne hovedpersonsraten og giftarmålsraten skal vil eg prøve å komme nærmare det som karakteriserer dei to områda med omsyn til giftarmål og hushaldsetablering.

5.2.1 Homogene utvalsområde?

Kor homogene er dei to områda når det gjeld tidspunkt for etablering og for giftarmål? I kystområdet varierer giftarmålsalderen for menn mellom 26 og 28 år, og totalen for heile området er 28 år. Etableringsalder, eller alderen der hovedpersonsraten er større enn 0.5, varierer frå 26 til 28 år, med 27 år som etableringsalder for heile området. Giftarmålsalderen for kvinner varierer mellom 26 og 29 år, og totalt for heile området er den 27 år. I kystområdet er altså kring halvparten av eit årskull (uavhengig av kjønn) gift og etablert med eige hushald når dei er 27 år. I fjordområdet varierer etableringsalderen for menn mellom 31 og 36 år, giftarmålsalderen frå 30 til 34 år, og giftarmålsalderen for kvinner mellom 29 og 33 år. Totalt for heile

området gjev dette etableringsalder lik 34 og giftarmålsalder lik 33 år (menn) og 32 år (kvinner).

I fjordområdet er altså halvparten av individua i eit kull først gift og etablert som hovudpersonar i hushaldet først ved 33 års alderen. Samanliknar ein kyst og fjordområdet er avstanden 7 år for etableringsalderen for menn og 5 år for giftarmålsalderen, både for menn og kvinner. Kystområdet består av fire prestegjeld, fjordområdet av fem, samla er årskulla i desse aldersgruppene kring 100 personar i begge områda. Det er ingen overlapping mellom einskildprestegjelda og det difor vanskeleg å sjå at dette kan førast attende til ulik føringsspraksis, eller sviktande føring av alder (alderen er runda av) og sivilstatus. Den interne variasjonen i utvalsområda kan ha si årsak i fleire faktorar, men lokale kullvariasjonar vil spele ei rolle. Denne skilnaden mellom kystområdet og fjordområdet kan også skuldast ulik utflytting, t.d. i kystområdet flyttar mange av dei som ikkje har utsikt til eit levebrød ut av regionen og dermed vert hovudpersonsrate låg fordi hovudpersonar og gifte blir. Men Herstad har synt at det motsette er tilfelle - utflyttinga frå dei ulike delane av Bergen stift i perioden 1769 til 1815 er størst på Sunnmøre og i Nordfjord og minst i Sunnhordland og Nordhordland.¹²⁶

Kan denne relativt store skilnaden i giftarmålsalder kontrollerast? I Koppang si hovudoppgåve «Befolkningsutvikling og yrkesstruktur i Stord prestegjeld 1666-1801» er eit eige avsnitt om nuptaliteten.¹²⁷ Diverre manglar alderen på dei vigde i kyrkjebøkene for denne perioden slik at tala for kystområdet ikkje let seg kontrollere mot eksisterande litteratur. Derimot føreligg det ei demografisk granskning for Avaldsnes prestegjeld, som ligg rett sør for kystområdet. I Avaldsnes har ein tilsvarende giftarmåls- og etableringsprofil som kystområdet¹²⁸ og giftarmålsalderen ved førstegongs giftarmål i perioden 1788-1801 er 27,6 år for kvinner og 28,0 år for menn.¹²⁹ For Norddal sokn i fjordområdet føreligg det også ei demografisk granskning og giftarmålsalderen ved førstegongs giftarmål i perioden 1760-1815 for bønder er 30,5 år for menn og 29,0 år for kvinner og for husmenn 35,5 år for menn og 35,7 år for kvinner.¹³⁰ Denne kontrollen tyder at den singulære giftarmålsalderen gjev ein god peikepinn på den eigentlege gjennomsnittlege giftarmålsalderen ved første gongs giftarmål i dei to utvalsområda.

¹²⁶ Herstad 1970, s. 129-131. I perioden 1737-1815 må mest 50% av fødselsoverskotet flytte ut frå Norddal sokn, Linge 1977, s. 155

¹²⁷ Koppang 1974 s. 49-52

¹²⁸ Singulær giftemålsalder lik 28 år for kvinner, 27 år for menn og etableringsalder lik 27 år. CENS1801, PGJ1801, Hist. inst. UiB.

¹²⁹ Øygarden 1979, s. 83.

¹³⁰ Linge 1977, s. 83


5.2.2 Populasjon, utval og aldersintervall

Kva aldersintervall er rimeleg for å analysere livssyklus? Den viktigaste årsaka til å ha relativt store og vonleg homogene utvalsområde er å få ein stor nok populasjon til å kunne bryte den ned på einskilde alderssteg. Ved små populasjonar (500-1000 individ) må hovudpersonsrate reknast ut på aldersgrupper med 5 eller 10 års intervall¹³¹, men med mellom 6000-7000 individ i populasjonen (talet på menn i dei to utvalsområda) let det seg gjere å rekne ut hovudpersonsrate på kvart einskild alderstrinn. I alderstrinna frå og med 21 år til og med 30 år varierer talet på menn i kystområdet frå 73 til 118 personar, og avrunda alder fører til at ekstremverdiane finst ved 29 og 30 år. I aldersgruppa frå 61 til 70 år varierer populasjonen frå 18 til 41 med ekstremverdiane ved 69 og 70 år. Avrunda alder avhengig av sivilstand eller personen sin hushaldsstilling kan likevel gje større variasjon mellom to alderstrinna enn reelt. Det kan t.d. vere at ugifte hushaldsmedlemmer som ikkje er hovudpersonar oftare har ein avrunda alder enn gifte hovudpersonar.¹³² Dette gjer at eg i figur 5-3 vel å bruke to års aldersintervall. Dette gjev eit mindre "taggete" preg på grafen, spesielt i dei høge aldersgruppene, men også kring heile tiår. To års aldersintervall kan vere i unødvendig detaljert, men som figur 5-3 syner er endringane i sivilstatus drastiske kring 30 år og derfor er så høg oppløysing naudsynt. På figur 5-3 er hovudpersonsrate (talet på mannlege hovudpersonar i forhold til talet på andre menn ved same alder) teikna saman med talet på gifte- og enkjemenn i forhold til ugifte for kvart alderstrinn. Figur 5-3 er lettast å lese om ein først tek fatt i tala for utrekninga av giftarmåls- og etableringsalder. Figuren syner at i kystområdet er det både fleire gifte enn ugifte, og fleire hovudpersonar enn andre mannlege hushaldsmedlemmer ved 27 år dvs. der kurva har passert den vassrette streken ved 0.5. I fjordområdet er det fleire gifte enn ugifte ved 32 år og fleire hovudpersonar først ved 34 år.

¹³¹ Laslett 1972, s. 79.

¹³² Ein kan tenkje seg at hovudpersonen var sikker på sin eigen alder, men ikkje like sikker på alderen til ein innerst eller ein tenar.

Figur 5-3 Hovudpersonsrate og giftarmålsrate for kyst og fjordområdet. Menn 1801.



Kjelde: CENS1801, Hist. inst. UiB. Rådata i tabell B-5 (tillegg B)

Korleis kan ein tolke grafane i figur 5-3? Først og fremst vil eg gjere merksam på at grafen ikkje er ein representasjon av longitudinelle data der mange individ er fylgd år for år gjennom giftarmål og stillingar i hushaldet eller på verkelege kohortar, menn født i bestemte tiår. Men grafen viser sivilstatus og hushaldstilling pr. 1801 for heile den mannlege del av befolkninga i dei to utvalsområda fordelt etter alder. Ved å bruke tenkte eller såkalla syntetiske kohortar, kan grafen avdekkje bestemte livssyklushendingar - giftarmål, hushalds-etablering og eventuell "pensjonering". Kva er karakteristisk for mennene i kystområdet?

5.2.3 Kystkaren

I kystområdet er giftarmål og det å bli hovudperson i eit hushald to sider av same sak, for fram til kring 50 år er det nesten ingen differanse mellom delen på gifte/enkjemenn og delen av hovudpersonar. Dei første gifte mennene finn vi ved kring 20 år, men dei utgjer berre 4%. Delen av gifte/hovudpersonar stig raskt frå omlag 15% ved 23 år til kring 85% ved 31 år, deretter flater takta ut noko til han når eit maksimum ved 38 år. Frå 38 år til 58 år er mellom 90% og 97% av alle menn i desse aldersgruppene hushaldsoverhovud. Den første nedgangen i talet på hovudpersonar skjer i midt 60-åra (70% hovudpersonar ved 66 år), men fleirtalet av dei som når denne alderen er hovudpersonar livet ut. Av alle menn over 72 år i kystområdet er 60% hovudpersonar. Frå 50 år og oppover er avviket mellom reell alder og oppgjeven alder

truleg størst¹³³, men sidan endringane frå 63 til 67 år har så klar retning er det truleg dette gjev eit tilnærma godt bilet av prosessen med å føre hushaldet over til neste generasjon. Alt i 50-års alderen er det ein viss differanse mellom gifte/enkjemenn og hovudpersonar, fram til kring 56 år har denne vore under 5% dvs. 5% fleire gifte/enkjemenn enn hovudpersonar. Frå 57 år og fram til 63 år aukar denne prosentdifferansen sakte til kring 10%, deretter langt meir drastisk til kring 40%. Dette tyder på at når kystmannen er i midten av 50-åra skjer det ein viss overgang frå hovudperson til ei anna stilling i hushaldet - anten som far til neste generasjon, som innerst i eit hushald, som fattiglem eller som ein annan sekundær hushaldsmedlem. Finn vi andre trekk i fjordområdet?

5.2.4 Fjordaguten

I fjordområdet finn vi og dei første gifte mennene og mannlege hovudpersonar ved kring 20 år, men berre 2% i fjordområdet er gift i denne alderen. I kystområdet skjedde den kraftigaste overgangen frå ugift til gift i alderen 23 til 31 år, og vel 8 av 10 menn endra sivilstatus i løpet av 8 år. I fjordområdet skjer denne overgangen både ved ein høgare alder og med rolegare takt. Ved 25 år er 11% gift og dette stig til 81% ved 37 år, 7 av 10 menn endrar sivilstatus i løpet av desse 12 åra. Deretter slakkar takta av og først ved 48 år når kurva eit maksimum, dvs. kring 10 år seinare enn i kystområdet. Ved 48 år fell kurva for giftarmål/enkjemenn i fjordområdet saman med tilsvarende kurve for kystområdet - dei fleste menn frå kring 50 år og oppover er eller har vore gift både i kyst og fjordområdet (96% og 98%).

Medan kurva for hovudpersonsrate og giftarmålsrate var så og seie fullstendig samanfallande i kystområdet finn ein i fjordområdet klare avvik. Differansen mellom kurvene er størst mellom 26 og 36 år. I dette aldersintervallet er det 7% til 11% fleire gifte enn det er hovudpersonar på dei einskilde alderstrinna. Altså finst det gifte menn i desse hushalda som ikkje er hovudpersonar. Dette tyder på at ein del av hushalda har to eller fleire gifte par, og paret (egentleg den gifte mannen) i sekundær posisjon kan vere ein slekting av hovudpersonen eller ei innerstfamilie som ikkje er ført i eige hushald. Sidan dei mennene det gjeld er i 26 til 36 års alderen er det likevel rimelegast å tru at desse er søner av hovudpersonen som er etla til å ta over som hovudpersonar. Ved å lese differansen andre vegen, dvs. differansen i alder ved same rate - syner den seg å vere på 2 til 3 år. Dette kan ein tolke slik at den framtidige hovudpersonen ventar i snitt mellom 2 og 3 år før han tek over posisjonen som hushaldsoverhovud. Rundt 50 år er omlag 90% av mennene i fjordområdet hovudpersonar, men denne prosentdelen byrjar å falle i midten av 50-års alderen (79% ved 54 år). Deretter fell den jamt og trutt ned mot 50% ved 66 år, og av dei som er 72 år og eldre er berre 23% hovud-

¹³³ Lisbeth Higley har jamført den oppgjevne alderen i teljinga med andre kjelder og avvika kan vere opptil 10 år. Avvika aukar med alderen, men har inga bestemt retning. Higley 1976, s. 18-20.

personar. Samanliknar vi aldersperioden der minst 90% av mennene er hovudpersonar kjem det fram ein tydeleg skilnad mellom kyst og fjord: I kystområdet strekkjer dette seg frå 38 til 63 år, i fjordområdet frå 47 til 52 år.

I sum har vi då følgjande: I kystområdet er langt fleire vaksne menn hovudpersonar enn i fjordområdet. Dette ser vi av figur 5-3. Arealet mellom kurva for hovudpersonsrate og x-aksen (alderen) syner mengda av hovudpersonar. Av alle menn over 15 år er 64.4% hovudpersonar i kystområdet, 46.4% i fjordområdet. I kystområdet vert ein mann hushaldsoverhovud på eit tidlegare tidspunkt i livet enn i fjordbygdene, og giftarmål og det å bli hovudperson ser ut til å vere to sider av same sak. I fjordområdet er det ikkje uvanleg at ein gifter seg før ein vert hushaldsoverhovud, og langt fleire menn får/tek ein sekundær posisjon i hushaldet på sine eldre dagar enn i kystområdet. Denne prosessen ser ut til å starte i midten/slutten av 50-åra for begge områda, men overgangen er raskare og langt vanlegare i fjordområdet. I kystområdet er ein vanlegvis hushaldsoverhovud til ein døyr, medan i fjordområdet er talet på eldre hushaldsoverhovud sterkt fallande frå midten av 60-års alderen.

5.3 Kyst og fjord - livssyklus

Hushalda i dei to regionane har ulike trekk med omsyn til storleik og samansetjing. I kapittel 4 fann vi at hushaldet i fjordhushaldet var kring to personar større enn i kystområdet og at desse to personane mellom anna kunne finnast att i gruppene tenrar, vaksne barn og slektingar. Kan vi finne att desse personane i dei "rette" aldersgruppene og personkategoriane? Tidlegare i dette kapittelet har vi sett at giftarmål og hushaldsetablering skjer på ulike alderstrinn og med ulik takt i dei to utvalsområda. I kystområdet er og delen av hovudpersonar i dei høge aldersgruppene (over 50 år) større enn i fjordområdet. Hushaldet er meir enn hovudpersonar. Det er og ei gruppe av personar, med både ulike og samanfallande interesser, bunde saman med slektsband eller av økonomiske band. Ved å granske livssyklusfasar langs heile aldersskalaen vil kanskje avdekkje om fjordområdet har eit klarare patrilokaliseringande¹³⁴ preg enn kystområdet. Neo¹³⁵- eller patrilokalisering som måte å etablere hushald på vil og føre med seg to ulike livssyklusar. Det vil kan tyde på ulik "timing" av andre handlingar utanom sjølve etableringsfasen, t.d. når og kor lenge ein er i teneste, kor lenge er ein underordna foreldregenerasjonen og om foreldra trekkjer seg attende og inntek ei sekundær stilling i hushaldet.

¹³⁴ Hushaldsetablering ved overtaking av foreldra (faren) sitt levebrød.

¹³⁵ Hushaldsetablering ved å etablere seg utanfor foreldreheimen (nyetablering).


5.3.1 Livssyklusfasar og timing av livssyklussteg

Sidan kjeldematerialet er ei teljing kan vi ikkje fylge eit utval av individ gjennom livssoga deira, men livssyklus kan analyserast ved individfasar eller livsfasar. Ved å bruke kategoriane frå analysen av hushaldssamansetjing, jfr. gruppene førre kapittel: Hovudperson, tenestefolk, slekt, born over og under 15 år (inkluderer og barnebarn), innerstar (inkluderer og makar/barn av innerstar og losjerande) og deretter fordele desse kategoriane i aldersgrupper vil aldersbestemte livssyklussteg trè fram. Sidan det kan vere ulikskap mellom kjønna må populasjonen splittast i menn og kvinner, og sidan føremålet er å analysere samanhengen mellom livssyklus og hushaldsetablering - neolokalisering eller patrilokalisering - vil det vere menn sin livssyklus det vil bli fokusert på. Figurane nedanfor er derfor basert på den mannlige delen av folket. Hovudpersonane sin livssyklus har eg gjennomgått tidlegare i dette kapittelet, så her skal fokus setjast på dei andre hushaldsmedlemmane.

5.3.2 Livsfasar i kystområdet

Utvalet av personar tel 6275 menn i alderen 0 til 96 år. Personar i aldersgruppa 0-9 år er slått saman, sameleis personar fra 70 år og oppover. Figur 5-4 syner at ein del gutter byrjar som tenarar i 10-13 års alderen (7% er tenestegutar), medan dei andre er heime hos foreldra eller hos fosterforeldre. I hushaldskategorien Andre finn ein m.a. fosterbarn. Frå 14 år aukar delen av tenarar i høve til heimeverande barn jamt fram mot kring 20 år, då er 38% av gutane i teneste, medan vel halvparten er heime hos foreldra (54%).

Figur 5-4 Livsfasar i kystområdet. Menn prosentfordelt etter hushaldskategori (relasjon til hovedperson) og alder. Finnås, Stord, Sund og Manger prestegjeld 1801.




Kjelde: CENS1801, Hist. inst. UiB. Rådata i tabell B-6 (tillegg B)

Tidleg i 20-åra byrjar dei fyrste unge mennene å bli hushaldsoverhovud slik at både delen av tenarar og heimeverande søner minkar. I aldersgruppa 26-29 år har halvparten vorte hushaldsoverhovud (55%), og talet på tenarar og heimeverande vaksne søker er likt - dei utgjer kvar 20% av mennene i denne gruppa. Figuren viser at delen av heimeverande søner minkar raskare enn delen av tenarar. I aldersgruppa 30-33 år er det for første gong fleire tenarar (9%) enn vaksne søner (8%) og heile 80% av dei unge mennene har blitt hovedpersonar i eigen heim. Ein liten detalj kan vere verd å merke seg: I alle aldersgruppene frå 18 til 33 år er det 1% innerstar, og deretter dukkar ikkje innerstane (og losjerande) opp att før i gruppene over 50 år. I dei to eldste gruppene (over 66 år) utgjer innerstane 6% og 7% av populasjonen. Dei unge innerstane kan ein gissee er menn på vandring, på jakt etter levebrød, medan innerstane i dei øvre aldersgruppene kan vere tidlegare tenarar eller hushaldsoverhovud der nye folk har teke over levebrødet. I dei tre aldersgruppene mellom 18-29 år er og slektsdelen litt høgare enn før og etter, og slektsdelen vert først større att når personane er i slutten av 50-åra. Underlagsmaterialet viser at slektingane i 20-års alderen er brør til hovedpersonane - i denne tidlege etableringsfasen vil behovet for hjelp og støtte vere størst, samtidig som det også er ein venteposisjon for å finne seg eit eige levebrød.¹³⁶ Sleksdelen er

¹³⁶ CENS1801, Hist. inst. UiB.

splitta i Foreldre/Anna slekt og dette syner tydeleg at slektingar i aldersgruppene frå 54 år og oppover er fedrar til hovudpersonane. Tidlegare har vi sett at hovudpersonsratein først fell ved 66 år (70% hovudpersonar jfr. figur 5-2) sjølv om det er ein viss nedgang etter 57 år (90 % hovudpersonar). Dette viser at dersom hovudpersonen trekkjer seg attende og overlet hushaldet til ein annan, skjer dette frå kring 60 år og utetter. I aldersgruppa 58-61 år er det 89% hovudpersonar og 8% fedrar, og deretter frå midten av 60-åra (aldersgruppa 62-65) minkar talet på hovudpersonar raskt i høve til gruppene fedrar, innerstar og andre. Gruppa Andre inneheld både fattiglemmer og kårfolk utan slektstilknytning til hovudpersonane. Men som vi har sett tidlegare trekkjer ikkje alle seg attende. I kystområdet finn vi i 1801-teljinga fjorten menn som er 85 år eller eldre, ti av desse er førte som hovudpersonar og av alle over 70 år syner figur 5-4 at i underkant av 60% er hovudpersonar.

Figur 5-5 Livsfasar i fjordområdet. Menn prosentfordelt etter hushaldskategori (relasjon til hovudperson) og alder. Gloppen, Innvik, Eid, Norddal og Stranda Prestegjeld 1801.



Kjelde: CENS1801, Hist. inst, UiB. Rådata i tabell B-7 (tillegg B)

5.3.3 Livsfasar - mennene langs fjorden

Utvalet tel i alt 6615 menn i alderen 0-95 år, delt opp i aldersgrupper på 4 år og prosentituert innafor aldersgruppa. Først barna: Figur 5-5 syner at i 10-13 års alderen er dei fleste barn (og nokre få barnebarn) av hovudpersonen (88%) heime, men 7% av gutane i denne alderen har forlatt foreldreheimen og gått i teneste. Delen av tenestegutar aukar jamt i forhold til heimeverande fram til aldersgruppa 22-25 år då 40% er tenestedrenger, 45% heimeverande søner,

8% hovudpersonar og resten (6%) slektingar av hovudpersonen. Men og i slutten av 20-åra aukar delen av tenarar, samstundes som ein del vert hushaldsoverhovud. Talet på heimeverande søner minkar såleis frå to kantar. Det er i aldersgruppene frå 30 til 37 år at overgongen frå son/tenar til hushaldsoverhovud er sterkest. I slutten av 30-åra (38-41) er $\frac{3}{4}$ av mennene hushaldsoverhovud, og framleis er 14% tenarar. I midten av 50 åra minkar delen av hovudpersonar samstundes som slektsgruppa aukar. Nokre av dei yngste fedrane i desse aldersgruppene kan vere steforeldre. Med desse grove kategoriane er det langt frå uråd å finne einskilde eksempel med konstellasjonen hovudpersonar - fedrar der aldersdifferansen kan vere 10-15 år. Rundt 60 år fell delen av hovudpersonar raskt på kostnad av nye hovudpersonar, og i slutten av 60 åra er under halvparten av dei som har nådd så høg alder hovudpersonar. Over 71 år er berre 21% av mennene hovudpersonar i eigne hushald og over 83 år finst ingen. Gruppene innerstar, anna slekt og andre er relativ konstant gjennom heile aldersspekteret, og desse tre gruppene utgjer i snitt 6% av populasjonen. I aldersgruppene rundt 30 år er slektingane i hovudsak brør av hovudpersonen.

5.3.4 Skilnader mellom kyst og fjord

Det mest markante skiljet mellom dei to områda er som vi har sett tidlegare når ein mann vert hovudperson i eige hushald. Men dette påverkar fleire sider ved livssyklusen. Mellom fjordområdet og kystområdet er delen av gutar som i ein viss alder er i teneste relativt likt. I kystområdet er 38% av gutane i aldersgruppa 18-21 år tenestegutar, medan i fjordområdet er 40% tenestegutar i alderen 22-25 år. Skilnaden er først og fremst at mange unge menn i fjordområdet framleis er tenarar i slutten av 20-åra og i byrjinga av 30-åra. I kystområdet er tenarar i 30-års alderen noko meir sjeldsynt (<9%). Den seinere overgangen til hovudperson i fjordområdet (i byrjinga av 30-åra) fører og til at mange menn går heime. Tidlegare såg vi at ved kvar årstrinn mellom 26 og 36 år fans det kring 10% som var gifte, men utan å vere hovudpersonar (jfr figur 5-2). Nokre av desse kan vere tenarar, men dei fleste vil eg tru er søner av hovudpersonen. Dinest er det klart at fleire av 50 og 60-åringane i fjordområdet trekker seg attende og overlet posisjonen som hushaldsoverhovud til nye folk. Avstanden på x-aksen (aldersgruppene) mellom der delen av hovudpersonar stig raskast og der delen fedrar aukar er kring 30 år - omlag som giftarmålsalderen som er 33 år for heile fjordområdet (jfr. figur 5-2). Dette mønsteret synest vanskelegare å finne i kystområdet. Delen av fedrar i slutten av 50 åra er aukande, men det ser ut som om dei fleste hovudpersonar vert sitjande i posisjon ut livet. Sjølv om det er ein klar tendens til at mennene vert sitjande som hushaldsoverhovud, ser likevel dei yngre ut til å etablere seg langt tidlegare og langt raskare i kystområdet. Denne ulike livssyklusen kan ha samanheng med at menn sin levealder er

lågare i kystområdet enn i fjordområdet - sidan dei fleste etablerer seg frå kring 25 år, kan dette tyde på at langt færre når 60 år i kystområdet. Men dette er ikkje tilfelle. I kystområdet er prosentdelen menn over 55 år 14%, medan den er 16% i fjordområdet. Snarare peikar dette i retning av to ulike system med omsyn til etablering av hushald; sterkare grad av neolokalisering i kystområdet og klarare patrilokalisering i fjordområdet. Dette spørsmålet kjem vi attende til.

5.3.5 Under strukturane: Anders på Klubben

Er det mogeleg å finne eit enkelt eksempel som kan høve med delar av dei strukturane som er avdekt i fjordområdet? Eksempelet er berre meint å vere konkretiserande - ei longitudinell stikkprøve basert på Ekstraskatten i 1762 og folketeljingane 1801 og 1825, supplert med opplysningar frå bygdebøker i området.

Andersklubben heiter ein bergskolt ved Storfjorden. Namnet skal den i fylgje bygdeboka for Stranda ha fått etter ein Anders Kjelstad eller Klubbe-Anders - ein husmann frå nabobygda Sunnylven som budde her, og det er omlag alt bygdeboka fortel.¹³⁷ I Sunnylven finn vi ein Anders Olsen på garden Kjelstad,¹³⁸ døypt i 1764¹³⁹ og det passar med alderen. Kan vi finne at han og familien hans i 1801 og 1825? I 1801 er det berre ein Anders Olsen på 36 år i Stranda prestegjeld. Han er gift og tenar på garden Hessegjærde, ikkje langt frå Andersklubben.¹⁴⁰ I kyrkjeboka finn vi at Anders Olsen Kjelstad vart vigd i 1800 med Anne Iversdatter Oksvik.¹⁴¹ I 1801 teljinga finn vi henne på garden Oksvik. Anne er oppgitt å vere 31 år, gift og «spinderske». Ho har barnet Iver Andersen på eitt år hos seg. Bror til Anne er hovudperson i hushaldet, og hushaldet er stort - mor deira lever og. Anne og Anders bur ikkje så langt frå kvarandre - Oksvik er nabogard til Hessegjærde der Anders er tenar. Korleis er stoda i 1825? No har truleg Anders og Anne kome til Andersklubben. I denne teljinga er husmann Anders Olsen 64 år og kone Anne Iversdatter 58 år førte i eige hushald på garden Helsem.¹⁴² Det er ikkje fleire medlemmar i dette hushaldet. Folketeljinga gjev ingen opplysningar om kva dei levde av. Kanskje dreiv Anne framleis med spinning og Anders med fiske i fjorden. Kvar er sonen Iver og hadde han sysken? I kyrkjeboka finn vi Iver Olaus døypt i 1800, Larenze Gurine i 1802, Christian i 1805 og Sivert i 1810.¹⁴³ Det er ikkje råd å finne personar som passar med alder og namn i 1825 teljinga, men i fylgje bygdeboka skal

¹³⁷ Kjølås 1979, s. 24

¹³⁸ Lillebø 1993, s. 249

¹³⁹ SAT. Kirkebok nr. 2 1761-1770. Norddal Sognepræst. Ministralsbok 1761-1770. Mikrofilm HF-1131. Fødselsåret er 1763 eller 1764. Årstala i kyrkjeboka er først ført 1763 deretter korrigert til 1764. Alle årstal er påført seinare med ein annan penn.

¹⁴⁰ Hist. inst. UiB. 13071801.

¹⁴¹ SAT. Kirkebok 1759-1801. Stranda prestegjeld.

¹⁴² RA. Folketellingen 1825. Finansdept. Tabellktr. Ft. 1825, bd. 15.

¹⁴³ SAT. Kirkebok 1801-1827. Stranda prestegjeld.

Christian (Kristian) ha gifta seg med ei nabojente og flytta til Borgund og Sivert (Syver) skal ha gifta seg med ei gardbrukarenkje.¹⁴⁴

Både Anders og Anne kom frå sjølveigarbruk.¹⁴⁵ Anders var nr. 5 i barneflokken. Dei to eldre brørne hans flytte til nabobygda Hornindal, så faren skøytte bruken over på versonen i 1777 då Anders var 14 år. Mora døydde nokre år etter og faren i 1800, same år som Anders vart gift.¹⁴⁶ Anders voks truleg opp i eit fleirfamiliehushald. Anne sin heim kan vi finne i ekstraskatten av 1762: Foreldra, besteforeldra og to farsystrer og kanskje ein tenar er ført saman som eit hushald - også eit fleirfamiliehushald. I tillegg er to kvinner førte under rubrikkken «Husmænd, Inderste og Deres Børn». I tillegg må vi rekne med Anne sin eldste bror på 1 år til dette hushaldet. Anne er og nr. 5 i barneflokken så berre bestemor lever når ho kjem til verda i 1770. Dei to farsystrene ser og ut til å vere gift i nabobygdene på dette tidspunktet. Farmor lever til Anne er 7 år. Anne voks opp i eit utvida hushald.

I 1801 er Anne (31) og Anders (36) sannsynlegvis på terskelen til å etablere eit eige hushald. Dei vart gift året før og har eit barn saman. Anne oppheld seg i februar 1801 hos broren. Anders var i teneste nokre steinkast unna. Truleg flytta dei til husmannstufta Andersklubben mellom 1801 og 1802.¹⁴⁷ I 1825 bur dei på Andersklubben, men ingen av borna deira som er i alderen 15 til 25 år er å finne i soknet. Kanskje er dei i teneste i Sunn-ylven, kanskje på ytre Sunnmøre.

Dette eksempelet syner fleire sider ved strukturane: I fjordområdet er eit levebrød normalt eit bruk og talet på bruk kring 1800 kan ha nådd eit maksimum. Yngre sysken av ein odelsbonde har såleis få alternativ. Det er avgrensa kor mange som kan leve av rokkedreiing, fjordfiske, spinning, båtbygging eller som skomakar, snikkar eller skreddar. Den lokale marknaden for slike varer og tenester er avgrensa og ein må rekne med at nokre av produkta er utsett for konkurransen frå jektefararane som handla i byen og omsette lokalt. Ein utveg er å gå i teneste og vente på at ei enkje eller enkjemann treng ny make - «den enes død den andres brød». I sum fører dette til lang tenestetid, høg giftarmålsalder og at ein lågare del av den vaksne befolkninga dannar eigne hushald. I eksempelet kan ein nesten vere freista til å tru at det er barnet som har pressa fram både giftarmål og hushaldsetablering - husmannsplassen var siste og einaste utveg.¹⁴⁸

¹⁴⁴ Langlo 1979, s. 139.

¹⁴⁵ RA. Ekstraskatten 1762/1763. Skattevesen. Sunnmøre Fogderi.

¹⁴⁶ Lillebø 1993, s. 248.

¹⁴⁷ Ved dåpen i 1802 er Anders oppført som Anders Olsen Helsem. SAT, Kirkebok 1801-1827, Stranda prestegjeld.

¹⁴⁸ Anders og Anne er trulova 2/7-1800, vigd 3/8 og eldste barnet er døypt 26/10-1800. SAT, Kirkebok for presten 1759-1802, Stranda prestegjeld.

5.4 Giftarmålsalder og folkevekst

Giftarmålsalderen for kvinnene i kystområdet er fem år lågare enn for kvinnene i fjordområdet, jfr punkt 6.1. I aldersgruppa 46-50 år er 5.7% av kvinnene i kystområdet ugift, medan 15.1% av kvinnene i fjordområdet er ugift.¹⁴⁹ Sølibatsgraden er altså langt høyare i fjordområdet. Dette har konsekvensar for den ekteskaplege fertiliteten. Desse demografiske faktorane, saman med fleire hushald i forhold til folkemengda og ein tilsynelatande meir dynamisk levebrødsdefinisjon og eit aukande levebrødspotensiale bør føre til sterkare folkevekst i kystområdet enn i fjordområdet. Er dette tilfelle?

Tabell 5-2 Folketalsutviklinga i kystområdet og fjordområdet 1769-1835.

Kommune	Nr.	Namn	<i>Folketal omrekna etter kommuneinndelinga i 1838</i>					
			<i>Folketal</i>			<i>Indeks 1769=100</i>		
			1769	1801	1835	1769	1801	
1218	Finnås		2273	2939	4519	100	129	199
1221	Stord		2121	2580	3654	100	122	172
1245	Sund		3145	3985	5183	100	127	165
1261	Manger		3055	3506	4810	100	115	157
Kystområdet			10594	13010	18166	100	123	171
1443	Eid		2239	2524	3112	100	113	139
1445	Gloppen		3027	3351	4012	100	111	133
1447	Innvik		3445	3899	4724	100	113	137
1524	Norddal		2751	2454	3048	100	89	111
1525	Stranda		1500	1671	1933	100	111	129
Fjordområdet			12962	13899	16829	100	107	130

Kjelde: NSD Kommunedatabase

Tabell 5-2 syner folkeveksten i dei to utvalsområda mellom 1769 og 1801, og mellom 1801 og 1835. Frå 1769 til 1801 aukar folketalet i kystregionen med 23%, medan fjordområdet har ein lågare folkevekst, berre 7%. Heile kystområdet har hatt omlag same folkeveksten, men Manger er lågast med 15%. Dette gjev ein årleg vokster i folketalet på 0.7%, og tala for 1835 syner at veksten aukar. Den årlege veksten mellom 1801 og 1835 er på 1.2%. I fjordområdet merkjer Norddal seg ut med stagnasjon og lågast folkevekst. Totalt for heile området er den årlege veksten for perioden 1769 til 1801 0.4%, og for perioden 1801 til 1835 litt høyare med 0.5%. Alle prestegjelda i kystområdet har klart høyare folkevekst enn prestegjelda i fjordområdet på begge måletidspunkta.

Ved å sjå på folketalsutviklinga på både sider av 1801 ser vi at den ekspansive utviklinga i kystområdet fram mot 1801, held fram etter 1801 og vert forsterka. I fjordområdet er folketalsutviklinga i heile perioden meir prega av langsam vekst. Kystområdet

¹⁴⁹ Hist. inst. UiB. CENS1801.

Ryfylke/Sunnhordland har den største folkeveksten samanlikna med heile kystområdet frå Mandal til Salten i perioden 1801-1855. Grunnlaget for denne folkeveksten er vårsildfisket eller «sørafisket» i perioden 1808 til omkring 1860, og samanhengen mellom innsig og folkeauke er dokumentert av Solhaug.¹⁵⁰ Delar av folkeveksten før 1801 bør kunne sjåast i samband med innsiget av vårsild fram til 1784. Dette var det siste året i ein over hundreårige periode med årleg innsig av vårgytande sild.¹⁵¹ Paradoksalt nok er ein i 1801 midt i eit intermessos - mellom to store innsigsperiodar. Levebrødsmarknaden i kystområdet bør derfor vere strammare kring 1800 enn gjennom store delar av 1700-talet.

Innsiget av vårgytande på Sør-Vestlandet varte frå kring 1650 til 1784.¹⁵² I 1740-åra flytta nordgrensa for dette innsiget seg frå Sunnfjord til Helgelandskysten. I samband med skildringa av dette overraskande innsiget av vårsild frå kring 1740 til 1760 på Sunnmøre, nemner presten og topografen Hans Strøm at i Kristiansund der «en hoben Mennesker for samme aarsags Skyld har nedsat sig» og dinest nemner han at vårsildfisket på Sunnmøre har hatt mest å seie for dei delane av Borgund som ligg rundt Breisundet. Og han rundar av med å skrive at silda «har altsaa i mange henseender giort mere til Landets Velstand, end man kan forestille sig.» både for «Fiorde-Folket» og «Øeboerne».¹⁵³ Strøm oppfattar silda som eit nytt spiskammers Gud har åpna i havet sidan han samstundes stengte andre på landjorda. Spiskammerset på landjorda som har blitt stengd er uåra og misveksten den meterologisk forverringa, eller den såkalla "vesle istida", skapte i 1740-åra (klimaks). Vanskelege år for åkerbruk samstundes med at ein ny ressurs, eit nytt levebrødspotensiale, dukkar opp, kan ha ført til endringar eller dreiling av hushalda sitt produksjonsgrunnlag. Eilert Sundt viser til ein liknande hending i Lister prosti i åra 1831-1840, der eit plutselig rikt sildefiske og mange nye levebrød fekk «ægtevielseernes antal» til å gå opp. Det samme skjedde i Stavanger og Karm-sund prosti tiåret etterpå.¹⁵⁴ Men så langt kan vi konkludere med at folketalet i kystområdet har utvikla seg slik modellen føreset, sambandet til fiskeressursane finst, hushalda er små, giftarmålsalderen låg, det er klare indikasjonar på neolokalisering. Paradoksalt nok har ein av ressursane i kystområdet svikta dei siste 15 åra før teljinga.

5.5 Konklusjon

Granskinga av dei to utvalsområda kan tyde på at uuttømmelige fiskeressursar har den effekten på giftarmålsalderen og tilhøyrande folkeauke som modellen føreset. I kystområdet ligg giftarmålsalderen for menn og kvinner kring 27 år. Giftarmål og hushaldsetablering skjer

¹⁵⁰ Solhaug 1976, s. 46-47.

¹⁵¹ Nedkvitne 1988, s. 475.

¹⁵² Nedkvitne, 1988, s. 475-477.

¹⁵³ Strøm, 1762, Kapittel 9 s. 101

¹⁵⁴ Sundt 1975, s. 286.

samstundes. Giftarmålsalderen i fjordområdet er 32 år for kvinner, 33 år for menn og hushaldsetablering skjer når mennene er kring 34 år. Giftarmål og hushaldsetablering er ikkje alltid eitt.

Når vi set giftarmål og hushaldsetablering inn i eit livssyklusperspektiv kjem desse forskjellane klarare til syne. I kystområdet giftar dei fleste menn seg i 24 til 29 års alderen, og dei vert samtidig hushaldsoverhovud. Dei fleste menn er hushaldsoverhovud resten av livsløpet, men av dei som lever til nærmare 70 år, er det tendens til at nokre trekkjer seg attende i 64-69 års alderen. Livssyklusen er annleis i fjordområdet. Tre vendepunkt kan identifiserast i livsløpet til mennene i fjordområdet. Det første er giftarmålet. Dette skjer i 28-37 års alderen. Hushaldsoverhovud vert dei nokre år seinare i livsløpet, dette skjer i 30-39 års alderen. Det tredje vendepunktet er "pensjonering" og dette skjer i 58-67 års alderen. Dei fleste mennene som når denne alderen i fjordområdet trekkjer seg attende - dei er ikkje hushaldsoverhovud lenger.

Dette får innverknad på andre livssyklussteg. Først og fremst tida som tenar. Dei mannlege tenarane i kystområdet er hovudsakleg tenåringar eller i byrjinga av 20-åra. Tenestetida sluttar raskt i slutten av 20-års alderen og ein etablerer eige hushald. Tida i teneste kan derimot i fjordområdet vare til nærmare 30-års alderen, stundom lengre og nokre er tenarar heile livet. Er ein ikkje tenar i slutten av 25-35 års alderen, er ein i staden heimeverande og underordna foreldra. Når mennene trekkjer seg attende både i kystområdet og fjordområdet er det ofte eit av barna som tek over som hushaldsoverhovud, sidan dei fleste som ikkje er hovudpersonar i 60-års alderen er foreldre (fedrar) til neste generasjon. Men dette er langt vanlegare i fjordområdet enn i kystområdet. I kapittel 4 konkluderte vi med at ulik hushaldsstørleik- og samansetjing var grunna i ulikt arbeidskraftbehov hos fjordbonden og kystbonden. No ser denne ulikskapen til ein viss grad å ha samanheng med ulik synkronisering av sentrale livssyklushendingar.

Kan desse samanhengane mellom etableringstidspunkt, etableringsmåte og livssyklus som er observert fjord- og kystområdet overførast til andre område? Låg giftarmålsalder ser ut til å vere eit kystfenomen og ikkje nødvendigvis knytt til store fiskeressursar. Låg giftarmålsalder er like vanleg på kysten aust for Lista som vest og nordetter i områder som tradisjonelt tilhøyrer "Fiskeri-Noreg". Motsett finn ein høg etableringsalder i "Innlands-Noreg", og der finn ein og dels skilnad mellom giftarmål og hushaldsovertaking/etablering. Giftarmålsalderen vil derfor ikkje i så stor grad skilje kysten frå innlandet som etableringsalderen.

Vi har altså funne indikasjonar på at kystområdet har trekk som tyder på neolokalisering, medan fjordområdet har trekk som kan tyde på patrilokalisering. I neste kapittel vil dette temaet bli ført vidare i lys av hushaldsstruktur og familiesyklus.


6. Hushald og familiesyklus

«..the present state of evidence forces us to assume that its organization was always and invariably nuclear unless the contrary can be proven..»
Peter Laslett¹⁵⁵

Odelsguten eller jenta stod i særstilling - dei skulle overta bruket etter foreldra. Men mange foreldre var leiglendingar og husmenn utan odelsrett til jorda - suksesjonen var dermed ikkje lovfest. Dessutan hadde eit ektepar fleire barn som også såg seg om etter levebrød. Der jord var ein knapp ressurs gav dette eit problem - berre eit av barna kunne ta over etter foreldra. Men dette var ikkje nødvendigvis regelen i område nær store fiskeressursar. Havet gav levebrød - jordflekkene trong ikkje vere stor og avgrensa ikkje muligheita for hushaldsetablering - eller gjorde den det?

Etter modellen skal hushalda vere enkle i fiskeridistrikt (kjernefamilie, "mor-far-barn"), medan i eit jordbruksområde er utvida hushald og fleirfamiliehushald vanlegare. Dette heng saman med etableringsmåten: I eit fiskeridistrikt er nyetablering (neolokalisering) vanlegare, men i einsidige jordbruksområde skjer etablering av hushald normalt ved overtaking av foreldra sitt bruk (patrilokalisering). Tilsvarande trekk finn vi langs den sosioøkonomiske aksen: Husmannshushalda er av den enkle typen, medan bondehushaldet er av den komplekse typen - utvida hushald og fleirfamiliehushald.

Figur 6-1 Hushaldsstruktur



Igjen er det naudsynt å isolere den sosioøkonomiske aksen (husmann-bonde), og eg vil analysere hushaldsstruktur hos bønder langs den loddrette aksen som vist i figur 6-1. På landsbasis (prestegjeldsnivå) vil eg først prøve å finne regional variasjon for det enkle hushaldet og for fleirfamiliehushaldet. På dette nivået vil eg berre undersøkje bondehushaldet. I utvalsområdet vil eg først samanlikne hushaldsstrukturen meir detaljert, så stille husmannshushaldet opp mot bondehushaldet i dei to områda, og til slutt sette hushaldsstruktur i ein syklus- og etableringssamanhang. Dei sentrale spørsmåla vert: Har det enkle hushaldet og fleirfamiliehushaldet ulik utbrei-

ing? Er fleirfamiliehushaldet vanlegare i t.d. typiske jordbruksområder enn i kystnære strok? Kva er skilnaden i hushaldsstruktur i utvalsområda? Ligg det til grunn ulik familiesyklus bak

¹⁵⁵ Laslett 1972, Preface xi. Utsegna gjeld familieorganisasjonen i det førindustrielle Vest-Europa.

skilnaden i hushaldsstruktur? Kva type hushald etablerer det unge ekteparet? Kan ein relatere ulik hushaldsstruktur til eigedomsforhold?

6.1 Hushaldsstruktur

I Laslett sitt klassifikasjonssystem av hushald er den ekteskaplege familieeininga det sentrale elementet. Ei ekteskapleg familieeining er treeininga mor-far-barn der minst 2 av komponentane må vere til stades, t.d. mor-far eller mor-barn. Klassifikasjonen har fem hovudtypar (jfr. tillegg A Hushaldstypologi). I dei to første hovudkategoriane manglar den ekteskaplege familieeininga: 1) Einslege og 2) Ingen familie. Einsleg talar for seg sjølv, medan gruppe 2 er meir samansett. Dette kan vere hushald der sysken, andre slektningar eller uskulde bur saman. Dei tre neste kategoriane er: 3) Det enkle hushaldet eller kjerne(familie)hushaldet, dvs. eit hushald bygd på ei einskild ekteskapleg eining (mor-far-born). 4) Utvida hushald, dvs. eit enkelt hushald utvida med ein slekting t.d. farmor. 5) Fleirfamiliehushaldet, eit hushald bygd opp av minst to ekteskaplege einingar, t.d. far og mor til ein av hovudpersonane. Omgrepene komplekse hushald omfattar gruppe 4 og gruppe 5 hushalda. På eit tidspunkt (i ei teljing) vil dei fleste hushalda kunne klassifiserast til ein av desse kategoriane.

Tabell 6-1 Hushald fordelt etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem (hovudgrupper). Alle private hushald i landdistrikta i folketeljinga 1801.

	Einslege	Ingen familie hushald	Enkle familie hushald	Utvida familie hushald	Fleir- familie hushald	Sum
Bønder	1,5%	2,2%	69,3%	17,2%	9,9%	76600
Husmenn	1,6%	1,4%	83,0%	10,5%	3,5%	48097
Andre	5,9%	3,6%	77,8%	9,6%	3,1%	20278
Alle	2,1%	2,1%	75,0%	13,9%	6,8%	144975

Kjelde: HUSH1801

Rådata i tabell B-8 (tillegg B)


Dei fem hovudgruppene vil danne basis for analysen på landsnivået. Tabell 6-1 syner alle hushald i landdistrikta fordelt i desse hovudgruppene. Den syner at dei komplekse hushalda har størst utbreiing mellom bøndene (27.1%), og at husmannshushalda i hovudsak er enkle (83.0%). På regionalt nivå (amt og prestegjeld) vil det totale biletet bli påverka av framveksten av husmannsvesenet i 1801. Eg vel å minske kompleksiteten som den sosioøkonomiske aksen tilfører biletet ved sjå på utbreiinga av det enkle hushaldet kontra fleirfamiliehushaldet hos *bønder*. Er det slik at det enkle familiehushaldet er sterkest forbunde med bøndene i fiskeriområda, og finn ein fleirfamiliehushaldet hovudsakleg i innlandet? Eller er fleirfamiliehushaldet berre ei seigliva myte?¹⁵⁶

¹⁵⁶ Fure 1986, s. 16-35, Dyrvik 1983, s. 184, Sogner 1990, s. 79-80.

6.1.1 Det enkle hushaldet

Figur 6-2 viser hovedkategoriene i Lasletts klassifikasjonssystem for bondehushald fordelt på fylke (merk at den loddrette skalaen startar på 50%). Det enkle hushaldet er i fleirtal i alle fylka, men har ei klart dominante stilling i foldfylka, Telemark, Buskerud, Hordaland og frå Sør-Trøndelag og nordover. I desse fylka er utgjer den enkle hushaldstypen kring 3 av 4 bondehushald, prosentdelen varierer frå 70%-78%. Snittet for heile landet er 69%.


Figur 6-2 Bondehushald klassifisert etter Peter Laslett sin typologi. Hovudgrupper. Landdistrikt 1801



Kjelde: HUSH1801. Rådata i tabell B-9 (tillegg B)

Motsett - der det enkle hushaldet ikkje har ei like klar stilling, finn vi Hedmark, Oppland, begge Agderfylka, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I desse fylka utgjer det enkle hushaldet mellom 61%- 66% av alle bondehushald. På fylkesnivå ser samanhengen mellom "Fiskeri-Noreg" og det enkle hushaldet i beste fall ut til å vere tvetydig. I Trøndelag og Nord-

Figur 6-3 Prosentdel enkle hushald av alle bondehushald. Prestegjeld i landdistrikta 1801.



Kjelde: PGJ1801

Noreg finn vi klar dominans for det enkle hushaldet, medan det frå Agder til Møre først og fremst er i Hordaland (73%) at det enkle hushaldet har ei klar dominerande stilling. Prosentdelen enkle hushald varierer sterkt for bondehushaldet, men denne variasjonen er uavhengig av prosentdelen av dei einslege (gruppe 1) og ingen familiehushald (gruppe 2). Berre i Aust-Agder og i Buskerud er det ein viss del av desse to hushaldsgruppene (6% av alle bondehushald), medan i dei andre fylka varierer delen av desse hushalda mellom 3% og 5%. Det må såleis hovudsakleg vere delen av utvida og fleirfamiliehushald som slår ut på kor dominant det enkle hushaldet er. Tidlegare har vi sett korleis fylkesnivået kan skjule variasjon, t.d. hushaldsstorleiken i Hordaland (jamfør tabell 4-1 og figur 4-2). Korleis er utbreiinga av det enkle hushaldet på prestegjeldsnivå?.


Det enkle hushaldet finn vi i eit belte rundt Oslofjorden, i Telemark, vidare langs kysten til Sognefjorden, i kring Trondheimsfjorden og på Trøndelagskysten og i store delar av Nord-Noreg. I mange av prestegjelta i desse områda (kvar fargekode inneholder $\frac{1}{4}$ av prestegjelta) utgjer det enkle hushaldet kring 8-9 av 10 bondehushald - altså på linje med det som er vanleg for husmannshushalda. Brot på dette mønsteret finn vi langs kysten av Aust-Agder og på Jæren, kysten frå Sognefjorden til Trondheimsfjorden og området kring Salten. Minst prosentdel enkle hushald (mindre enn 62.9%) finn vi indre del av agderfylka, indre delar av Vestlandet, store delar av Nordvestlandet (Nordfjord-Nordmøre). På Austlandet finn vi ei kompakt blokk nord for Randsfjorden og Mjøsa og i heile Hedmark. Til ein viss grad har vi eit kyst/innlandsmønster - det enkle dominerer klart ute ved kysten, men mindre grad i innlandet. Til dette mønsteret finst det fleire brot, t.d. i Telemark og i Trøndelag. Kva med nærlieken til hovudområda for fiskeri? Området frå Boknafjorden til Fensfjorden tykkjест å passe i modellen, medan stroka frå Nordfjord til Trøndelagskysten dels peikar i motsett retning - på Møre-kysten finn vi låg prosentdel enkle hushald også i prestegjelta ved havkanten. I Nord-Noreg er det området kring Salten som dels bryt med modellen.

Neste spørsmål vert derfor å avdekkje den regionale variasjonen for dei komplekse hushalda (utvida familiehushald og fleirfamiliehushald).

6.1.2 Fleirfamiliehushaldet - myte eller realitet?

Aukar delen av utvida familiehushald og fleirfamiliehushald med avstanden frå fiskeriområda? Er dei meir utbreidde i avsidesliggende strok? Det utvida hushaldet (gruppe 4) utgjer ein jamn del av bondehushalda, jfr figur 6-2. Denne gruppa står for mellom 14%-22% av bondehushalda og snittet er 17%. Derimot varierer delen av fleirfamiliehushald langt meir,

Figur 6-4 Prosentdel fleifamiliehushald av alle bondehushald. Prestegjeld i landdistrikta 1801.



Kjelde: PGJ1801

frå 4% til 14%, og av figur 6-2 ser vi at utbreiinga av fleirfamiliehushaldet og det enkle hushaldet er komplementære - stor del fleirfamiliehushald, mindre del enkle hushald. Variasjonen i dei andre gruppene - einslege, ingen familie og utvida - har mindre å seie for skilnaden mellom fylka. Det er såleis nesten dei same fylka med faarrantesten enkle hushald som har flest fleirfamiliehushald: Hedmark, Oppland, Rogaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal (Rogaland har erstatta Agderfylka jfr. punkt 6.1.1). I desse fylka er delen av fleirfamiliehushald mellom 14%-16%, og delen av enkle hushald mellom 61%-65%, jfr. figur 6-2. Og omvendt - i Nordland, Troms og Finnmark, Nord-Trøndelag, Telemark, Østfold, Vestfold er 4%-7% av bondehushalda fleirfamiliehushald og 78%-73% tilhører kategorien enkle hushald.

På fylkesnivå ser det dermed ut som fleirfamiliehushaldet har størst utbreiing mellom bondehushalda på delar av Vestlandet og i nordlege delar av Austlandet. Kan kartet på prestegjeldsnivå utdjupe dette biletet? Kartet i figur 6-4 syner den totale prosentdelen av fleirfamiliehushald av alle bondehushald fordelt på prestegjeld i landdistrikta. Kartet syner at fleirfamiliehushaldet har størst utbreiing på Vestlandet - med unntak av kystområdet frå Boknafjorden til Fensfjorden, og på Austlandet nord for Mjøsa. Men det syner også at i indre delar av Agderfylka og i delar av Nordland og Nord-Trøndelag er andelen av fleirfamiliehushald på same nivå. I Østfold og langsetter svenskegrensa finst og ein skilde prestegjeld som merkjer seg ut frå den sørlege delen av Austlandet ved at delen fleirfamiliehushald er større. På Austlandet står kartet Higley og Sogner sin påstand om at storfamilien «bevares best i avsidesliggende strøk»¹⁵⁷, for i fjell- og dalbygdene på Austlandet utgjer fleirfamiliehushaldet ein større del av hushalda enn i prestegjelta kring Oslofjorden og sentrale delar av Buskerud og Akershus.

Det enkle hushaldet eller kjernefamiliehushaldet er den mest utbreidde hushaldstypen i 1801, $\frac{3}{4}$ av alle hushald i Noreg tilhørde denne kategorien. Men det finst variasjon: Mellom bøndene var 7 av 10 enkle, mellom husmennene er i overkant av 8 av 10. Og i eit område som strekkjer seg frå indre delar av Agder, vidare i fjordstroka på Vestlandet, inn i Sør-Trøndelag og deretter sør gjennom dalstroka til Akershus er fleirfamiliehushaldet ein realitet og ikkje berre ei myte. Motsett - langs kysten frå Østfold til og med Hordaland og i Nord-Noreg er korkje fleirfamiliehushaldet eller det utvida hushaldet særleg vanleg.

6.1.3 Frå landsnivå til utvalsområda

Samanlikninga på landsnivå synter dels store regionale skilnader når det gjeld kor dominerande det enkle hushaldet er. I innlandsdelane av Sør-Noreg er fleirfamiliehushaldet relativt

¹⁵⁷ Sogner 1978, s. 708, Higley 1976, s. 154.

godt representert, medan i kyststroka av Sør-Noreg er det enkle hushaldet klart dominerande. Dei to utvalsområda representerer ytterpunktene. I fjordområdet på Nordvestlandet er kring halvparten av hushalda av den enkle typen, medan resten er utvida eller fleirfamiliehushald. I det andre utvalsområdet - kyststripa av Hordaland - finst det enkle hushaldet i 8 av 10 tilfelle, men det er berre 5% fleirfamiliehushald og 1 av 10 hushald som tilhøyrer den utvida gruppa. Neste steg blir no å analysere desse skilnadene i større detalj ved å løyse hovudgruppene ned på typenivå og inkludere alle hushalda (ikkje berre bøndene), og å samanlikne hushalda etter sosioøkonomiske kriterium. Deretter vil eg sjå om hushaldsstruktur kan setjast i relasjon til etableringsmåten og om denne ulikskapen kan avdekkje ulik familiesyklus.

6.2 Kyst og fjord - hushaldsstruktur

6.2.1 Hushaldsstruktur - alle hushald

Tabell 6-2 Hushaldstypar etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem. Typane er prosentfordelt innanfor prestegjeld og totalt for utvalsområda. Kyst- og fjordområdet 1801.

Hushaldtypar	Fin-nås	Kystområdet					Fjordområdet				
		Stord	Sund	Manger	Kyst - totalt	Glop-pen	Inn-vik	Eid	Nord-dal	Stra-nda	Fjord - totalt
1a Einslege enkjefolk	1%	5%	2%	1%	2 %			1%	5%	2%	2 %
1b Einslege ugifte	1%	2%	1%		1 %				3%	3%	1 %
1c Gifte utan make					0 %						0 %
2a Sysken	1%				0 %						0 %
2b Andre slags slektn.	1%		1%		1 %	2%					1 %
2c Ikkje i slekt		1%	1%	1%	1 %			1%	1%		1 %
3a Berre gift par	16%	14%	16%	18%	16 %	9%	7%	6%	11%	13%	9 %
3b Gift par med barn	57%	57%	55%	62%	58 %	41%	48%	38%	44%	48%	44 %
3c Enkjemann m/barn	2%	3%	3%	1%	2 %	2%	1%	1%	1%	2%	1 %
3d Enkje med barn	4%	6%	5%	4%	5 %	2%	2%	1%	2%	3%	2 %
3e Einsleg m/barn					0 %						0 %
4a Utvida oppover	6%	9%	8%	6%	7 %	23%	17%	16%	10%	15%	16 %
4b Utvida nedover		1%	1%		0 %		1%		1%		0 %
4c Utvida sidelengs	5%	1%	3%	1%	2 %	3%	3%	8%	5%	1%	4 %
4d Komb. av a-c	1%				0 %		1%	1%			0 %
5a Attåeingning oppover	6%	2%	4%	2%	3 %	12%	12%	16%	12%	11%	13 %
5b Attåeingning nedover	1%				0 %	3%	6%	7%	3%		4 %
5c Attåeingning sidelengs					0 %		1%	1%			0 %
5e Andre		1%		1%	1 %	1%	1%	1%	1%		1 %
n=hushald	586	544	851	740	2721	489	580	403	434	287	2193

Kjelde: HUSH1801

Rådata i tabell B-10 (tillegg B)

Før dei to områda vert samanlikna må homogeniteten i utvalsområdet vurderast. Kystområdet: For hushaldstypane i gruppe 1 Einslege og 2 Ingen familie skil Stord og Manger seg ut, jfr. tabell 6-2. Stord har til saman 8% av hushalda i desse typane, Manger

berre 2%, medan snittet for heile regionen er 4.4%. Mengda av desse hushaldstypane vil kunne varierer med korleis teljaren har ført hushald med innerstar, losjerande, kårfolk og fatiglemmar - om teljaren har skild desse ut som eigne hushald eller ført dei saman med eit anna hushald. På den andre sida kan det også avspegle variasjon i mengda av "små" levebrød og giftarmålsmarknaden for enkjefolk.

Mellom typane i gruppe 3 er det liten variasjon. Kjernefamilien representert ved hushaldstype 3b *Gift par med born* er klart den vanlegaste, og i omlag 6 av 10 hushald finn ein denne konstellasjonen i alle prestegjelda. Gruppe 4 Utvida familiehushald syner også liten variasjon mellom dei fire prestegjelda, berre i Manger er det noko færre hushald i denne gruppa - 7% mot kring 12% for dei andre. Samla er berre 4.2% av hushalda i gruppe 5 fleirfamiliehushald, jfr. tabell 6-2 og dei fleste tilhører typen Attåteining oppover t.d. hushald med foreldregenerasjonen inntakt, men der autoriteteten er overlevert til neste generasjon.

I området samla sett gjev Manger eit klarare nuklear preg enn dei tre andre prestegjelda, men elles er differansane små og ikkje større enn at t.d. variasjonen mellom gruppe 3 og 4 kan skuldast kor nøyaktig teljaren har vore med å føre slektskap til hovudpersonen. Det samla inntrykket er likevel stor grad av homogenitet i kystområdet. Tabell 6-3 syner korleis hushalda i kystområdet fordeler seg på hovudgruppene i Lasletts klassifikasjon. Det enkle hushaldet er klart den vanlegaste hushaldsforma, 8 av 10 hushald i kystområdet er enkle, 10% er utvida, medan resten fordeler seg på dei tre andre gruppene.

Tabell 6-3 Hushaldstypar fordelt i hovudgrupper for kyst- og fjordområdet. 1801.

Område	Einslege	Hushaldstypar - hovudgrupper				Tal
		Ingen familie	Enkle familie-hushald	Utvida familie-hushald	Fleir-familie-hushald	
Kyst	3 %	2 %	81 %	10 %	4 %	2721
Fjord	3 %	1 %	56 %	22 %	18 %	2193

Kjelde: HUSH1801

Rådata i tabell B-11 (tillegg B)

Er fjordområdet like homogent? Ved første augekast på tabell 6-2 kan det virke som gruppe 1 og 2 ikkje syner nokon intern likskap, men når det t.d. i Innvik tilsynelatande ikkje finst hushald i typane under gruppe 1 og 2 skuldast dette at populasjonen er liten og jamt fordelt på alle typane og ingen av dei utgjer meir enn 1%. Spesielt Norddal¹⁵⁸, men også Stranda prestegjeld har fleire hushald i gruppe 1 og gruppe 2, men samla sett for heile utvalsområdet

¹⁵⁸ Ei årsak til mange små hushald i gruppe 1 er at på slutten av teljinga for Norddal har teljaren ført opp 29 «omgaaende fattige laegdslemmer» som ikkje hadde noko fast opphold. Desse er oppført i 22 sjølvstendige "hushald". Kjelde: Linge 1977, s. 170 og 13061801, Hist. inst. UiB.

utgjer desse hushaldstypane 4.3% av alle hushalda. I gruppe 3 finn ein også ein viss variasjon. Hushald med eit gift par utan barn har litt høgare frekvens i dei to Sunnmørsprestegjelta, medan prosentdelen av hushald av typen gift par med barn varierer uavhengig av amtsgrensene (mellanom 38%-48%). I sum varierer prosentdelen av gruppe 3 (Enkle) frå 47% for Eid til 66% for Stranda, gruppe 4 (Utvida) sameleis med 26% og 16% og til sist gruppe 5 (Fleirfamilie) frå mellom 25% og 12%. Alle ytterpunktta finst i Eid og Stranda, men sidan desse to prestegjelta er dei minste er utslaget på totalen mindre. Stranda merkjer seg også ut med relativt få hushald i dei kombinerte typane (c-d) i gruppe 4 og 5. Samla sett er fjordområdet mindre homogen m.o.t hushaldsstruktur. Men alle prestegjelta ligg ved eller i overkant av snittet for amtet, jfr. figur 6-2. Totalt for heile området utgjer det enkle hushaldet vel halvparten av alle hushald, 2 av 10 er utvida og 2 av 10 er fleirfamiliehushald (tabell 6-3).

Kva skil dei to områda? På typenivå finn vi ein klar overvekt av typane 3a og 3b (enkle hushald) i kystområdet og tilsvarende overvekt av typane 4a, 5a og 5b (utvida- og fleirfamiliehushald) i fjordområdet, jamfør totalsummane for områda i tabell 6-2. Dei fleste hushalda i kystområdet er i hovudsak enkle - basert på ei ekteskapleg eining (ektepar med barn), medan 4 av 10 hushald i fjordområdet inneheld 2 eller 1½ ekteskapleg eining. Denne fordelinga mellom områda kan vi sjå i samanheng med førre kapittel der talet på hovudpersonar i ulike aldersgrupper vart analysert. Kystområdet bar preg av at mange unge menn var hovudpersonar i 20-års alderen samtidig som menn i 60-åra også var hovudpersonar. Hushaldstypen 3a *Berre gift par* kan derfor tenkast vere desse 60-åringane sitt hushald. I fjordområdet var det sterkare tendens til at menn i slutten av 50-åra og spesielt i 60-åra ikkje var hovudpersonar. Desse mennene kan vere medlemmer av hushaldstypane 4a *Utvida oppover* og 5a *Attåeiningsoppover*. Samstundes synte det seg at menn i slutten av 20-åra og i byrjinga av 30-åra var gifte, men utan å vere hovudpersonar. Desse kan vere medlemmer i hushald av typen 5b *Attåeiningsnedover* der den eldste generasjonen framleis sit ved roret. Skilnaden i hushaldsstorleik og samansetjing som gjennomgangen i kapittel 4 synte kan dermed også førast attende til bestemte hushaldstypar - dei utvida og fleirfamiliehushalda. Men analyse av storleik og samansetjing synte ein skilnad mellom bønder og husmenn. Ein tilsvarende skilnad i hushaldsstruktur bør også vere tilfelle.

6.2.2 Hushaldsstruktur - bonde og husmann

Kva skil bonde- og husmannshushalda i dei to områda? I tabell 6-4 er hushalda fordelt etter hovudgruppene, område og det er skild mellom bonde og husmann. I kystområdet skil husmannshushaldet seg frå bondehushaldet ved at det relativt sett er fleire hushald i gruppe 1 Einslege og 3 Enkle, og tilsvarende færre i gruppe 4 Utvida og 5 Fleirfamilie. Men differan-

sane er ikkje store: 81% av bondehushalda er enkle, 86% av husmannshushalda; 11% av bondehushalda er utvida, 9% av husmannshushalda.

Tabell 6-4 Hushaldsstruktur. Hushald fordelt prosentvis etter hushaldstypar (Laslett) - hovudgrupper. Delt etter område og sosialgruppene bonde og husmann. Folketeljinga 1801.

Type hushald, hovudgrupper							
Område	Gruppe	Einslege	Ingen familie	Enkle familie-hushald	Utvila familie-hushald	Fleir-familie-hushald	Tal hushald
Kyst	Bonde	2 %	1 %	81 %	11 %	5 %	2048
	Husmann	3 %	1 %	86 %	9 %	1 %	523
Fjord	Bonde	0 %	1 %	52 %	25 %	22 %	1820
	Husmann	6 %	1 %	88 %	4 %	1 %	267

Kjelde: HUSH1801

Rådata i tabell B-12 (tillegg B)

I fjordområdet er skilnaden i hushaldsstruktur mellom bonde og husmannshushaldet langt klarare: 52% av bondehushalda er enkle medan 88% husmannshushald, medan forholdet mellom gruppe 4 og 5 er 25% - 4% og 22% - 1%. Ingen bondehushald er i kategorien Einslege, medan 6% av husmannshushalda er det. Vurdert utifra hushaldsstruktur er det med andre ord større likskap mellom bondehushaldet i kystområdet og husmannshushaldet i begge områda enn mellom bondehushalda i dei to områda.

Skuldast dette ulik føringspraksis med omsyn til teljaren si inndeling i hushald og særleg bondehushaldet? I så tilfelle må same føringsmåte vere nyttå konsekvent på tvers av sokn-, prestegjeld- og amtsgrenser, og tidlegare har vi sett at teljarane har **ikkje** har vore konsekvente m.o.t til plassering av innerstar, varierande grad oppføring av "sideyrke" og ulik bruk av nemningar for «Næringsvei» innafor same prestegjeldet. Dessutan er innerstane få. I Stord, Sund (kyst) og Stranda (fjord) er innerstane delvis ført i eigne hushald og innerst-hushalda utgjer her mellom 2%-5% av hushalda i desse prestegjelda, jfr. tabell 3-2. Dersom kårfolka i større grad er ført som innerstar vil ein og vente at dei utgjorde ein større del av hushaldet i kystområdet enn i fjordområdet, men ei jamføring med figurane 4-5 og 4-7 står ikkje ein slik tanke. I bondehushalda i kystområdet er summen av medlemsgruppene *Innerstar* og *Andre* i snitt 0.18 og 0.25 i fjordområdet. Dette er ikkje nok til å "omplassere" i 30% av bondehushalda.

Derimot kan desse skilnadene peike mot reelle skilnader i to måtar å etablere hushald på. I fjordområdet kan patrilokalisering vere regelen, medan i kystområdet er neolokalisering meir vanleg. Så langt har analysen både av hovudpersonsraten og livssyklus peika i denne retning og det gjer også analysen av hushaldsstrukturen i dei to områda.

Hushaldet og familien er langt frå statiske einingar og derfor skal vi no gå over til å sjå på hushaldsfasar. Eit hushald som på eit tidspunkt er i ein av desse kategoriene vil i hovud-

personane sitt livsløp også vere innom fleire andre hovudgrupper og subtypar. Ein slik syklus som eg kallar familiesyklus bør studerast ved hjelp av longitudinelle data, men ved å nytte såkalla syntetiske kohortar vil eg likevel prøve å finne mogelege fasar og faseutvikling. For å skilje familiesyklus studert med longitudinelle data og familiesyklus analysert med ei augeblinkskjelde vel eg å nytte omgrepene hushaldsfasar.

6.3 Familiesyklus og etableringsmåte

Avspeglar den ulike hushaldsstrukturen i dei to regionane ulike syklusar og etableringsmåtar, eller kan vi finne spor etter både desse måtane å etablere hushald på i dei to områda? Etter norsk tradisjon burde patrilokalisering vere regelen eller den vanlegaste måten å etablere eit hushald på. Men kan denne regelen vere praktisert i ulik grad i kystområdet og i fjordområdet? Patri- og neolokalisering vil gje seg utslag i ulik syklus eller korleis familien utviklar seg gjennom medlemmane sine livsløp. Med data frå berre ei teljing let det seg ikkje gjere å studere familiesyklus, men det let seg gjere å avdekkje fasar - hushaldsfasar. Teori omkring familiesyklus er først og fremst knytt til den moderne familien, men det er leia ut ein teori omkring syklusar og fasar i den førindustrielle familien/hushaldet basert på materiale frå Austrike. Eg vil derfor kort skissere kva som pregar eit neolokaliserande miljø og deretter kort referere ein syklus/faseteorien knytt til eit patrilokaliserande miljø.

6.3.1 Peter Laslett: «The neo-local rule»

Peter Laslett starta eit korstog mot myten om den førindustrielle storfamilien eller stamme-familien. Laslett hevdar i staden at det tradisjonelle nordvesteuropeiske hushaldet er prega av enkle familiar der regelen er at barna etablerer eigne enkle hushald utanfor foreldre-hushaldet dersom dei kan. Fire trekk er karakteristiske ved måten hushaldet vert etablert på:¹⁵⁹ Hus-haldet vert alltid etablert samtidig som hovudpersonane gifter seg. Hushaldsetablering skjer aldri ved fisjon eller fusjon av eksisterande hushald. Giftarmål og hushaldsetablering er eitt. Overtaking av hushald kan finne stad. Dette er kjerna i den neolokale regelen: Du etablerer ditt eige hushald ved giftarmålet og der blir du til du dør. Laslett hevdar likevel at det ikkje sjeldan hender at enkjefolk, spesielt enkjer, flyttar til eit av barna sitt hushald og at det kan hende at gifte barn er heime hos foreldra i ein kortare periode medan dei er i ferd med å finne seg sin eigen heim¹⁶⁰. I eit neolokalt miljø vil ein derfor i hovudsak finne enkle hushald (gruppe 3), ein liten del utvida hushald (hovudsakleg 4a utvida oppover) tidleg i hovudpersonane sitt livsløp og til ein viss grad hushald utan ekteskaplege einingar (gruppe 1 og gruppe 2 hushald) i siste del av hovudpersonen sitt livsløp. Fleirfamiliehushaldet vil berre

¹⁵⁹ Laslett 1983a, s. 526,531-532.

¹⁶⁰ Laslett 1983b, s. 92-93.

unntaksvis opptre. Neolokalisering er den "moderne" måten å etablere hushald på, men Laslett meiner denne etableringsmåten også var vanleg i Nordvest-Europa i den førindustrielle perioden.

6.3.2 Lutz Berkner: Stammesyklus

Lutz Berkner aksepterer måten Peter Laslett typologiserer det førindustrielle hushaldet, men avviser konklusjonen om at det førindustrielle hushaldet alltid har vore nukleært. Dominansen til det enkle hushaldet (kjernehushaldet) i Vest-Europa skuldast analysemетодen og ikkje røyndomen.¹⁶¹ Det statiske biletet kan løysast opp ved å sjå på typane som steg i ein syklus. Berkner skil mellom familiesyklus og hushaldssyklus. Familiesyklusen kallar Berkner for stammesyklus (stammestruktur eller stammeorganisering)¹⁶², og den er bygd opp kring livssyklusen til far og son og overføring av eigedom og autoritet mellom desse to. Stega eller fasane i familiesyklusen er definert ved eit utval av Laslett sine hushaldstypar. Ei vanleg faseutvikling vil vere 5b-5a-4a-3b-5b, jfr. tabell 6-5. 5b: Foreldra og den gifte arvingen (sonen), foreldregenerasjonen har autoriteten. 5a: Foreldregenerasjonen trekker seg tilbake og tek seg kå, arvingen (sonen) har teke over. 4a: Ein av foreldra dør. 3b: Begge foreldra er døde. 5b. Ein ny arving gifter seg og ringen er slutta. Fasane er bestemt av demografiske hendingar - giftarmål, fødsel og død. Hushaldet går også gjennom ei utvikling som er bestemt av familiesyklusen og tilhald av ikkje-familære hushaldsmedlemmar (tenrarar, innerstar og losjerande).

Tabell 6-5 Faseutvikling - familie og hushald i førindustriell tid

Familiesyklus (Stammesyklus)		Fase	Hushaldssyklus Berkner/Mitterauer	
			Laslett's typer	Ikkje-familære medlemmar
5b	Fleirfamilie attåteining nedover (den klassiske stamme-familien)	-		
5a	Fleirfamilie attåteining oppover	I) Fleirfam./småbarn/tenrarar	5a, 4a eller 4c	
4a	Utvila oppover	I) Utvila ditto	4a eller 4c	tenrarar
3b	Par med born	II) Kjernefam./barn III) Kjernefam/Innerst	3b	innerstar/tenrarar
5b	(Ringen er slutta)	III) Fleifamilie	5b	

Stega i Berkner sin hushaldssyklus¹⁶³ er utdjupa av Mitterauer slik: I Fase I er hushaldet eit ektepar med mindreårige barn og a) begge foreldra eller berre ein av foreldra, eller b) ein av foreldra og yngre sysken av ekteparet som tenrarar, eller c) tenrarar som ikkje er i

¹⁶¹ Berkner 1974, s. 721-738

¹⁶² Berkner 1972, s. 398-418

¹⁶³ Lutz Berkner si opprinnelege faseinndeling er slik: I) Fleifamilie/utvila med små barn og tenrarar. II) Kjernefamilie med vaksne barn. III) a) Kjernefamilie med få barn (eitt barn=arvingen) og innerstar/losjerande eller b) Fleifamilie/utvila utan innerstar. Berkner 1972, s. 418.

slekt med husbondsfolket. Denne fasen startar med overføring av garden frå ein generasjon til neste, og det fell saman med giftarmålet til arvingen. Overtaking av hushaldet er ofte utløyst ved at ein av foreldra fell frå, sidan ei overføring på eit tidlegare tidspunkt ville ha gjeve doble vilkår, noko som er ei økonomisk belastning. Ved førstefødselsrett (t.d. odel og åsete) vil også mindreårige sysken bu saman med foreldregenerasjonen. I neste steg - Fase II) - finn vi eit ektepar med større arbeidsdyktig barn og a) tenrarar eller b) innerstar. I denne fasen er kjernefamilien utvida med tenrarar, men dei kan vere færre i tal enn i fase I. Husrom som i fase I var nytta av vilkårsfolk kan no leigast ut til innerstar/losjerande. Denne fasen tek gjerne til når husbondsfolket er kring 40 år. I siste fase - Fase III) - er hushaldet samansett av eit ektepar med få/ingen barn og tenrarar. Trongen for tenrarar er no større, sidan nokre av barna har forlate foreldreheimen, med unntak av arvingen. Stammefamilien kan no oppstå dersom det er vanskeleg å få festa tenrarar. Foreldre og ei dotter med illegitime barn er ein annan konstellasjon som kan oppstå i denne fasen. Fasane er bestemt av økonomiske behov - trongen for arbeidskraft og om ein har ledig husrom. I tidlege skrift av Mitterauer finn ein ei utdjuping av Berkner sin tredelte hushaldssyklus, men seinare er Mitterauer kritisk til Berkner sitt skilje mellom familiesyklus og hushaldssyklus - det er eit kunstig skilje. Denne kritikken av stammesyklusen er todelt - metodisk og empirisk. For det første opptrer den klassiske stammefamilien (5b) nesten aldri, fordi når arvingen gifter seg tek han samtidig over gardsbruket og gjev førre generasjon kår. Totalt sett er fasane 5a (attåteining oppover) og 5b (nedover) korte sidan det skal ein stort gardsbruk til å fø doble familiar eller for ein nyetablert brukar å yte doble kår, og derfor vert slike konstellasjonar normalt unngått. Vidare fokuserer Berkner einsidig på far-son relasjonen, medan t.d. omgifte ofte skiplar denne enkle syklusen. Mitterauer stiller i det heile spørsmålsteikn ved å nytte syklusomgrepene i førmoderne tid fordi oppattgifting og mobilitet - sysken som flyttar inn og ut av hushaldet gjer at endringane ikkje er sykliske men snarare hoppar ikkje-linjert mellom dei ulike stega i syklusen. Dette gjer det vanskeleg å definere start og sluttfasar. Mitterauer har også tre metodiske innvendingar mot Berkner: 1) Ved å bruke berre **ei** teljing for å avdekkje familiesyklus kan pest, krig og utvandring lett ha forstyrra familiekonstellasjonen. 2) Teljinga kan skjule sosialt betinga syklusskilnader, og 3) Ei teljing kan ikkje stadfeste syklusen som er utleidd sidan ein ikkje kan fylgje eit eller fleire hushald over tid. Mitterauer baserer denne kritikken på longitudinelle studiar der han har fylgd hushald i lengre periodar gjennom årlege hushaldslister (Sjeleregister).¹⁶⁴ Trass i desse kritiske innvendingane vil eg likevel nytte Berkner sin metode og eg vil ta innvendingane til etterretning på følgjande vis: Ved å nytte to store utvalsområder

¹⁶⁴ Mitterauer og Sieder 1982, s. 54-57. Mitterauer og Sieder 1983, s. 309-310.

innafor same landsdel hindrar eg at mindre og lokale demografiske variasjonar får utslag¹⁶⁵ samtidig som at eventuelle større pestbølgjer kan ha råka begge utvalsområda. Sosiale og vilkårlege skilnader vil eg unngå ved å avgrense analysen av syklus til berre bondehushalda og bruke store populasjonar. Populasjonen i kvart av utvalsområda er kring tre gonger så stor som den Berkner i si gransking. Den siste innvendinga er lite å gjere med, anna enn å nytte fleire teljingar eller andre kjelder. Berkner nytta vilkårskontraktar for å sannsynleggjere at førekomensten av dei ulike typane (5a/5b/4a/3b) representerte faktiske syklussteg. Men i staden for å avgrense utvalet av hushaldstypar til dei fire som inngår i stammesyklusen (5b-5a-4a-3b) vil eg ta med alle dei 20 typane i Laslett sitt system, men gruppert saman i 11 grupper. Dessutan vil eg også gjere ei stikkprøve ved å fylgje nokre få hushald gjennom fleire kjelder i tidsperioden 1762-1825.


6.4 To familiesyklussystem på Vestlandet?

Patrilokalisering med stammesyklus og neolokalisering utan tilsvarende sykliske trekk er idealtypar. Begge desse måtane å etablere og å vidareføre hushald vil eksistere innafor same område til same tid. Sidan muligheita til å studere syklus med ei teljing er avgrensa, vil eg i staden prøve å avdekkje kva type hushald som er mest vanleg tidleg i ein hovudperson sitt livsløp og kva som er mest vanleg seinare i livet. Ved å fordele hushaldstypane i aldersgrupper ynskjer eg å avdekkje om det finst aldersbestemte hushaldstypar. På denne måten er det mogeleg å sannsynleggjere om eit område med store fiskeressursar i sterkare grad er disponert for neolokalisering.

For kystområdet (figur 6-5) har eg valt å nytte 5 års aldersintervall og starte det første intervallet på 28 år. Denne aldersinndelinga gjer at øvre grense i den første aldersgruppa - til og med 27 år fell saman med giftarmålsalder og etableringsalder i kystområdet, og øvre grense i den neste aldersgruppa 28-32 år fell saman med giftarmålsalder i fjordområdet. På denne måten ynskjer eg å få fatt på det nyleg etablerte hushaldet.

¹⁶⁵ Til dømes er fertiliteten låg i Norddal sokn i fjordområdet som følge av stor grad av omgifte i 1790-åra, jfr punkt 4.4.2

Figur 6-5 Bondehushald fordelt etter hushaldstype (Laslett) og alderen åt hovudpersonen.
Kystområdet: Finnås, Stord, Sund og Manger Prestegjeld . Folketeljinga 1801.



Kjelde: HUSH1801. Rådata i tabell B-13. (tillegg B)


6.4.1 Hushaldsfasar i kystområdet

Kva for ulike hushaldstypar finn ein i ulike aldrar i kystområdet? Tyder fordelinga på neolokalisering? I den lågaste aldersgruppa - fram til og med 27 år er kring 70% av hushalda gruppe 3 hushald - enkle familiehushald. I underkant av 10% er utvida oppover og det same gjeld fleirfamiliar med attåteining oppover. Type 3a - ugift par utan barn fell og har sitt lågaste punkt når hovudpersonen er tidleg i 40 åra og denne typen aukar i frekvens frå midten av 50 års alderen - denne auken kan vi tolke som starten på ein "empty-nest" fase. Perioden der hushaldet er utvida med ei ekstra familieeining (oppover, sidelengs) er stabil fram til aldersgruppa 38-42 år. Deretter fell denne langsamt. Omgifte der mannen er yngre enn kona er årsak til at hushaldstypen utvida oppover også finst når hovudpersonane nærmar seg 60. I datamaterialet finst eksempel på at hovudpersonen sin stefar er yngre enn hovudpersonen. Dette høyrer til unntaka - men 10-20 års aldersskilnad mellom hovudpersonen og ein stefar er ikkje uvanleg.

Typen utvida sidelengs ser ikkje til å vere determinert av alder i det heile. Hushaldstypane utvida nedover og fleirfamilie attåteining nedover er nesten fråverande. Den klassiske stammefamilien (Fleirfamilie attåteining nedover) finst nesten ikkje. Gruppe 1 og gruppe 2 hushalda ser ut til å vere hushald som er knytt til bestemte livsfasar. I den yngste aldersgruppa

tilhøyrer 10% av hushalda desse hovudkategoriane. Det kan tenkjast at dette er personar som er i ferd med å etablere eit hushald, eller det kan vere hushald av meir temporær karakter - ein fase der ein ventar på eit anna levebrød. Auken av desse hushalda frå kring 60 års alderen kan t.d. skuldast einslege enkjefolk som sit att åleine på eit bruk - eit einsleg gift par der makin har falle frå.

**Figur 6-6 Bondehushald fordelt etter hushaldstype (Laslett) og alderen åt hovudpersonen.
Fjordområdet: Gloppe, Innvik, Eid, Norddal, og Stranda Prestegjeld 1801.**



Kjelde: HUSH1801. Rådata i tabell B-14 (tillegg B)

6.4.2 Hushaldsfasar i fjordområdet

Bøndene i fjordområdet og kystområdet hadde ulik hushaldsstruktur jfr. tabell 6-3. Korleis vert denne skilnaden når hushalda vert fordelt etter hovudpersonen sin alder? Sidan etableringstidspunktet skjer ved ein høgare alder er det lågaste aldersintervallet høgare for fjordområdet enn i kystområdet. Legg merke til at den yngste aldersgruppa i figur 6-6 går fram til 32 år, som er giftarmålsalder for fjordområdet (etableringsalder er 34 år).

Når hovudpersonen er 32 år og yngre er i underkant av 15% av hushalda i gruppe 3 - enkle hushald, medan gruppe 4 og 5 utgjer heile 75% av alle hushalda i denne aldersgruppa - vanlegast er type 5a hushalda fleirfamilie oppover. Fleirfamiliehushaldet er det vanlegaste der hovudpersonane er under 32 år - heile 43% av hushalda er fleirfamiliehushald. Fram mot aldersgruppa 45-47 år fell gruppe 5 hushalda parallelt med at gruppe 3 hushalda aukar. Delen hushald som er utvida sidelengs held seg jamt uansett alder og dette kan tyde på at det ikkje er ein aldersbestemt fase slik Mitterauer tenker seg jfr. tabell 6-5 . Derimot kan fasen med fleir-

familie sidelengs vere betinga av alder sidan den dukkar opp når hovudpersonen er kring 40 år, men talet på slike hushald er lite så dette kan vere tilfeldig. Fleirfamilie nedover - den klassiske stammefamilien - har utbreiing i fjordområdet, og desse hushalda startar når hovudpersonen er midt i 50 års alderen. Når hovudpersonen er i 60 års alderen er i underkant av 20% av hushalda fleirfamilie attåteining nedover (stammefamilie). Er desse 5a og 5b hushalda del av ein stammestruktur slik som Berkner har skildra? Det er ikkje råd avgjere på grunnlag av ei teljing om 5a hushalda har vore 5b hushald nokre år tidlegare, og om 5a hushalda vil bli 5b hushald om nokre år. Men den relative mengda av desse hushalda som kan avlesast som det arealet desse to typane dekkjer, kan tyde på at fleirfamilie oppover er favorisert framfor den klassiske stammefamilien. Frå midten av 50-års alderen er det også ei lita auke i "empty-nest" hushalda. No treng ikkje desse hushalda vere samansett av berre to personar, det kan tenkjast at det finst tenrarar eller losjerande i desse hushalda.

Hushalda i gruppe 1 (Einslege) og gruppe 2 (Ingen familie) er også determinert av alder. I den yngste aldersgruppa utgjer desse gruppene kring 10% av hushalda. Igjen kan det vere særslig ulike hushald og årsaker som skjuler seg bak denne fordelinga. Den yngste gruppa kan vere ein person som ventar på å overta eit bruk eller ein plass, medan den eldste kan vere danna av meir komplekse hushald som er løyst opp som fylge av dødsfall. Det kan også tenkjast at dette er personar som har vorte trengt ut av eller ønskt seg ut av større hushald - anten ved at ein ny generasjon eller nye folk har teke over eit bruk eller plass. Stikkprøver på nokre av desse hushalda i gruppe 2 (Ingen familie) som utgjer 10% av hushalda i den yngste aldersgruppa syner at dette er type 2b hushald der ein ugift son er hovudperson og der ein eller

Tabell 6-6 Stikkprøve kystområdet. Hushalda på gardane Landa og Skumsnes i Fitjar sokn (Stord Prestegjeld) i perioden 1791-1811.

1791 (Sjeleregister)		1800 (Sjeleregister)		1801 (Folketeljing)		1811 (Sjeleregister)
Mann og kone, alder, hushaldstype (Laslett) /tenarar/Innerstar/Pers.	Sleks-relasjон ¹⁶⁶	Mann og kone, alder, hus-haldstype (Laslett) /tenarar/Innerstar/Personar	Sleks-relasjон	Mann og kone, alder, hushaldstype (Laslett) /tenarar/Innerstar/Personar	Sleks-relasjон	Mann og kone, alder, hushaldstype (Laslett) /tenarar/Innerstar/Personar
Skumsnes (Nesse)						
Johannes (78)&-L1? /T//3						
Størch (25) &Ranveig (25) L3b//I/5		Størch (34)& Ranveig (34) L3b//6		Størk Johanesen (36) & Rangvey Mathisdtr (36) L3b//6		Størch Johannes (45)&Ranvei Matisd (45) L3b///6
Ingemor (71)&Anna (60) L3b/T//5		Ingemor (80)&-L3c/T//5		Ingemor Mortensen (81)&-L3c/T//5	Son	Morten Ingemors (49)&Kari Anders (39) L3b///5
Lars (44)&Siri(60) L3b///4	Son	Asbiørn (28)&Britte(37) L5a//5	Son	Asbiørn Larsen (28) &Brite Larsdtr (38) L5a/T//7		Asbjørn Larsen (39)&Ragnilde Matisd (42) L3b//I/6
Landa						
Niels (45)&Ragna (40) L3b/T/I/9		Niels (53)&Ragna (49) L3b//5		Niels Taraldsen (55)& Ragna Peersdtr (50) L3b///8		Niels Taralsen (64)&Ragna Peders (49) L3b///6
Michel (75)&Marite(64) L3a/T//4						
Knud (34)&Siri(36) L3b///4		Knud (43)&Siri(45) L3b //7		Knud Michelsen (44) & Siri Størcksdtr (46) L3b//7		Knud Michelsen (55)&Siri Størchsd (56) L3b//6
Johannes (38)&Britte(35) L3b/T/I/9		Johannes (47)&Britte (42) L3b//7		Johannes Larsen (50) & Britte Johansdtr (43) L3b//7		Johannes Larsen (58)&Britte Johannesdtr (55) L3b///7
Endre (62)&Anna(52) L3b//I/6	Son	Lars Endresen (36)&Siri (36) L5a/T//4		Lars Endresen (37) & Siri Nielsdtr (37) L3a//2		Lars Endresen (46)&Siri Nielsdtr (42) L3a//3
			Mor	Anna Johansdtr (62) & - L3d//2	Son/ Bror	Mons Endresen (27)&Marithe Samsonsd (29) L4a//5
MHS: 5.44		5.57		5.50		5.50

¹⁶⁶ Sleksrelasjonane er i hovedsak avgjort på grunnlag av folketeljinga 1801, sidan sjeleregistra berre spesifiserer hushaldsstillingane: barn, tenar eller innerst, og berre sjeldan andre sleksrelasjoner

begge foreldra også er medlemmar av hushaldet. Denne konstellasjonen har ikkje eigen type-definisjon i Laslett sitt system og typologisering til 2b Slektningar og 2a Sysken er ei naudløysing.¹⁶⁷

Hushalda med dei einslege enkjefolka med barn aukar og frå kring 50 års alderen. Dette kan tyde på at populariteten på ekteskapsmarknaden fell ved dette alderstrinnet. Dette kan både ha med alder å gjere, med trongen for å gifte seg omatt og kanskje fordi det er på tide at eit av barna giftar seg og tek over levebrødet.

Så langt tyder dette at det er to ulike praksisar i dei to regionane med omsyn til hushaldsetablering. I kystområdet finst trekk som tyder på neolokalisering, i fjordområdet ser patrilokalisering ut til å vere regelen. Står denne konklusjonen for ein longitudinell sjekk?

6.4.3 Longitudinell sjekk

For Fitjar sokn i kystområdet (del av Stord Prestegjeld) finst det sjeleregister for åra 1791 ("antag."), 1800 (9/7), og 1811 (16/6).¹⁶⁸ Desse sjeleregistra kan ein jamføre med folketeljinga i 1801. Sameleis finst det for Stranda prestegjeld manntal i samband med innkrevjing av Ekstraskatt 1762-63¹⁶⁹, og ei nominell teljing i 1825.¹⁷⁰ Desse kjeldene vil eg nytte til å gjere ei stikkprøve for å sjekke det biletet fordelinga av hushaldstypar etter hovudpersonen sin alder gav. Ekstraskattmanntalet 1762-63¹⁷¹ er vurdert kjeldekritisk og nytta tidlegare i samband med hushaldsgranskingar.¹⁷² Folketeljinga i 1825 for Stranda har tilsvarande kvalitetar som folketeljinga i 1801 - teljaren har nytta same "skjema" dvs. felt og inndelingar. Sjeleregister har så vidt eg veit ikkje vore nytta i samband med hushaldsgranskingar i Noreg tidlegare, men i og med dei tre sjeleregistra for Fitjar ligg så nær teljinga i 1801 er jamføring på personnivå særskilt enkel.

I sjeleregistra for 1791 og 1800 er gardane skild med heile strekar og alle personane er spesifisert med nemningane «Børn», «Tiener» og «Inderster». «Huusmænd» er skild frå «Opsiddere» og fleire oppsitjarar/husmenn på ein gard er skild frå kvarandre med korte, dels heile strekar - dette har eg tolka som hushaldsinndeling. Alle personar er oppført med alder, men berre unntaksvis med farsnamn. Sjeleregisteret i 1811 skil seg frå dei to andre ved at

¹⁶⁷ Higley 1976, s. 148-158.

¹⁶⁸ SAB. Biskopen i Bergen, Manntalslister fra Prostiene i Søndre Bergenshus Amt. Pakke 62. Sjeleregistera er registrert med dataprogrammet CENSIN (CENSSYS-systemet) for ein del gardar i den nordlege på delen av Fitjar (ca. 100 individ for kvart sjeleregister). Det fins også nominelle teljingar for heile Stord prestegjeld for 1835 og 1845. Desse har eg også registrert og granska for dei same gardane, men dette materialet vil ikkje bli trekt direkte inn i drøftinga.

¹⁶⁹ RA. Ekstraskatten 1762/1763. Skattevesen. Sunnmøre Fogderi. Ekstraskatten for Stranda sokn (673 individ) har eg registrert med CENSIN (del av CENSSYS-programmet).

¹⁷⁰ RA. Folketellingen 1825. Finansdept. Tabellktr. Ft. 1825, bd. 15. Folketeljinga for Stranda sokn (1061 individ) har eg registrert med CENSIN (del av CENSSYS-programmet).

¹⁷¹ I landdistrikta skulle manntalet førast av prestane jfr. forordning om ekstraskatt av 23 september 1762. Schou 1795, s.697-701.

¹⁷² Døssland 1981 s. 30-42. Sogner 1978, s.700-706. Sogner 1979, s. 293-294

oppstjarar (mann og kone) og innerstar er ført i ei kolonne medan barn/tenrarar er ført i ei anna. Alle personar er ført med alder og farsnamn. Gardane er skilde med strekar og oppsitjarane og husmennene nummerert med løpenummer innanfor garden. Dette har eg tolka som hushaldsinndeling.

I tabell 6-6 er hushalda på gardane Skumsnes (Nesse) og Landa fylgd frå 1791 til 1811. Tidsperioden er for kort til å få eit innblikk i utviklinga langs heile livssyklusen til hovudpersonane. Likevel kan ein sjå eit par karakteristiske trekk: Dei fleste hushalda er enkle uansett alderen til hovudpersonane. Det er to tilfelle av utvida hushald (4a og 4c) og i to tilfelle finst der innerstar som er gamle nok til å vere mødre/stemødre til ein av hovudpersonane, men evt. slektskap er ikkje råd å avgjere på grunnlag av sjeleregistra og folketeljinga. Fleirfamiliehushaldet finst i eit tilfelle - det siste hushaldet under garden Skumsnes er både i 1800 og 1801 av typen Fleirfamilie attåteining oppover. Dei to siste hushaldslinjene for garden Landa - hushaldet til Endre & Anna syner nokre interessante trekk. I 1791 er dette eit enkelt familiehushald med borna Lars og Mons, men i 1800 er truleg Endre død for i dette hushaldet finn vi no sonen Lars, kona hans, mor til Lars og broren Mons - eit fleirfamilie hushald (5a attåteining oppover). I 1801 er derimot Lars og kona førte i eit hushald (3a enkelt), medan mora Anna og sonen Mons i eit anna (3d enkelt). Mellom 1801 og 1811 har Mons gifta seg og blitt hushaldsoverhovud og mor til Mons er ført saman med Mons og kona (4a utvida hushald). Lars og kona er framleis ført i eit eige hushald. I følgje bygdeboka for Fitjar kjøpte Lars bruket av faren i 1784 og var brukar til 1800. Då selde han helvta til broren, Mons.¹⁷³ Denne bruksdelinga kjem til syne i teljinga i 1801, jfr. tabell 6-6.

Mellom kvart av teljetidspunkta er det ein viss variasjon i hushaldsstørleiken og talet på hushald, likevel er snittet stabilt. MHS for utvalet er i heile perioden kring 5.5. Dette er i overkant av snittet for Fitjar sokn i 1801 (4.93) og for Stord Prestegjeld (4.74), jfr. Figur 4-5. Dette heng nok saman med at korkje Lande eller Skumsnes har husmannsplassar i denne perioden. Konklusjonen er at stikkprøva ikkje falsifiserer det biletet 1801-teljinga gav for kystområdet: Når ein etablerer hushald blir ein verande som hushaldsoverhovud resten av livet, og når ektemannen dør vert hushaldet overført til eit av barna dersom enkja ikkje gifter seg oppatt. Ein syklus som inkluderer fleirfamiliehushald er ikkje regelen, og hushalda vil i hovudsak vere enkle og utvida. I dei utvida hushalda finn ein ofte enkja etter førre brukaren.

¹⁷³ Steinsbø II, 1986, s. 410, SAB. Sorenskrivaren i Sunnhordland, Pantebok IIB.e.6, fol 416.

**Tabell 6-7 Stikkprøve fjordområdet. Hushald på gardane Ringstad og Myklebust i Stranda
Prestegjeld i perioden 1762-1825**

1762 (Ekstraskatten)		1801 (Folketeljing)		1825 (Folketeljing)
Mann og kone, alder, hus-haldstype (Laslett)/ Tenarar/Innerstar/	Slechts -rela-sjon ¹⁷⁴	Mann og kone, alder, hus-haldstype (Laslett)/ Tenarar/Innerstar/Personar	Sleks- rela-sjon	Mann og kone, alder, hushaldstype (Laslett)/ Tenarar/ Innerstar/Personar
Ringstad (Sjølveigarar)¹⁷⁵				
Knud Pedersen& Ane Rasmusdatt. L5a/T/	Son	Peder Knudsen (40) & Inger Andersd (30) L5a/T//10	Son	Knud Pedersen (33)& Helene Jakobsd (36) L4a/T//11
Jon Larsen & Gurrii Knudsdatt. L4a/T/I	Son	Lars Jonsen (50)& - L3c/T//7	Son	Peder Larssen (40) & Marte Nilsd (35) L3b/T//10
Nils Olsen & Ane Olsdatter L5a/T/I	Son	Siur Nilsen (38)& Berthe Andersd (40) L3b/T//8	Son	Anders Sjursen (35)& Oline Sjursd (29) L5a//9
		Hm: Ole Jonsen (56)& Berthe Olsd (50) L3a//2		Hm: Ole Jonsen (82)& Brita Olsd (74) L3a//2
Hm: Halkjell Arnesen & Berte Pedersdatt L3	Son	Hm: Arne Halkieldsen (44)& Karen Salamondsd (48) L3b//5		Hm: Arne Halkjellsen (70) & Kari Salmundsd (73) L3b//4
		Hm: Brithe Aamundsd (76) L1a//1		
Myklebust (Eigar Stranda Kirke)				
Jon Nilsen & Ranni Colbensdatt L4c	Ste- son	Jon Knudsen (35)& Anne Gregoriusd (40) L5e/T/I/11	Son (2)	Knut Jonsen (33) & Massi Larsd (25) L5a/T//9
	Son	Nils Jonsen (51) & Anne Knudsd (45) L4a/T//9	Son	Anders Nilsen (38) & Helena Persd (31) L5a/T//8
Anders Pedersen & Synneve Knutsdatt L5a		Inderst: Anders Pedersen (67) & Laurense Sylfestd (55) L3b//3		
Iver Rasmussen & Helge Tostensdatter L3	Son	Hans Iversen (48) & Anne Olsd (46) L4a/T/I/10	Son (2)	Ole Hanss(39)& Sigrid Knudsd (31) L4a/T//8
			Son av Jon Nilsen	Hm: Nils Jonsen (69)& Sigrid Serkvidsd (41) L3a//2
			Son (1) av Hans Iversen	Hm: Ivar Hansen (42)& Kanutta Pedersd (42) L3b//3
MHS:6.53 ¹⁷⁶		6.60		6.60

¹⁷⁴ Sleksrelasjonar mellom 1762 og 1801 er basert på bygdeboka Stranda III Åttebok, Langlo 1979. Elles er sleksrelasjonar spesifisert i teljingane både i 1801 og 1825.

¹⁷⁵ Eigedomsforhold er basert på opplysninga i Ekstraskattmantallet for Stranda 1762 (RA) og folketeljinga for Stranda i 1825 (RA).

¹⁷⁶ I Ekstraskatten skulle berre personar som var 12 år på teljetidspunktet (Oktober 1762) takast med. Fogtman 1786 s. 697-702. MHS er rekna ut ved å legge til 1.42 personar som er snittalet på hushaldsmedlemmer 12 år og yngre i Stranda prestegjeld i folketeljinga 1801.

I tabell 6-7 er hushalda på gardane Ringstad og Myklebust i Stranda prestegjeld fylgd i perioden 1762-1825. Gardane er valde ut på grunnlag av jordeigedommsforholda. På Ringstad er alle brukarane sjølveigarar gjennom heile perioden, og på Myklebust er alle brukarane leiglendingar i heile perioden. Tidsspennet mellom dei einskilde teljingane er i dette tilfellet for stort at det er råd å fylgje hovudpersonane på fleire steg i livet. Likevel er eit par trekk klare: Alle bondehushalda er på eit eller fleire tidspunkt fleirfamilie - eller utvida hushald (Gruppe 4 eller 5). Når hovudpersonane er i byrjinga av 30-åra er hushaldet eit fleirfamiliehushald, i 40-50 års alderen er dei enkle eller utvida og når brukaren nærmar seg 60 let han sonen overta. Husmennene (Hm:) derimot, har enkle hushald og sit truleg på plassen livet ut. Av stikkprøva ser det ikkje ut til å vere nokon skilnad mellom sjølveigar og leiglending med omsyn til type hushald dei dannar, men dette kan vere eit tilfelle. Heller ikkje denne stikkprøve endrar biletet den eine teljinga gav av syklusmønstret. For hushalda i fjordområdet er ein syklus med stega fleirfamilie - utvida - enkel - fleirfamilie regelen. Legg og merkje til at sjølv om talet på hushaldsmedlemmer varierer så er snittet stabilt - MHS er kring 6.6 - dette er i underkant av snittet for heile prestegjeldet i 1801. MHS for Stranda prestegjeld er 5.82, jfr. Figur 4-5.

For begge områda står biletet den eine teljinga (1801) gav som ei god skildring av syklusmønstret. Så langt har eg argumentert for at skilnadene i områda skuldast økonomiske faktorar. På Vestlandet er det klare skilnader mellom ytre og indre strok med omsyn til graden av sjølveige.¹⁷⁷ Kan ulikskapen mellom dei to områda botne i jordeigedommsforholda? Det er blitt hevd at stammefamilien (fleirfamiliehushald der det eldste paret har autoriteten) vanlegvis er forbunde med odelsjord/odelsbruk.¹⁷⁸

6.5 Odel, åsete og bygsel

I Noreg er odel og åsetesretten ein grunnfesta lovtradisjon som går attende til dei eldste landskapslovene. Odelsretten gjev eit bestemt sett av slektingar (etterkommarar av ein odelsmann) retten til jord, og bestemmer den innbyrdes rekkjefølgja til denne retten. Åsetesretten gjev den fremste odelsarvingen t.d. eldste son, retten til å ta over jorda udelt (førstefødselsretsrett). Barn eller slekt av ein leiglending hadde ikkje denne lovfesta suksesjonsordninga. Leiglendingen sin rett var fest til bygskontrakten, ein avtale mellom jordeigar og jordleigar som kunne seiast opp med eit års varsel. Vilkåra kunne ein reforhandle kvart 3 år (tredjeårstake), men i praksis bygsla leigaren bruket på si livstid. Ei forordning i 1685 gav sonen førsterett til feste etter faren, men denne vert trekt attende to år seinare i Christian Vs lov¹⁷⁹, og i 1784 er det også framlegg til forordning om at «sischte Bøxelman sön eller næ-

¹⁷⁷ Bjørkvik 1972, s. 27-35 og 102-104.

¹⁷⁸ Sogner 1983, s. 581. Sogner 1990 s. 43.

¹⁷⁹ Dørum 1994, s. 259.

meste slekt» skulle vere nærmaste til bygselen.¹⁸⁰ Dette forslaget vart ikkje sett i kraft. Derimot hadde enkjer rett til å overta bygselen etter sin «afdøde Mand», og dersom ho gifta seg på nytt skulle den nye ektemannen overta.¹⁸¹ For husmenn gjaldt i 1801 forordningane frå 1750, 1752 og 1792 som gav jorddrotten pålegg om å gi husmannen «en skriftlig Seddel» på leigevilkåra. Leigevilkåra skulle gjelde på husmannen eller enkja sin livstid.¹⁸²

6.5.1 Odelsmann, leiglending og husmann

Sidan suksesjonen var ulik avhengig av eigedoms- og bruksretten til jorda kan ein tenkje seg to ulike system¹⁸³:

I) Odelsjord/odelsmann: Suksesjonen er lovfest - hushalda er ofte av typane i gruppene 4 Utvida og 5 Fleirfamilie, oftast typane 4a Utvida oppover og 5a Attåteining oppover. Den eldste generasjonen trekkjer seg attende, overlet bruket til den odelsbårne og tek seg kår. I eit hushald der produksjonsgrunnlaget er eit sjølveigarbruk og odelsretten gjeld, skjer overlevering til neste generasjon når odelsarvingen er i 25-30 års alderen og den eldste generasjonen i 50-60 års alderen. Overtakinga kan bli framskunda dersom ein av partane i den eldste generasjonen dør. Oppattgifting er mest aktuelt for menn, men også for koner dersom odelsarvingen ikkje er gammal nok til å ta over (under 20 år). Brot i suksesjonen er sjeldan.

IIa) Bygslejord/leiglending: I hushald der produksjonsgrunnlaget er eit bygslebruk har brukaren normalt bygselskontrakt på livstid. Suksesjonen er meir uklår av di brukaren sit på si livstid og ingen av barna har etter lova rett til å overta bygselen. Dette kan føre til at dei eldste barna finn seg andre levebrød (eit anna bruk eller ein husmannsplass) dersom brukaren når høg alder eller ein stefar har teke over bygselen. Leiglendingsenkjer er populære giftarmålsobjekt sidan det fylgjer bygselskontrakt med ekteskapet - stefedre kan såleis trenge vekk barn frå første ekteskap. Brot i suksesjonen kan også skje dersom landdrotten ynskjer å overta jorda sjølv eller vil leige jorda til andre. Normalt vil likevel eit av barna ta over bygselen når ein av partane i førre generasjonen dør, men både steforeldre og jordeigar sine rettar t.d. buslitsretten¹⁸⁴, kan tvinge barna ut for å finne anna levebrød. Den attlevande enkja eller enkjemannen bur saman med neste brukarpar og vi får eit 4a hushald (Utvida oppover). Ein kan tenkje seg at desse hushalda ofte vil vere i gruppene 3 Enkle og 4 Utvida, oftast typane 3b Ektepar med born og 4a Utvida oppover. Omgifte kan gje seriar med 3b/3c/3d hushald (Par

¹⁸⁰ Ot. prp. 10/1888. *Aktstykker til Leilaendingsvæsenets historie*, s. 77.

¹⁸¹ Christian den V Norske Lov 3-14-11. Sjå f.eks. Prebensen 1887, s. 283.

¹⁸² Forordningane av 9. oktober 1750, 29. april 1752 og 29. juni 1792. Schmidt 1851, s. 557,597. Schmidt 1852, s. 265.

¹⁸³ Denne forklaringsmodellen er ei alternativ forklaring på skilnadane mellom kystområdet og fjordområdet og er dels basert på Bjørkvik og Holmsen 1972, s. 29, Kåstad 1981, s.115-120, Sogner 1983, s. 581, Gaunt 1987 s. 132, Dørum 1995, s. 148-152,169.

¹⁸⁴ Dørum 1995, s. 151. Jordeigarar misbrukte retten for å skaffe gardsbruk til eigne barn. Eigentleg skulle buslitsretten nyttast om jordeigaren sjølv var blitt jordlaus.

med born, enkjefolk med born). Når overtaking av bygselkontrakten frå ein generasjon til neste skjer vil gjerne eldste vere i 60-70 års alderen (enkja), og den neste generasjon kan vere mellom 25 og 40 år alt etter om det er eldste eller yngste barn som tek over, og om det er barn frå første eller andre ekteskap.

IIb) Husmann med jord: Kontrakten gjeld på levetid, barna kan ikkje vere trygge på at dei får overta plassen etter foreldra, og prøver heller å finne seg anna levebrød. Ein kan tenkje seg at desse hushalda ofte er gruppe 3, sluttfasen er gruppe 1 eller 2 og nesten aldri 4 og 5.¹⁸⁵


I det første tilfelle (odelshushaldet) vil hushaldsfasane 5a - 4a - 3b - 5b - 5a vere vanlegare enn i leiglendingshushaldet der kanskje fasane 4a - 3b - 3c/3d - 3b - 4a oftare vil kunne oppstå. 3b - 3c/3d - 3b indikerer oppattgifting, og overtaking av bygselkontrakten skjer normalt når ein av partane i den eldste generasjonen dør. Fleirfamiliehushald (gruppe 5) er sjeldnare, men ikkje uvanleg. Brot i syklusen vil kunne skje ved at jorddrotten anten tek over jorda sjølv eller bygslar jorda til nokon som ikkje er i familie med førre brukar.

6.5.2 Sjølveigarar og leiglendingar

Det er ikkje råd å skilje mellom sjølveigarar (odelsmenn og jordrotter) og leiglendingar i 1801-teljinga. I nokre prestegjeld t.d. Sund finn ein rett nok termar som «Bruger selvejer...» og «Bruger bøxel gaard....». Men sidan ei slik spesifisering ikkje var pålagt etter føreskrifta er det vanskeleg å stole på registreringar i einskilde sokn utan særskilde kontollar. Det er derfor umogeleg å gjennomføre test av dei tre systema på hushaldsnivå. Men dersom denne modellen er korrekt burde delen av fleirfamiliehushald og utvida hushald vere avhengig av delen sjølveigarar. Ein kan tenkje seg regelen: Dess fleire sjølveigarar, dess fleire fleirfamilie og utvida hushald. I folketeljinga i 1825 er talet på leiglendingar og sjølveigarar kjent. Kan graden av sjølveige forklare skilnadene i hushaldsstruktur og syklus som er avdekt?

¹⁸⁵ Dyrvik 1983, s. 194-195

Figur 6-7 Talet på sjølveigarar og leiglendingar i tal og prosent etter folketeljinga i 1825 fordelt på prestegjelda i kyst- og fjordområdet og totalen for områda.



Kjelde: J. Kraft, Beskrivelse over Kongeriget Norge. Del IV:420, 588. Del V:161

Sund er sum av Møkster og Austevoll sokn i Sunnhordland, Fjell og Sund sokn i Nordhordland.

I Figur 6-6 er talet på sjølveigarar og leiglendingar i prosent og fordelt på prestegjelda. Totalt i fjordområdet er delen av sjølveigarar 56% av alle brukarane, medan berre 44% av brukarane i kystområdet er sjølveigarar. I fjordområdet er delen av fleirfamiliehushald 18.2% mot berre 4.2% i kystområdet, jfr tabell 6-2. Dette kunne indikere ein slik samanheng - dess fleire sjølveigarar, dess fleire komplekse hushald. Men løyser vi dette opp på prestegeldsnivå forsvinn samanhengen: I fjordområdet har Eid og Stranda færrest sjølveigarar, men jamfører vi med tabell 6-2 ser vi at Eid har flest fleirfamiliehushald (25%) i heile fjordområdet og Stranda færrest (11%), medan Gloppen, Innvik og Norddal har langt fleire sjølveigarar enn Eid, men ein mindre del fleirfamiliehushald. Kystområdet er heller ikkje særleg homogent med omsyn til sjølveige: Sund har færrest sjølveigarar (31%), medan Stord har flest (61%), meir enn snittet for fjordområdet. Likevel er delen av fleirfamiliehushald i Sund og Stord omlag lik (3% og 4%). Stord har altså ein sjølveigarprosent på same nivå som Gloppen, men langt færre fleirfamiliehushald. I 1801 er storleiken på hushaldet til sjølveigarar i snitt 6.87 personar i Norddal sokn, medan leiglendingshushaldet er i snitt 6.38 personar og denne differansen er stabil i perioden 1762 til 1865. Den vesle skilnaden i storlek finn ein i gruppa Andre (Kårfolk med barn, losjerande og fattiglemmar) som i heile perioden er størst hos

sjølveigarane.¹⁸⁶ På dette grunnlaget vil eg konkludere med at graden av sjølveige har lite eller inkje innverknad på hushaldsstrukturen. Men det utelukkar ikkje at overføring av bygselen frå ein brukar til neste har vore praktisert annleis i kystområdet enn i fjordområdet. Kystområdet har også hatt lågare grad av sjølveige enn fjordområdet sidan 1600-talet.¹⁸⁷ Nokre av jordeigarane - dei sentralkyrkjelege, proprietærane og krongodsforvaltarane - sat nærmare kystområdet enn fjordområdet (Dei som hadde tilhald i Bergen). Jordeigarane hadde såleis betre kontroll, og kanskje var det i større grad seljaren sin marknad når han ville reforhandle bygsselkontrakten eller at ein slektning av førre brukaren ville ta over. Dette kan ha ført til at leiglendingane i fjordområdet i forståing med jordeigarane praktiserte tilnærma odel og åsetesrett ved overføring av bygsel til eldste son. Leiglendingane i kystområdet har truleg oftare sete på livstid. Konstellasjonen med fleirfamiliehushald kan då opptre meir sjeldan dersom overføringa til neste generasjon ikkje fylgte prinsippet med overføring til eldste son i like sterk grad. Kanskje vart bygselen oftare overført til t.d. det yngste barnet, ein annan slektning eller til uskyld. Dette kan vere interessant å undersøke, men går ut over rammene for denne oppgåva.

6.6 Ulike vilkårssystem - ulik bruksorganisasjon

I «Beskrivelse over fogderiet Sundmør» kommenterer Hans Strøm endringar i «Bøndernes Huusholdning og Levemaade» midt på 1700-talet slik:

«..at de mange Giftermaale og Jordenes Deelning i smaa Parter, som paa et Snes Aar meget have tiltaget, have i dette Stæds Oeconomie foraarsaget een og anden mærklig Forandring, saasom: 1) at der nu ofte findes 2 eller flere Familier i et huus, hvor tilforn ikkun boede een; hvilket skeer deels derved, at Forældre overlade en Deel af sit Brug til sine Børn, og følgelig ogsaa maa dele Værelser med dem, deels at gamle Folk afstaae sine jorder til andre, imod at faaa et halvt Snees Rixdaler i Opstød-Penge, og desuden et saa kaldet Vilkaar, som bestaaer enten i et lidet Stykke Jord, eller og et Par Creature og visse Tønder Korn til aarlig Underholdning, foruden det fornødne Huus-Rum. 2) At alt, hvad der behøves til en huusholdning, har steget til en meget høiere Priis end før, og bliver Tid efter anden dyrere (*); og 3 at Tienste-Folk ere vanskelige at faae og fordre en stor Løn (**) tillige med andre anseelige Vilkaar, som ofte trykke huusbonden mere end den hele Løn, og give Tieneren derimod lige saa stor Fordeel. Saadant er vel forbudet i den seneste og meget nyttige Forordning angaaende Tieneste-Folk paa landet i Norge; men Bonden indgaaer det dog hemmelig med Tieneren, af Frygt for at miste ham. Denne Mangel paa Tienste-Folk, hvorover hos os høres idelig Klagmaal, kommer da del, som meldt er, af Jordenes Deelning og Ægteskabernes Formerelse, efterdi enhver nye Familie behøver i det minste en Tieneste-Karl eller Pige; dels og af Landets tiltagende Velstand, thi i de Bygdelave, hvor en Bonde tilforn ei var i Stand til at lønne en

¹⁸⁶ Linge 1979, s. 114-115.

¹⁸⁷ I kystområdet var mindre enn 20% av skylda i bondeeige i 1661. Fjordområdet låg denne delen mellom 45-21% (Indre Sunnmøre) og 46-70% (Indre Nordfjord). Bjørkvik 1972, s. 103.

Tiener, der holder han nu vel tvende, og jo flere han kan holde, jo større kan hans brug blive baade til Lands og til Søes.»¹⁸⁸

Strøm kommenterer her fleire sider ved dei emna som er tekne opp i denne oppgåva; endring i hushaldsstruktur og hushaldsetablering kombinert med ein oppheita økonomi og knytinga mellom giftarmål og hushald. Og han skisserer to måtar to generasjonar kan dele/overføre ressursane på: Ved at ein 1) bur saman (felles hushald) og brukar same gardsbruken, eller 2) deler jorda/gardsbruken og har separat hushald. Kan systemet med husdeling og felles hushald først og fremst vere dei indre bygdene sin måte å løyse problemet med aukande levealder, medan systemet med jorddeling er vanlegare i kystområdet?

Eit reskript frå 1767 peikar i same retning. I dette reskriptet vert det pålegg om at avtalar og uformelle kontraktar der ein leiglending overdreg bruket til ein annan brukar skal førrast i den nye bygselsetelen. Ei årsak til dette er at i Søndre Bergenhus amt er slike uformelle avtalar alt blitt vanleg praksis. Men i 1804 kjem det forbod mot slike avtalar.¹⁸⁹ Dette tyder på at i kystområdet har jordeigarane og styresmaktene sett på denne forma for bruksdeling som eit problem og den må ha vore utbreidd.

Tabell 6-8 Husmenn fordelt i aldersgrupper og område. Kyst- og fjordområdet 1801.

<i>Husmenn fordelt etter alder</i>		
<i>Alder</i>	<i>Kyst</i>	<i>Fjord</i>
18-27	3 %	1 %
28-32	13 %	3 %
33-37	13 %	9 %
38-42	13 %	16 %
43-47	11 %	18 %
48-52	14 %	16 %
53-57	10 %	12 %
58-62	9 %	5 %
63+	15 %	20 %
Sum husmenn	523	267
Gj. Snitt alder	47,6	50,4

Kjelde: HUSH1801

Men dersom dette skal kunne forklare delar av den ulikskapen som finst, så bør også husmennene i kystområdet vere eldre enn husmennene i fjordområdet, og særleg vil ein vente å finne fleire husmenn i aldersgruppene frå midten av 50-åra og oppover. Vi kan tenkje oss at nokre av dei som overlet eller deler jorda til skyldfolk eller andre vert husmenn. Er husmennene i kystområdet relativt sett eldre enn husmennene i fjordområdet? Svaret er nei. Jamfører vi med tabell 6-8 syner det seg at det er litt fleire husmenn i fjordområdet frå 58 år

¹⁸⁸ Strøm I 1762, s. 236-238.

¹⁸⁹ Dørum 1994, s. 260. Reskript av 9. oktober 1767, Fogtman 1786 s. 79-80

og oppover - 25% av alle husmenn i fjordområdet er i denne aldersgruppa, 24% av husmennene i fjordområdet. Elles samsvarar aldersprofilen med hovudpersonsraten for dei to områda - i kystområdet er finst husmennene i alle alderskategoriar frå 28 år og oppover, i fjordområdet særleg frå 40-års alderen og oppover, jfr. Figur 5-2.

Den avtroppende brukaren finn vi altså ikkje som husmann i større grad i kystområdet enn i fjordområdet. Det er difor meir truleg at bruka i kystområdet blir delte temporært eller permanent - at sjølvé bruksstrukturen er langt meir fleksibel. Går vi attende til stikkprøva i tabell 6-7 finn vi eksempel på dette: Størk Johannessen Skumsnes (Størch -25 & Rangveig -25) kjøpte bruket i 1787 og var brukar til 1819, då selde han halvparten til sonen Johannes, og brukte andre halvparten sjølv. Når Størk dør i 1837 kjøper den andre sonen denne halvparten av dødsbuet.¹⁹⁰ Først ei deling av bruket mellom far og son, kanskje var denne delinga tenkt å vere mellombels. Når eldste generasjon dør vert delinga gjort permanent mellom to brør. På Landa finn vi eksempel på deling mellom far og son: Knut Mikkelsen Landa (Knut -34 & Siri 36, jfr. tabell 6-7) kjøpte bruket i 1779, var brukar til 1818 på heile bruket. Han sel då halvparten til sonen, dei brukar kvar sin halvpart til 1822 og sonen kjøper då den andre halvparten frå buet etter faren. Denne type deling kunne også skje med leiglendingsbruk. På eit av brukta på garden Sør-Fodno - over vågen for Landa og Skumsnes - skjer ei slik deling av bygsel mellom far og son i 1794, og samtidig finn det stad ei tilsvarende deling av hushaldet i sjeleregistra mellom 1791 og 1800.¹⁹¹ Seinare (1807) vert bruket delt permanent mellom dei to brørne. Dette tyder på at bruka i kystområdet vart delt, både mellombels og permanent. Delinga treng ikkje i første omgang alltid å ha vore lovleg juridisk sett, eller vore tenkt bli ei permanent løysing. Økonomisk sett kan vi gissee på at teljaren oppfatta dei to einingane som separate uavhengig av den rettslege stillinga. Denne type deling av bruka er kanskje ein parallel til medbrukarsystemet som Reidar Vollen har påvist i skogsbygda Bygland i Aust-Agder. Medbrukarsystemet vart vanleg frå kring 1820-talet på store sjølveigarbruk. Motivet for dette var m.a. at hovudbrukaren sjølv kunne gå sterkare inn i skogsdrift.¹⁹²

I fjordområdet ser vi heilt klart tendens til at dei to einingane har felles hushald. I kystområdet finn vi eksempel på at gardsbruken i ein kortare eller lengre periode (vi kan gissee på 5-15 år) vert delt mellom avtroppende og påtroppende eining. Einingerne har blitt oppfatta som økonomisk skilde sjølv om dette juridisk sett ikkje alltid var tilfelle. Ei slik innleiande deling mellom t.d. far og son kan med tida gå over til ei deling av bruket mellom slektingar, t.d. to brør.

¹⁹⁰ Steinsbø II, 1986, s. 459-461.

¹⁹¹ SA. Mantallsregister. S.B. Amt. Sjeleregister for Fitjar 1791 og 1800. Steinsbø I 1986, s. 36.

¹⁹² Vollen 1988, s. 107-121

Kor mykje sterkare er bruksdelinga i kystområdet enn i fjordområdet kring 1800? Veksten i talet på gardbrukarar i perioden 1723 til 1825 kan gje ein peikepinn på dette. I 1723 var det 6916 oppsitjarar i Søndre Bergenhus, i 1825 var talet auka til 9242, eller ein vekst på 33.6%.¹⁹³ Tilsvarande tal for Nordre Bergenhus er 5791 og 6121, dvs. ei auke på berre 5.7% og i Romsdal Amt er auka på 7.3%. Talet på husmannsplassar med jord har auka frå eit fåtal i 1723 til kring 2500 i 1825 i begge amta.¹⁹⁴ Av desse 2500 husmannsplassane i Nordre Bergenhus er finst berre 185 i Nordfjord fogderi¹⁹⁵ (utvalsområdet er delar av Nordfjord fogderi) og dette syner at bruksstrukturen i fjordområdet er så å seie fullstendig statisk. I hovudoppgåva «Befolkningsutviklinga i Norddal 1737-1865» konkluderer Terje Linge med at i perioden fram til kring 1800 var det «Ingen nyvinningar i jordbruket som kan gje rom til fleire familiar». ¹⁹⁶ Dette er i sterk kontrast til kva Svein Gunnar Koppang skriv om befolkningsutviklinga i Stord: «Brukstalet auka med 45.5% frå 1666 til 1801» og «husmannsklassen bortimot 4-dobra seg frå 1666 til 1801». ¹⁹⁷ I kystområdet har det i tida fram mot folketeljinga skjedd ei kraftig deling av eksisterande bruk og utskiljing av husmannsplassar. Bruksdeling, neolokalisering og klar overvekt av enkle hushald er såleis sider av same sak.

6.7 Konklusjon

I kystområdet er det enkle hushaldet mest utbreidd totalt sett - 8 av 10 hushald i dette området er enkle. Skilnaden mellom bonde og husmann er liten. I fjordområdet er fleirfamiliehushaldet og det utvida hushaldet mest utbreidd - 4 av 10 hushald tilhører desse to typane.

To ulike familiesyklusar for bondehushalda er avdekt i dei to utvalsområda: Kystområdet har ein syklus der hushaldet hovudsakleg er enkelt, men i periodar er utvida. Fleirfamiliefasen opptrer sjeldan i kystområdet. Bondehushalda i fjordområdet har ein såkalla stammesyklus - ein syklus der hushaldet går gjennom fasar: fleirfamiliehushald - utvida - enkelt - fleirfamiliehushald. Fjordområdet har såleis ei klart patrilokaliseringande form for hushaldsetablering, medan kystområdet i sterkegrad er prega av neolokalisering.

Ei forklaring på dette er at ein i kystområdet normalt sit på livstid som brukar, medan ein i fjordområdet i større grad overleverer bruket til neste generasjon i slutten av 50 års alderen. Dersom brukaren dør i 50 års alderen vil ikkje dette skape noko problem, då kan eit av barna vere klar til å ta over. Vert brukaren eldre og barna veks til har vi indikasjonar på at brukaren i kystområdet gjer ei mellombels deling av bruket, som igjen kan føre til ei endeleg,

¹⁹³ Aschehoug 1890, s. 38-39

¹⁹⁴ Talet på husmannsplassar med jord er truleg for lågt i 1723, jfr. Aschehoug 1890, s. 39 og Skappel 1922, s. 85-86.

¹⁹⁵ Husmannsplassane (med jord) i Nordre Bergenhus amt finn ein hovudsakleg i Indre og Ytre Sogn fogderi. Kraft 1830, s. 714.

¹⁹⁶ Linge 1977, s. 81-82 - sjå og s. 74-75. «...i siste omgang var det alderssamansettinga blant brukarane og mortalitetstilhøva som bestemte tilgangen til dei sterkt avgrensa levebrøda i Norddal.», Linge 1979, s. 82

¹⁹⁷ Koppang 1974, s. 142.

permanent bruksdeling (nyetablering). Truleg vil også ei mellombels (iformell) bruksdeling kunne oppetre som to hushald i ei folketeljing.

Ulik egedomsstruktur ser ikkje ut til å ha innverknad på hushaldsstrukturen i dei to områda. I fjordområdet ser ikkje stammesyklusen ut til først og fremst prege hushalda der bruket er eit sjølveigarbruk. I kystområdet er delen av sjølveigarbruk noko mindre, og ein kan ikkje utelukke at overføring av bygselsretten har vore praktisert annleis enn i fjordområdet. Men vi kan neppe forklare den ulike hushaldsstrukturen utifrå egedomsstruktur.

I fjordområdet ser etablering av hushald ut til berre å vere mogeleg gjennom overtaking av foreldra sitt levebrød. Dette skapar ein konstellasjon der fleirfamilie og det utvida hushaldet ikkje er uvanleg gjennom livsløpet til hushaldsmedlemmane. I kystområdet sit ein brukar normalt på levetid, utan at dette skapar problem for neste generasjon med å finne seg levebrød. Sidan talet på husmannsplassar relativt sett er likt i dei to områda, må dette tyde på at det er ein annan dynamikk i levebrødsmarknaden i kystområdet enn i fjordområdet. Levebrødsdefinisjonen må vere meir relativ - talet på jordbrukseiningar avgrensar ikkje muligheitene for hushaldsetablering slik som i fjordområdet. Dei hushaldssøkjande er kanskje meir mobile, bruksdeling og nyetablering er regelen. Bruksdeling er truleg lykelen for å forstå hushaldsstrukturen i kystområdet.

Deling av bruk mellom to generasjoner og hyppigare bruksdeling kan forklare noko av skilnaden i hushaldsstruktur. Men kva kan ligge bak? Kan vi søkje forklaringar i det biletet analysa på landsbasis gav?

På landsbasis er det enkle hushaldet den klart dominerande hushaldstypen. For heile landet er 7 av 10 bondehushald enkle, men det finst variasjon. I -foldfylka, Telemark, Hordaland og frå Nord-Trøndelag og nordetter har det enkle hushaldet sterkest posisjon (8 av 10), medan i Oppland, Hedmark, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er omlag 6 av 10 bondehushald enkle. Der det enkle hushaldet har den lågaste frekvensen er samstundes fleirfamiliehushaldet mest utbreidd. Utbreiinga av desse hushalda er komplementære. Delen av utvida hushald varierer mindre, kring 2 av 10 bondehushald er utvida på landsbasis.

Dei enkle hushalda finn vi altså hyppigast nær kysten og i kystfylka i sørlege del av Noreg (Østfold-Hordaland). Fiskeri kan såleis vere ein faktor, skipsleia ein annan, og byen ein tredje faktor som påverkar dette. Fellestrekket er truleg at det utanom jordbruket finst eit ekstra levebrødsgrunnlag og då har truleg skipsfart, bergverk og skogbruk liknande funksjon som fiskeri.

7. Hushald og samfunn

I dette kapittelet vil eg prøve å samle saman trådane - først i utvalsområda og deretter på landsbasis. Dinest vil eg prøve å prøve modellen mot materiale for heile landet, for dermed å kunne avgjere i kva grad mёнstra for livssyklus og familiesyklus som er avdekt i utvalsområda har nokon overføringsverdi.

7.1 Kva har vi funne?

7.1.1 Kysten - fisken, leia og byen

Kystområdet strekkjer seg langs heile kyststripa av Hordaland fylke. Prestegjelda omsluttar hovudleia mot Bergen, både frå sør og nord. Heilårsfiske er ein sentral del av levebrødet for dei fleste. Silderessursen i området har både nasjonal og internasjonal marknad, medan andre fiskeslag er viktige både til det daglege brød og for sal i Bergen. Delar av jordbruksproduksjonen er liten, særleg gjeld dette korn, men også småfe. Korn vert bytta mot fisk. Langs leia finst eit 20-30 tal kremmarleie/gjestgjevarar. Dette er arbeidsplassar for mange tenarar. Leia er ei travel ferdsselsåre og krev losar - fleire av bøndene og husmennene er ryggurada i lostenesta. Staten vil kontrollere utanrikshandelen - både på Stord og i Sund er bønder og husmenn tolltenestemenn. Bergen var kring 1800 ein storby i nordeuropeisk målestokk. Utvalsområdet høyrer ikkje til byens aller nærmeste omland, men for strilane i Sund og Manger var han ein rotur unna. Mange av dei *ferske* daglegvarene byfolket trong - fisk, kjøt, mjølk og grønsaker - kom frå desse stadene. Byen var ein magnet, nokre flytta dit for godt, men han gav også muligkeit for kortare opphold når konjunkturane var gode for dagleigarar, tenarar, sjøfolk og anna tilfeldig arbeid. Hushalda i området hadde tre pilarar - jorda, havet og byen med leia som den forlenga arm. Urbanisering, tendensar til byråkratisering, auka eksportandel, byomlandet vert større - alt dette trekker i same retning. Jordressursen vert mindre viktig, han kan delast, og likevel ha ein viss reservefunksjon. Det var fisken som gav føda - i byen kunne han bytast mot andre matvarer. Når fisket var godt - og ofte var det - kunne jordvidda reduserast ved bruksdeling og dermed gje grunnlag for ein ny heim.

På denne bakgrunnen kan vi sjå dei små, enkle hushalda, med vanlegvis 4-5 medlemmer, bygd kring kjernefamilien, i kring 1/3 av hushalda med ein tenar i tillegg, i vel 1/10 hushald med ein slekting, ofte ei enkje og mor til husbondsfolket. I slutten av 20-åra stiftar dei fleste familie og etablerer eige hushald - av 30-åringane er 6 av 10 gifte og hovedpersonar i eigne hushald. Dei fleste er hushaldsoverhovud resten av levetida. Dei gamle med ein sekundær posisjon i hushaldet er ofte enkjer. Bøndene sit ofte si levetid på same måte som

husmennene. Dette skapar ikkje synlege problem for den oppveksande slekt. Hushaldsstrukturen vitnar om neolokalisering eller nyetablering.

Hushaldet er ikkje klart **ei** produksjonseining. Sjøen og jorda var **to** ulike produksjonsstader. Inntektene som gjev det daglege brød vert skaffa ved økonomisk verksemd utafor bruket eller plassen ein bur på. Minst åtte av ti hushald er involvert i fiske. Menn er på fiske, ute i leia eller i byen for å handle. Kvinnene er heime med dyr og åker, handarbeid og hamp. Fisket krev not, garn og kraftige klede. Hushaldet går over til eit nytt par når mannen fell frå og enkja tykkjer ho er for gammal til omgifte. Dette syner at basis for hushaldet er ein agrar og ein ikkje-agrar del. Yrkesnemningar i folketeljinga i 1801 som «Bruger gaard og fiskerie» eller «Lever af jord og fiskerie» understrekar dette.¹⁹⁸ Mannen og kona utfyller kvarandre og når det eine fundamentet er borte er eit nytt par klare til å overta. Fleirfamiliehushaldet tykkjest ikkje ha nokon plass i måten desse hushalda er organiserte for å oppretthalde liv og leveveg - kanskje har det ingen funksjon, kanskje er det ikkje ynskjeleg, kanskje er det ikkje mogeleg.

7.1.2 Fjorden og jorda

Fjordområdet omsluttar indre og midtre delar av to store vestlandsfjordar - Nordfjord og Storfjorden på Sunnmøre. I aust mot Oppland kneisar høge fjell og brear. Nokre av bygdene i området er innlandsbygder - fjorden er ei mil eller to unna. Fjella og heiane gjev gode beite, men i fjorddalane er vinteren er lang etter vestlandsk målestokk. Fedrifta er den viktigaste pilaren i jordbruket, for dei midtre bygdene gav også korndyrkinga overskot. Fiske utanom fjordfiske til eige bruk er ein aktivitet som tilhører eit par vintermånader, men er likevel viktig. Ikkje berre kan ein skaffe seg kontantar til luksusvarer som tobakk og brennevin som presten Strøm skuldar bøndene for å gjere, men torskefisket skaffar også kontantar for å løyse inn leiglendingsbruken. Mange bruk vert løyst inn i løpet av 1700-talet. Etter lova skulle leiglendingen først framby produkta sine for eigaren - skog og tjøre kunne han berre ta til eige bruk. Ute på kysten føregjekk stort fiske etter torsk, sei og sild - ull, hamp, tjøre og båtar var dei viktigaste kapitalvarene som trongst. Derfor var kontroll med jordressursen viktig. Fedrifta gav viktige bytevarer. Halvparten av feitevarene fra Sunnmøre omsett i Trondheim kom frå Norddal. Stranda hadde alltid overskot på korn. Tørka kjøt, smør, huder og skinn frå Nordfjord var omtykte varer i Bergen. Framføring av desse produkta dels til Trondheim, dels til Romsdalsmarknaden, men hovudsakleg til Bergen stod bøndene for sjølve. Storbønder eller bønder i kompaniskap bygde og rusta ut jekter og førte varer til byen, ofte to gongar i året.

¹⁹⁸ 11141801, Hist. inst. UiB.

Gardsbruket er den openberre produksjonseininga - jorda den sentrale ressursen. Bruksrett til jord gav viktige utmarksrettar (beite, støling og førsanking). Dei fleste husmennene var jordlause - både mann og kone måtte såleis vere nevenyttige litt utanom det vanlege for å ha noko å leve av. Nokre kunne dermed leve av handarbeid (spinning og vaving), rokkedreiing, som snikkar, finsmed, skreddar og skomakar. Ofte fann dei seg ein plass sentralt i bygda og ved fjorden, og på denne måten kunne dei fiske i fjorden og samtidig få arbeid i våronn, slåttonn og haustonn. Husmannstufta gjev inntrykk av å vere ei kriseløysing for 40-åringar. Bruksstrukturen hadde kanskje allereie sett seg alt midt på 1600-talet, kring 1800 var det såleis liten vilje til bruksdeling. Det gjaldt å halde på det ein hadde. Det var jorda som gav føda, og feit overskotet, for nokre saman med torskefisket, men som ein måtte greie seg utan om naudsynt.

På denne bakgrunn kan vi sjå dei store, komplekse hushalda organisert etter den eine produksjonseininga - gardsbruket. Bondehushaldet talde oftast 6-8 personar, i kring halvparten fans det slektningar - foreldre eller sysken av husbandfolket, i 2 av 3 hushald var det ein, to eller fleire tenrar. Husmannshushaldet talde oftast 2-3 personar - eit par og eit barn. Det utvida hushaldet og fleirfamiliehushaldet utgjær nær halvparten av alle hushald i dette området. Overføring av jorda frå ein ættled til neste - frå eit par til neste par er regelen - både hos leiglendingar og sjølveigarar. Odelstanken sit godt i - slekta eig eller brukar jorda i fellesskap, men retten skal førast vidare av ein. I dette perspektivet kan ein kanskje sjå syskena og foreldra som omsluttar det sentrale ekteparet - dei brukar retten sin til jorda.

Yngste sons problem var akutt. Eldste son måtte rett nok vente til han var 30 før han gifta seg og enno eit par-tre år før han fekk overta bruket etter foreldra, men han hadde gode utsikter. Kår kunne tyngje, men foreldre kunne også hjelpe til. I dei korte sommarmånadene var arbeidskraftbehovet stort - både på setra, i setermarka og heime på garden. Mange var derfor i teneste, eller hjelpte broren heime til langt godt opp i 30-års alderen. Det var flest kvinner som gjorde det - å gå på "honkjen" er det lokale (Norddal) litt nedsettande uttrykket for ugifte kvinner i 40-års alderen som er heime. Ugifte brør av husbandfolket kunne vente heime i tilfelle ei nabokone skulle bli enkje. Kvinneoverskotet i desse bygdene er større enn for landet elles. Ein kan gisse på at menn i sterkare grad har flytta ut etter lang venting eller i samband med militærteneste - flytta til kysten eller til byen. Til ein viss grad ber hushalda inntrykk av å vere ein oppbevaringsinstitusjon for ugifte.

Eit fattig par utan utsikt til eit gardsbruk kunne i heldigaste fall få seg ein plass, men det var forbunde med eit slit. Slått i den därlegaste marka, kua fekk beite etter at bondekua hadde fått det beste graset. Nyttige og strevsame nevar var naudsynt. Skilnaden mellom jordbrukarar og jordlause var tydeleg.

7.1.3 Kontrasten

Teljinga er gjort på eit tidspunkt. Likevel gjev ho eit inntrykk av to samfunn i ulik rørsle. Det eine samfunnet er prega av variasjon og dynamikk i levebrødsmarknaden. Faren er naturlegvis om fisket slår feil eller därlege konjunkturar i byen som følgje av problem med eksporthandelen. Slik kan ein lett kome i lomma til ein lokal kjøpmann eller byborgar. Det andre samfunnet er prega av eit langt meir statisk levebrødsgrunnlag. Det kan virke som eit samfunn i ubalanse - ikkje alle som ynskjer å gifte seg og etablere eit hushald finn noko levebrød slik at ynskjemålet kan bli oppfylt. Om ynsket til å stifte familie er like stort ved fjorden som ved kysten så tyder det på at mange i slutten av 20-åra og særleg i 30-års alderen ventar på sjansen.¹⁹⁹

Hushaldsorganisasjonen i kystområdet er eit kompromiss mellom minimumsfaktoren - jorda og maksimumsfaktoren - fisken. Balansen er truleg bestemt av mulighetene for omsetnad - særleg av sild: Salt og korn frå borgarane i byen og ved leia - salta sild attende. I fjordområdet kviler hushaldsorganisasjonen på minimumsfaktoren - jordressursen. Der finst ingen klar maksimumsfaktor - fiske er ein avgrensa sesongaktivitet, skogbruket tilhørde 1500- og 1600-talet, og det var ingen bergverksdrift. Handverkarane hadde ein lokal marknad, og ull, hamp og trevirke i form av vadmal, garn, reip, tunner og båtar trondgst ved kysten. Det er først hundre år seinare lokale handverkstradisjonar vert møbelindustri og brear og fjordar til turist "industri".

7.1.4 Landdistrikta i Noreg kring 1800

I denne oppgåva har analysen av hushaldsorganisasjon, livs- og familiesyklus vore gjort på to plan - med nokre få sentrale storleikar på landsbasis (prestegeldsnivå) og meir detaljert i dei to utvalsområda på hushalds- og individnivå. Dei sentrale variablane på landsbasis er: Etableringsalder, hushaldsstørleik og hushaldsstruktur for bondehushaldet.

Tilsvarande små bondehushald som i kystområdet finn ein i størst utstrekning i kystfylka frå Østfold til grensa mot Sogn og Fjordane, i ein viss grad på Møre og Trøndelagskysten, og i Nord-Noreg nord for Salten. Tilsvarande store bondehushald finn vi i hovudsak nord for eit tenkt linje mellom Bergen og Oslo og sør for Salten i Nordland, med tillegg av i delar av Rogaland og delar av Telemark. Unntaka er som nemnt bondehushalda heilt ved ytterkysten.

Låg etableringsalder som i kystområdet finn ein i delar av Østfold, kring Telemarksvassdraget (Telemark/Vestfold), på kysten frå Boknafjorden til Fensfjorden (Rogaland/Hordaland), dels på Møre og Trøndelagskysten, delvis i Lofoten og i store delar av

199 Jamfør figur 5-4 som syner delen av gifte og delen av hovedpersonar fordelt etter alder.

Troms og Finnmark. Motsett høg etableringsalder som i fjordområdet finn ein frå indre Agder, i fjordstroka til Trondheimsfjorden (unntak indre Sogn) og deretter sørover til Mjøsa og Randsfjorden. I sørvestlege del av Noreg elles er biletet variert, i t.d. delar av Buskerud er etableringsalderen høg. Området kring Trondheimsfjorden er og variert, men i Nord-Trøndelag og i Nordland er også etableringsalderen høg.

Den enkle hushaldstypen (kjernefamiliehushaldet) som var typisk for bondehushaldet i kystområdet, finn ein også i -foldfylka, Telemark, kring Trondheimsfjorden, på Trøndelagskysten og i Troms og Finnmark. I fylka Rogaland og Buskerud er utbreiinga klart delt (nord-sør), medan Hordaland mellom kyst og fjord (aust-vest). Fleirfamiliehushaldet som var ein sentral del av familiesyklusen i fjordområdet er best representert i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Hedmark, Oppland, Vest-Agder, delar av Rogaland (sør), Hordaland (indre) og delar av Nordland. På Vestlandet finn ein altså tendens til ei deling mellom fjord og kyst. På Austlandet mellom nord og sør - fjell og øvre delar av dalane mot kyst, flatland og nedre del av dalane.

Der er eit visst geografisk samanfall mellom desse tre variablane. Små hushald (bønder), enkle hushaldstypar og låg etableringsalder, og motsett: Store hushald, komplekse hushaldstypar og høgare etableringsalder - altså ein slik samanheng som modellen hevdar. Men bak t.d. storleksvariabelen kan ligge ulik samansetjing - store hushald på Vestlandet kan vere forskjellig frå store hushald i Hedmark, t.d. er ikkje tenardelen analysert på bakgrunn av materiale frå heile landet. Likevel peikar analysen av hushaldsstruktur (hushaldstypar) på gruppenivå mot at det typologisk sett er eit visst samsvar. Bak gjennomsnittet etableringsalder kan det ligge stor variasjon m.o.t spreiing, eller kor rask overgangen til hushaldsoverhovud er i 20- og 30 års alderen. Vi veit heller ikkje om tidleg etablering og låg grad av "pensjonering" som i kystområdet er tilfelle alle stader som har ein låg etableringsalder. På dette området er analysen på landsplan overflatisk i forhold til utvalsområda. Men om det finst ein faktisk samvarande den ein finn mellom utvalsområda i andre område, vil dette gje ein peikepinn på om kunnskapen som er etablert i utvalsområda har overføringsverdi. Er forklaringsmodellen som synest vere relevant for å forklare skilnadene i utvalsområda, også relevant for andre delar av landet?

7.2 Overføringsverdi og -muligheter.

Gjennom heile analysen har nokre få sentrale variablar på landsbasis ligge over analysen i utvalsområda. Dette for å setje utvalsområda inn i ein større samanheng og for å kontrollere at dei to områda deler trekk ved hushaldsorganisasjonen med større regionar. No vil

eg sjå om den meir detaljerte kunnskapen om utvalsområda let seg gjere å bruke på landsbasis først om bondehushaldet, dinest om alle hushalda i landdistrikta i Noreg.

I analysen på landsnivået har tre variablar vore sentrale: Hushaldsstørleiken for bønder, prosentdelen fleirfamiliehushald (bønder) og etableringsalder. I fjordområdet er etableringsalderen høg, bondehushalda store og prosentdelen fleirfamiliehushald er høg, og motsett i kystområdet finn vi låg etableringsalder, små bondehushalda og det er få fleirfamiliehushald mellom bøndene. Dette samspelet mellom variablar kan målast med korrelasjonskoeffisienten Pearsons r. 200, og eg vil gjere ein enkel test på om det finst eit slik samanheng mellom nokre få av variablane. Altså: Det skal vere ein positiv samvariasjon mellom hushaldsstørleiken for bøndene, etableringsalderen generelt, prosentdelen fleirfamiliehushald mellom bøndene. Kor sterkt er denne samanhengen og i kor stor grad finn vi den andre stader i landet? I Tabell 7-1 er samvariasjonen mellom desse variablane målt med Pearsons r.

Hushaldsstørleik og etableringsalder: Samla for dei to utvalsområda er Pearsons r lik 0.84 - ein sterkt samanheng. For heile landet (landdistrikta) er Pearsons r lik 0.43 - ein svak samanheng, men går vi ned på landsdelsnivå får vi høgare verdi i Nord-Noreg. På Sørlandet (Agderfylka og Telemark) og i Trøndelag er det ingen slik samanheng, og på Vestlandet og på Austlandet er det ein svak samanheng mellom desse to variablane. På Austlandet er det særleg i Akershus og i Buskerud denne samanhengen er klar, på Vestlandet i Hordaland og Rogaland. Jamfører vi med eit av karta i kapittel 4, 5 eller 6 syner det seg at desse to fylka har stor intern variasjon m.o.t. variablane hushaldsstørleik og etableringsalder. Dette tyder på at det er i dei fylka med klare skilnader samanhengane i modellen vil tre fram. Der variasjonen er mindre når det gjeld t.d. hushaldsstørleik eller giftarmålsalder vil samanhengen kunne bli svak på fylkesbasis. Dette kan vere årsaka til at desse samanhengane ikkje kan avdekkjast i Vest-Agder (liten variasjon i etableringsalder) og Sogn og Fjordane (liten variasjon i hushaldsstørleik).²⁰¹

Neste variabelpar er hushaldsstørleik og prosentdelen fleirfamiliehushald: For utvalsområda er denne samvariasjonen sterkt ($r=0.84$) og av landsdelane er det berre på Vestlandet og på Austlandet ($r=0.59-0.58$) at vi finn ein middels sterkt samvariasjon. I dei andre landsdelane er samanhengen anten svak eller fråverande.

200 Korrelasjonskoeffisienten Pearsons r er eit måltal med verdiar i intervallet -1 til 1. Er det ein positiv samanheng mellom variablane vil måltalet nærme seg 1, og er det ein negativ samanheng (høg verdi på ein variabel gjev ein låg verdi på den andre) vil måltalet nærme seg -1. Har måltalet verdiar i intervallet -0.33 til 0.33 er det ingen eller ubetydeleg samanheng mellom dei to variablane.

201 Jamfør figur 4-2 og 5-2

Tabell 7-1 Samvariasjon mellom nokre sentrale variablar, bondehushaldet. Landdistrikt 1801.

Variablar	Samvariasjon målt med korrelasjonskoeffisienten Pearsons r		
	MHS (Bønder)	MHS (Bønder)	Etabler- ingsalder r
Region	Etabler- ingsalder	% Fleirfam. (bønder)	% Fleirfam. (bønder)
Utvalsområda	0,84	0,84	0,71
Austlandet	0,42	0,59	0,37
Sørlandet	-0,11	-0,06	0,07
Vestlandet	0,46	0,58	0,28
Trøndelag	0,04	0,27	0,13
Nord-Norge	0,65	0,34	0,23
Landdistrikt	0,43	0,46	0,31

Kjelde: 1801HUSH

Siste variabelpar - etableringsalder og prosentdel fleirfamiliehushald har ein svakare samvariasjon enn dei to førre variabelpara. I utvalsområda er $r=0.71$ og for heile landet er Pearson r=0.31. Dette kan vi tolke som at store hushald er ein konsekvens av sein etablering, men ikkje i same grad fleirfamiliehushald. Store bondehushald, tilsvarande høg etableringsalder og mange fleirfamiliehushald; og motsett små hushald, lågare etableringsalder og færre fleirfamiliehushald finn vi på landsdelsnivå ein svak/moderat samanheng mellom variablane på Austlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg.

Samvariasjonen mellom desse variablane var kanskje lågare enn venta. I landsdelar (.t.d. Vestlandet) der kontrastane er tydelegast er samsvaret best.²⁰² Dessutan er det to problem med valet av variablar: i) Fokus på bondehushaldet - kanskje er sterkt variasjonen i bondehushaldet meir eit vestlandsfenomen, t.d. vil skiljet bonde/husmann vere sterkare på Austlandet. ii) Variabelen fleirfamiliehushald hos bønder - typologisering av hushald i gruppe 5 (fleirfamiliehushald) kan vere eit svakt punkt jfr. kapittel 2. Derfor kan vi endre modellen slik at den vert enklare og meir generell ved å berre ta med variablane etableringsalder, hushaldsstørleik og prosentdelen enkle hushald - i begge tilfella inkludert alle hushalda. Vi kan då tenkje oss følgjande samanhengar: Store hushald, høg etableringsalder og låg prosentdel enkle hushald dvs. positiv samvariasjon mellom hushaldsstørleik og etableringsalder, negativ

²⁰² Dette hadde vore tydelegare om ein braut analysa ned på fylkesplan. På Vestlandet merkjer særleg Hordaland og Rogaland seg ut med god korrelasjon, på Austlandet Buskerud og Akershus og i Nord-Noreg særleg Nordland.

mellom hushaldsstørleik og delen enkle hushald og negativ mellom etableringsalder og delen av enkle hushald.

**Tabell 7-2 Samvariasjon mellom hushaldsstørleik, etableringsalder og prosentdel enkle hushald.
Landdistrikt 1801.**

Variablar	Samvariasjon målt med korrelasjonskoeffisienten Pearsons r		
	MHS	MHS	Etabler- ingsalder
Region	Etabler- ingsalder	% Enkle hushald	% Enkle hushald
Utvilsmråda	0,68	-0,90	-0,69
Austlandet	0,61	-0,31	-0,38
Sørlandet	0,26	-0,35	-0,01
Vestlandet	0,60	-0,54	-0,27
Trøndelag	0,18	-0,23	-0,24
Nord-Norge	0,71	-0,35	-0,15
Landdistrikt	0,56	-0,38	-0,27

Kjelde: 1801HUSH

Tabell 7-2 syner samvariasjonen mellom variablane hushaldsstørleik, etableringsalder og prosentdelen enkle hushald på prestegeldsnivå i utvilstområda, i landsdelane og for heile landet. Om vi ser på heile landet først er det ein svak positiv samanheng (Pearson r=0.56) mellom hushaldsstørleik og etableringsalder (små hushald og låg etableringsalder, store hushald og høg etableringsalder). Løyser vi denne samanhengen ned på landsdelsnivå syner det seg at han er tydelegast på Austlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg (0.61-0.71). I Trøndelag og på Sørlandet finst ikkje ein slik samvariasjon.

Neste spørsmål er om det kan ventast ein negativ samvariasjon mellom hushaldsstørleiken og prosentdelen enkle hushald. Desse fleire enkle hushald dess mindre er hushaldsstørleiken. På landsplan er denne samvariasjonen svakt negativ (-0.38), på landsdelsplan trer dette trekket fram på Vestlandet (-0.54) men er svak i dei andre.

Siste par variablar er etableringsalder og prosentdelen enkle hushald. Mellom desse to er det ikkje nokon særleg samvariasjon i det heile. Berre på Austlandet er det ein svak negativ samanheng og der finst den i Hedmark (-0.58) og Østfold (-0.43). Tabell 7-2 indikerer altså at det i delar av landet er ein svak samanheng mellom fallande etableringsalder, fallande hushaldsstørleik og enklare og meir uniform hushaldsstruktur og motsett aukande etableringsalder, større hushald og meir kompleks hushaldsstruktur. Desse samanhengane let seg identi-

fisere ulike stader på Vestlandet, i Nord-Noreg og på Austlandet. Dette er ein peikepinn på at analysen særleg har avdekt nokre grove trekk ved hushaldsorganisasjon - garnet har bokstavleg tala hatt grove maskar.

Etter ei samla vurdering av korrelasjonsanalysen kan vi kanskje konkludere med at dei trekka som er avdekt i utvalsområda har størst overføringsverdi til resten av Vestlandet, til delar av Nord-Noreg og Austlandet. Når modellen ikkje ser ut til å vere relevant for Sørlandet og Trøndelag kan dette ha samband med at den regionale variasjonen er mindre på ein eller fleire av variablane. Til dømes er Agderfylka særmerkte med jamt over små bondehushald og jamn etableringsalder (27-28 år), jfr. karta i kapittel 4 og kapittel 5. Vi kan såleis konkludere med at den kunnskapen vi har etablert i utvalsområda har ein viss overføringsverdi.

Denne enkle testen har synt at modellen først og fremst fangar opp grove trekk ved den variasjonen som finst i hushaldsorganisasjon. Delar av denne oppgåva kan såleis vere eit rimeleg grunnlag for vidare arbeid, t.d. kan kartfigurane vere eit utgangspunkt for å velje andre prestegjeld/regionar for meir detaljerte analysar. Det kan setjast sterkare fokus på endringar over tid m.o.t demografiske, økonomiske og sosiale forhold. Stikkord: giftarmålsalder (den eigentlege), fertilitet, befolkningspress, flytting og folkevekst, fokus på andre sidenæringer enn fiskeri, meir detaljert kartlegging av ulike sidenæringer i ein region og sterkare fokus på ulike sosiale grupper (t.d. husmenn). Mennene fekk ein dominerande plass i denne oppgåva, og eit kvinneperspektiv vil gje nye erkjenningar. I utvalsområda har eg avvist at jordeigdomsforholda spelar noko særleg rolle for hushaldsorganisasjonen. Dette bør andre prøve på hushaldsnivå. Bruksdeling er eit særsviktig fenomen å studere - kva faktorar som både hindrar bruksdeling og kva som driv prosessen. Det ville ha vore interessant å prøve å fylgje bruksdeling, utskiljing av husmannsplassar og endringar hushaldsorganisasjon både i tid og rom. Men den delen av denne analysen som eg tykkjer var mest fruktbar for å gripe strukturane, var å fylgje personar og hushald i ulike kjelder gjennom fleire år. I denne omgong fekk dette liten plass og det var berre små stikkprøver. Kjeldesituasjonen er ikkje den beste - folketeljingane mellom 1801 og 1865 var ikkje nominelle. Heldigvis finst det unntak og nokre stader i landet er det råd å fylgje familiar og hushald frå siste halvdel av 1700-talet og inn i dette hundreåret gjennom ulike kjelder m.a. kyrkjebøker, manntal, sjeleregister og folketeljingar.

8. Konklusjon

Tittelen på denne hovudoppgåva er Individ - Hushald - Samfunn. Ein tanke bak denne tittelen var å sjå på hushaldet som eit kompromiss. Klemd mellom hushaldsmedlemmane sine ynskjemål, føresetnader og evner og dei rammene bygda, regionen set: Forventingar, normer, ressursar - rammer sett av både menneske og natur. Ideen var at ei tilnærming lausriven frå prestegjeldsgrenser, meir fokus på individet og mindre på bruket/plassen kanskje kunne gje ny kunnskap. Første hovudspørsmål vart derfor: Kan ulik hushaldsorganisasjon (storleik og samansetjing) vere relatert til ulik livssyklus - einskildindvidet sine handlingar? Ekteparet eller kjernefamilien er den sentrale eininga i dei fleste hushald. Samansetjinga av den ekte-skaplege eininga vil variere over tid, og på ein eller annan måte skal levebrødet overleverast til eit nytt ektepar. Det neste spørsmålet var derfor om ulik hushaldsorganisasjon kunne vere relatert til ulik familiesyklus. Over dette ville eg prøve ein forklaringsmodell som sette ressursgrunnlaget, levebrødsgrunnlaget og -potensialet som avgjerande ytre rammer kring individet, familien og hushaldet.

Til å kaste lys over desse spørsmåla nytta eg folketeljinga i 1801. Nokre få sentrale eigenskapar vart samanlikna på landsnivå og meir detaljert i to utvalsområde - eit fiskeridistrikt og eit klarare jordbruksdistrikt. I jordbruksområdet kan vi relatere store og komplekse hushald til ein høg giftarmålsalder, hovudperson i hushaldet blir ein noko seinare og denne posisjonen overlet ein til arvingen på sine eldre dagar. Under hushaldsstrukturen med relativ stor del utvida og fleirfamiliehushald fann vi klare spor etter den såkalla stammesyklusen (far-son). Hushaldsetablering skjer hovudsakleg ved overtaking av foreldrebruket, og er ikkje alltid synkront med giftarmål. I kystområdet kan vi relatere små og enkle hushald til ein låg giftarmålsalder, hushaldsetablering og giftarmål er to sider av same sak. Etablering skjer oftare ved nyetablering, og overtaking skjer særleg når mannen i foreldregenerasjonen dør. Hushalda er såleis ofte av den enkle typen (kjernefamiliehushaldet) og til ein viss grad utvida -kjernefamilie og enkja etter førre brukar. I desse to utvalsområda argumenterte eg for at det var mulighetene for omsetjing av fiskeressursen som var den viktigaste forklaringa på denne skilnaden - altså dels som etter modellen. Men nærleiken til byen og leia - byen sin forlenga arm - er viktig. Det er ikkje tilstrekkeleg med uuttømmelege fiskeressursar utan han kan omsetjast og omsetjinga er stigande. Byen, leia og fisken gjev eit meir variert levebrødsgrunnlag, jordressursen vert mindre viktig. Nyetablering skjer på basis av jord, men retta mot

sidenæringerane. Jord er ein ressurs som kan delast - temporært og permanent. Leia med ymse tenesteytande funksjonar (overnatting, handel) og offentlege ombod (toll- og losteneste) forsterkar rolla til fiskeren. I denne samanhengen ynskjer eg å forstå den klarare nukleære hushaldsorganisasjonen i kystområdet. Og fjordområdet der jordbruk er "hjørnestenen" ber hushaldsorganisasjonen preg av opphoping - det er ikkje levebrød nok til alle som ynskjer å stifte familie og alternativet er venting eller utflytting. Resultatet er store hushald organisert som den "mytiske" storfamilien. Bruksstrukturen synest sementert - husmannsplassen er kanskje korkje ynskjeleg eller akseptert som alternativ - den ligg fram i tid.

Analysen på landsplan tilseier at rett nok er uutømmelege fiskeressursar ein viktig faktor, men langt frå alle stader langs kysten frå Lista til Finnmark finn vi dei same trekka som på kysten av Hordaland. Dei små hushalda langs denne kystlinja finst først og fremst mellom Boknafjorden i Rogaland og Fensfjorden i Hordaland, dels på både sider av utløpet til Trondheimsfjorden og ytst i Lofoten og Vesterålen. Dette syner at biletet ikkje er eintydig. Samtidig som ein aust for Lista - frå Agder til Østfold finn jamt små bondehushald, dels klarare kring nedre del av sentrale vassdrag, dels langs kysten, i nokre tilfelle er heile fylke relativt uniform. I innlandet - Buskerud, Hedmark og Oppland finst bondehushald som minner om dei vi fann i fjordområdet. Altså ein skilnad mellom kyst og innland, eller nord og sør på Sør- og Austlandet. Fokuset vart i utgangspunktet retta mot fiskeri, men søkjelyset kan rettast mot kjøp- og ladestader, leia som bind dei saman, vassdraga som dei ligg ved utløpet av. Ein kan gisse på at skipsfart, bergverk og skogsdrift er næringar som gjev dette tilskotet i levebrødsmarknaden. Men ein enkel test av modellen synte at ein bør vere varsam med overføring av resultatet frå utvalsområda til andre område som har liknande trekk ved hushaldsorganisasjonen t.d. hushaldsstorlek. Dette bør vere eit incitament til å finne andre og betre forklaringsmodellar.

Eit av måla med dette arbeidet har vore å leite etter mønster - finne hovudtrekk, og med så store datamengder og så liten plass må ein ofte styre unna detaljane. Likevel er har eit trekk eller mønster ved strukturane halde meg i konstant tvil: *variasjonen*. Dette vonar eg kan vere ei utfordring for dei som vil arbeide vidare med dette kjeldematerialet.

INNHOLD - TILLEGG

Tillegg A	Variabel- og datadefinisjonar.....	124
Tillegg A 1	Variabeldefinisjon Hushaldsfil: HUSH1801.....	124
Tillegg A 2	Variabeldefinisjon prestegjeldsfil: PGJ1801.....	126
Tillegg A 3	Hushaldstypologi. Hovudgrupper og typer i Peter Lasletts klassifikasjonssystem.....	127
Tillegg A 4	Algoritme for automatisk typologisering av hushald.....	128
Tillegg A 5	Korleis datasetta HUSH1801 og PGJ1801 har blitt til.....	130
Tillegg B	Grunnlagsdata for figurar og tabellar.	132
Tabell Tillegg B -1	Talet på hushald fordelt etter talet på personar i hushalda. Kyst- og fjordområdet 1801.....	132
Tabell Tillegg B -2	Hushaldssamsetjing i prestegjelda i kyst- og fjordområdet 1801. Snitt pr. hushald.....	133
Tabell Tillegg B -3	Bonde- og husmannshushald fordelt etter talet på hushaldsmedlemmar. Kyst- og fjordområdet 1801.....	134
Tabell Tillegg B -4	Hushaldssamsetjing fordelt i "yrkesgrupper", kyst- og fjordområdet 1801. Snitt pr. hushald.....	135
Tabell Tillegg B -5	Menn fordelt etter hushaldsstilling (Hovudperson/Andre) og sivilstatus og. Grunnlag for utrekning av hovudpersonsrate for menn (Talet på hovudpersonar i forhold til alle i aldersintervallet) og giftarmålsrate for menn (Talet på gifte i forhold til alle personar i aldersintervallet). To års aldersintervall Kyst- og fjordområdet 1801.....	136
Tabell Tillegg B -6	Menn fordelt etter hushaldsstilling og alder (4 års aldersintervall). Kystområdet 1801.....	137
Tabell Tillegg B -7	Menn fordelt etter hushaldsstilling og alder (4 års aldersintervall). Fjordområdet 1801.....	138
Tabell Tillegg B -8	Hushald etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem. Alle private hushald i landdistrikta 1801.....	138
Tabell Tillegg B -9	Bondegjeldsfordeling etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem. Alle hushald der hovudpersonen tilhøyrer yrkeskategori 18 Bønder eller 22 Bonde og fiskar etter folketeljinga 1801.....	139
Tabell Tillegg B -10	Hushald fordelt etter Peter Lasletts klassifikasjon (Hushaldtyper) fordelt på prestegjelda i kyst- og fjordområdet 1801.....	140
Tabell Tillegg B -11	Hushald fordelt i hovudgrupper (Laslett). Kyst- og fjordområdet 1801.....	140
Tabell Tillegg B -12	Bonde- og Husmannshushald fordelt i hovudgrupper (Laslett) og etter område. Kyst- og fjordområdet 1801.....	141
Tabell Tillegg B -13	Hushaldstypar (Laslett) fordelt i aldersgrupper. Kystområdet 1801.....	141
Tabell Tillegg B -14	Hushaldstypar (Laslett) fordelt i aldersgrupper. Fjordområdet 1801.....	142
Tabell Tillegg B -15	Hushaldsstørleik bønder (MHS), giftarmålsalder, etableringsalder, hushaldstypar bondegjeldsfordeling på prestegjeld, kjøp- og ladestadar i 1801. Talgrunnlag for kart og stolpediagram:Figur 4-2, figur 5-2, figur 6-2, figur 6-3 og figur 6-4.	143
Tillegg C	Kjelder og litteratur.....	150
TILLEGGS C 1	KJELDER	150
	Utrykte kjelder	150
	Kjelder i EDB-format.....	150
	Trykte kjelder.....	150
TILLEGGS C 2	LITTERATURLISTE	152

Tillegg A Variabel- og datadefinisjonar

Tillegg A 1 Variabeldefinisjon Hushaldsfil: HUSH1801

Hushaldsfila - HUSH1801- inneholder alle private hushald i den koda versjonen av 1801-teljinga. Denne fila er laga med eit dataprogram som gjer ei sekvensiell gjennomlesing av den koda versjonen av 1801-teljinga på personnivå og akkumulerer data til hushaldsnivå. Totalt er det 163569 postar eller hushald i hushaldsfila. Denne datafila blir deretter importert i statistikkprogrammet NSDstat+ for vidare bearbeiding.¹ Postane (hushalda) i denne fila er definert med følgjande variablar (Variabelbeskrivelse i NSDstat+).

Variabelnamn i NSDstat+ for hushaldsfil		
Kortnamn	Forklaring	Merknad
Prestegjeld	Prestegjeld	
HP alder	Hovudpersonen sin alder	
Kjønn	Hovudpersonen sitt kjønn	Mann/Kvinne
Sivilstatus	Sivilstatus til hovudperson	Ugift/gift gonger/enkje gonger
Yrke	Hovudyrket til hovudpersonen	Sjå nedanfor
Make	Make (Hovudpersonen har/har ikkje)	
Makealder	Maken sin alder	
Make sivilstatus	Sivilstatus til maken	Ugift/gift gonger/enkje gonger
MHS	Talet på personar i hushaldet	
Barnetalet	Talet på barn 15 år og under i hushaldet	
Barnetalet16	Talet på barn 16 år og over	
Arbeidsmenn	Talet på menn i alderen 20-59	
Arbeidskvinner	Talet på kvinner i alderen 20-59	
Teneste-menn	Talet på mannlege tenarar	
Teneste-kvinner	Talet på kvinnelige tenarar	
Innerstar	Talet på innerstar	
Laslett	Hushaldstype etter Laslett sin klassifikasjon	Sjå nedanfor
Talet på slekt	Talet på slekt	
Talet på andre	Talet på andre	
Byfolk	Om hushaldet er eit byhushald	1=byhushald 0=landdistrikt
Gifte	Talet på gifte og enkjefolk i hushaldet	

¹ Ryssevik 1991, Punkt 4.5.6.

Yrkeskodar hovudpersonens yrke:

- | | |
|--|---|
| 1 Geistlege embetsmenn | 21 Fiskarar |
| 2 Sivile embetsmenn | 22 Bonde og fiskar |
| 3 Militære embetsmenn | 23 Husmann med jord og fiskar |
| 4 Tenestemenn, ombodsmenn | 24 Husmann utan jord og fiskar |
| 5 Underoffiserar og soldatar | 25 Innerstar |
| 6 Lækjarar og jordmødrer | 26 Lever av reindrift |
| 7 Proprietærar og verkseigarar | 27 Dagleigarar |
| 8 Kjøpmenn | 28 Tenestefolk |
| 9 Handelsmenn og gjestgjevarar | 29 Lever av handarbeid |
| 10 Fullmektigar og betjentar | 30 Andre yrke |
| 11 Handverkarar | 31 Pensjonistar |
| 12 Handverkarsveinar, -lærlingar og -
drenger | 32 Kårfolk |
| 13 Verksstyrarar, sagmeistrar, møllarar | 33 Folk som nyt opphold |
| 14 Verks- og sagbruksarbeidarar | 34 Fattige |
| 15 Skipparar | 35 Kone til hovudpersonen |
| 16 Styrmenn og jekteskipparar | 36 Barn av hovudpersonen 15 år og under |
| 17 Matrosar | 37 Andre barn 15 år og under |
| 18 Bønder | 38 Barn av hovudpersonen over 15 år, utan
yrke |
| 19 Husmenn med jord | 39 Andre utan eige yrke |
| 20 Husmenn utan jord | |

Kodar for hushaldstypar etter Peter Lasletts klassifikasjon.

Kode	Type
0	1a Einslege enkjefolk
1	1b Einslege Ugifte
2	1c Gifte utan make
3	2a Sysken
4	2b Andre slags slektningar
5	2c Ikkje i slekt
6	3a Berre gift par
7	3b Gift par med born
8	3c Enkjemann med born
9	3d Enkje med born
10	3e Ugift/einsleg gift m/born
11	4a Utvida oppover
12	4b Utvida nedover
13	4c Utvida sidelengs
14	4d Kombinasjonar av a-c
15	5a Attåteining oppover
16	5b Attåteining nedover
17	5c Attåteining sidelengs
18	5d Einingar av sysken
19	5e Andre
20	6 Ubestemmelege
21	7 Felleshushald

Tillegg A 2 Variabeldefinisjon prestegjeldsfil: PGJ1801

Dataprogrammet som lagar hushaldsfila (HUSH1801) lagar samtidig ei prestegjeldsfil - PGJ1801. Eininga i denne fila er prestegjelda, men data frå individ- og hushaldsnivået blir aggregerte til prestegjeldsnivå. Dette datasettet har 366 einingar dvs. 323 prestegjeld og 33 kjøp- og ladestader. Prestegjeldsfila er også importert til statistikkprogrammet NSDstat+, og einingane har følgjande variabelbeskrivelse:

Variabelnamn i NSDstat+ for prestegjeldsfila		
Kortnamn	Forklaring	Merknad
Kommnr	Kommune	NSD kommunedatabase
Prestegjeld	Prestegjeld	
MHS	Medel hushaldstorleik (MHS)	
BondeMHS	Medel hushaldstorleik for bønder	
HusmannMHS	Medel hushaldstorleik for husmenn	
Bonde_Husmann	Forholdet bonde pr. husmann	
ant_hushald	Talet på private hushald	
ant_personar	Talet på personar i private hushald	
ant_bonde	Talet på bønder	
ant_husmenn	Talet på husmenn	
ant_byfolk	Talet på byfolk	Kontroll mot NOS B134
ant_tenarar	Talet på tenarar	
ant_hush_tenarar	Talet på hushald m/tenarar	
ant_slekt	Talet på slektingar	
ant_hush_slekt	Talet på hushald med slekt	
median_kvinner	Kvinner-giftemålsalder (median)	
median_menn	Menn - giftemålsalder (median)	
median_hpi	Menn - hovudpersonar (median)	
ant_make	Talet på makar	
ant_hush_make	Talet på hushald med make	
ant_barn	Talet på barn 15 år og under	
ant_hush_barn	Talet på hushald med barn 15 år og under	
ant_barn16	Talet på barn 16 år og eldre	
ant_hush_barn16	Talet på hushald med barn 16 år og eldre	
ant_andre	Talet på andre hushaldsmedlemmar	
ant_hush_andre	Talet på hushald med andre	
ant_innerst	Talet på innerstar	
ant_hush_innerst	Talet på hushald med innerstar	
Folketal	Folketalet (inkludert institusjonar)	Kontroll mot NOS B134
ant_ekta	Talet gifte eller enkjefolk	
Igr1	Talet på hushald i Laslett gr. 1	
Igr2	Talet på hushald i Laslett gr. 2	
Igr3	Talet på hushald i Laslett gr. 3	
Igr4	Talet på hushald i Laslett gr. 4	
Igr5	Talet på hushald i Laslett gr. 5	

Alle variablar gjeld private hushald dersom ikkje anna er spesifisert. På grunnlag av desse variablane er det danna nye variablar (Indeksar og prosentdelar).

Tillegg A 3 Hushaldstypologi. Hovudgrupper og typar i Peter Lasletts klassifikasjonssystem.²

Grupper ("Categories")	Typar ("Classes")
1. Einslege	a) Enkjer/Enkjemenn b) Ugift/eller uviss sivilstatus c) Einsleg gift
2. Ingen familie	a) Sambuande sysken b) Sambuande slektingar c) Personar som ikkje er i slekt
3. Enkle familie hushald	a) Gift par utan barn b) Gift par med barn c) Enkjemann med barn d) Enkje med barn e) Einslege gift med barn
4. Utvida familie hushald	a) Utvida oppover b) Utvida nedover (Nevøar, nieser, barnebarn) c) Utvida sidelengs (Sysken, anna slekt) d) Kombinasjonar av a-c
5. Fleirfamilie hushald	a) Attåteining(ar) opp (foreldre) b) Attåteining(ar) ned (gifte barn) c) Einingar sidelengs d) Frèrèches (Einingar av sysken) e) Andre fleirfamiliehushald (inkludert kombinasjonar av a-d og utvidingar.
6. Ubestemmelege	
7. Institusjonar	

I Laslett sitt klassifikasjonssystem av hushald er den ekteskaplege familieeininger det sentrale elementet. Ei ekteskapleg familieeining er treeininga mor-far-barn der minst 2 av komponentane må vere til stades, t.d. mor-far eller mor-barn (Mulige kombinasjonar=gruppe 3). Ved klassifikasjon skal det skiljast mellom hushald med og utan tenrar. Typane 1c og 3e er tilføyinger gjort av Lisbeth Higley³ og Ståle Dyrvik.⁴

² Laslett 1972, s. 31. Laslett 1977, s. 96.

³ Higley 1976, s. 149-150.

⁴ Dyrvik 1983, s.193.

Tillegg A 4 Algoritme for automatisk typologisering av hushald

Den maskinelle typologiseringa kan karakteriserast som ein automat der typane er tilstandar og hushaldstilling, sivilstatus og kjønn er teikn (eit språk) denne automaten skal kjenne att. Ny tilstand er då bestemt av noverande tilstand og eigenskapar ved neste person i hushaldet. Tabellen under er ein forenkla skisse av mogelege tilstandsendar og den endelege tilstanden vert då lik hushaldet si type.


Linje	Førre tilstand	Hushaldstilling	Sivilstatus	Kjønn hovud- person	Ny tilstand	Merknad
1	0	Hovudperson	enkjefolk		1a	
2	0	Hovudperson	ugift		1b	
3	0	Hovudperson	gift		1c	
4	1a,1b	Make	gift		-	
5	1c	Make	gift		3a	
6	1c	Make	enkle		-	
7	1c	Make	ugift		-	
8	1a	Barn	ugift	Mann	3c	
9	1a	Barn		Kvinne	3d	
10	1b,1c	Barn			3e	
11	1,2,3	Barn	gift		5b'	
12	3a	Barn	ugift		3b	
13	5b'	Barn			5b	
14	1,2	Barnebarn			2b	
15	3	Barnebarn			4b	
16	1,2	Foreldre			2b	
17	3	Foreldre	enkle/ugift		4a	
18	3	Foreldre	gift		5a'	5a merka
19	4c	Foreldre	enkle		5a	ein forelder og sysken
20	5a'	Foreldre	gift		5a	
21	1,2	Make foreldre			2b	
22	3	Make foreldre	enkle		4a	
23	4c	Make foreldre	enkle		5a	sysken og ein forelder
24	4c	Make foreldre	gift		5a'	5a merka
25	5a'	Make foreldre	gift		5a	
26	1,2	Sysken	ugift/enkle		2a	
27	3	Sysken	ugift/enkle		4c	
28	4a	Sysken	ugift/enkle		5a	foreldre
29	4a	Sysken	gift		5c	
30	1,2	Make sysken	ugift/enkle		2a	
31	3	Make sysken	ugift/enkle		4c	
32	3	Make sysken	gift		5c	
33	4a	Make sysken			5a	make foreldre
34	1,2	Verborn			2b	
35	3	Verborn			5b	
36	1,2	Anna slekt			2b	
37	3,4,5	Anna slekt	gift		5e	

Eksempel på typologisering av eit hushald:

Namn	Kjønn	Sivilstatus	Hushaldstilling
Per	mann	gift	Hovudperson
Kari	kvinne	gift	Make
Tore	mann	ugift	Barn
Anne	kvinne	ugift	Barn
Reidun	kvinne	enkje	Make foreldre

I eksempelet har vi eit hushald med far, mor, to barn og mor til husbonden. Dette er eit hushald av typen 4a Utvida oppover. Når programmet finn starten på eit nytt hushald i teljinga vert den initiale tilstanden/typen sett lik 0. Programmet les så første person i hushaldet, *hovudpersonen* Per som er ein mann og han er gift. Ny tilstand/type vert då 1c (linje 3). Deretter les programmet neste person som er Kari - kvinne, gift og *make*. Sidan noverande tilstand/type er 1c og programmet har lest ein make går programmet til linje 5 for å finne ny tilstand/type. Ny tilstand/type vert då 3a. Programmet les neste person som er eit *barn* - Tore - ugift. Programmet leitar då i kolonne 2 etter noverande tilstand/type som er 3a og i kolonne 3 etter make og finn denne konstellasjonen i linje 12. Ny tilstand/type vert då 3b. Programmet les ein ny person - Anne ugift *barn*. Programmet endrar ikkje tilstand/typen dvs. programmet bli ståande i linje 12 uansett kor mange ugifte barn som finst i hushaldet. Neste person er Reidun - enkje og mor til kona. Programmet leitar då i kolona for hushaldsstilling som er *Make foreldre* og så i kolona for noverande tilstand/type som er 3b. Programmet stoppar då på linje 22 og ny tilstand/type vert 4a. Sidan det ikkje er fleire personar i hushaldet vert hushaldstypen lik slutttilstanden som no er 4a. Tabellen er berre ei grov skisse av algoritmen, det finst ei rekke spesialtestar som ikkje er dokumentert i denne tabellen t.d.: Dersom tilstand 4a og 4c er initiert vert rett hushaldstype lik 4d, og dersom tilstand er sett til 5b utan at tilstand 3a,3b,3c,3d eller 3e er initiert vert hushaldstypen lik 2b.

Tillegg A 5 Korleis datasetta HUSH1801 og PGJ1801 har blitt til



Steg 1 til 3 - registrering, bearbeiding, publisering er dokumentert i publikasjonen Folketeljinga 1801 Ny bearbeiding (Norges Offisielle Statistikk B134) fra Statistisk sentralbyrå.⁵ Den koda versjonen av folketeljinga (som her kalla CENS1801) er dokumentert i CensSys Handbok, Del III: Analyseprogrammet CENS1801.⁶ CENS1801 er eigentleg namnet på programsystemet for å analysere den koda versjonen av folketeljinga i 1801, men eg har også nytta CENS1801 som namn på data dvs. den koda versjonen av folketeljinga 1801. Fullversjonen av teljinga i edb-format (nnnn1801) er også dokumentert i CensSys Handbok.

I Steg 4 er det laga dataprogram i språket PASCAL for å lese datafilene i CENS1801. Desse programma er laga av Arne Solli med hjelp av Jan Oldervoll. Programmet danna to datafiler - HUSH1801 og PGJ1801 - på et format som statistikkprogrammet NSDstat+ kan importere (tabulatorskild ascii fil). Desse datafilene er så definert på med variabelfiler og importert i NSDstat+. Alle tabellar og figurar, med unntak av karta, er bearbeidd i reknearkprogrammet EXCEL 5.0. Dette vart gjort ved at halvferdige tabellar vart eksportert frå dataprogrammet CENS1801 eller NSDstat+ til EXCEL (standard datautveksling) for vidare bearbeiding. Alle tabellar og figurar er deretter bunde saman med sjølve teksten i Word 6.0 for Windows med såkalla objekt lenking som er ein standardfunksjon under Windows 3.1

⁵ NOS B134 1980, s. 14-21.

⁶ Oldervoll 1991, kapittel 16-21.

Tillegg B Grunnlagsdata for figurar og tabellar.

Tabell Tillegg B -1 Talet på hushald fordelt etter talet på personar i hushalda. Kyst- og fjordområdet 1801.

Personar	Kystområdet				Fjordområdet				
	Finnås	Stord	Sund	Manger	Gloppen	Innvik	Eid	Norrdal	Stranda
1	2	31	7	0	1	1	5	29	10
2	49	52	79	64	27	27	10	38	26
3	87	78	153	133	11	23	30	36	18
4	118	99	198	164	33	48	30	41	24
5	123	99	156	152	54	62	73	62	48
6	86	81	122	114	93	104	73	65	50
7	57	54	77	65	79	103	73	53	34
8	35	22	33	22	85	90	53	48	37
9	12	16	13	16	50	58	31	27	23
10	9	7	9	7	36	35	17	20	12
11	4	0	2	2	11	20	4	8	2
12	2	2	1	1	6	6	1	3	3
13	1	1	1		2	1		3	
14		1			1				
15		1				1	2		
16						1	1	1	
17	1								
Hushald	586	544	851	740	489	580	403	434	287
Personar	2939	2580	3985	3506	3324	3899	2524	2454	1671

Kjelde: HUSH1801

Kjelda for tabell B-1 er HUSH1801, jfr. tillegg A for korleis datasettet er blitt danna.

Kystområdet omfattar prestegjelda Finnås og Stord i Sunnhordland, Sund og Manger i Nordhordland, fjordområdet Gloppen, Innvik og Eid i Nordfjord og Norrdal og Stranda prestegjeld på Sunnmøre.

Tabell Tillegg B -2 Hushaldssamsetjing i prestegjelda i kyst- og fjordområdet 1801. Snitt pr. hushald.

Hushald-stilling	Kyst					Sam la	Sam la	Fjor d				
	Finn ås	Stor d	Sun d	Man ger	Kyst			Fjor d	Glo ppe n	Innvi k	Eid	Nor ddal
Hovudperso nar	1.90	1.83	1.86	1.91	1.88	1.91	1.92	1.93	1.92	1.87	1.88	
Barn >15 år	0.41	0.49	0.40	0.42	0.42	0.77	0.77	0.89	0.74	0.79	0.52	
Barn <=15	1.63	1.49	1.46	1.53	1.52	1.70	1.88	1.87	1.75	1.31	1.59	
Slekt	0.32	0.14	0.25	0.16	0.22	0.70	0.64	0.78	0.96	0.56	0.45	
Tenestefolk	0.59	0.71	0.56	0.47	0.57	1.01	1.36	1.02	0.68	0.83	1.13	
Innerstar	0.10	0.01	0.04	0.06	0.05	0.08	0.12	0.02	0.08	0.09	0.12	
Andre	0.07	0.07	0.12	0.19	0.12	0.16	0.11	0.20	0.14	0.20	0.14	
Sum	5.02	4.74	4.68	4.74	4.78	6.33	6.80	6.72	6.26	5.65	5.82	
Tal hushald	586	544	851	740	2721	2193	489	580	403	434	287	

Kjelde:CENS1801, Hist. inst. UiB

Kjelda for tabell B-1 er CENS1801. CENS1801 er namnet på analyseprogrammet for den koda versjonen av folketeljinga 1801, men eg har også nytta CENS1801 som omgrep for data dvs. den koda versjonen av folketeljinga, jfr. tillegg A. Rådata for tabellen er produsert ved hjelp av CENS1801 og deretter overført til reknearkprogrammet EXCEL for vidare bearbeiding og for å lage den grafiske framstillinga, jfr. kapittel 4.

Gjennomsnittet for ein hushaldskategoriane kjem ein til ved å dividere talet på individ i kategorien på talet på hushald.

Tabell Tillegg B -3 Bonde- og husmannshushald fordelt etter talet på hushaldsmedlemmar. Kyst- og fjordområdet 1801.

Personar	Kyst		Fjord		
	Bønder	Husmenn	Bønder	Husmenn	
1	4	11	1	13	
2	106	115	5	98	
3	272	148	39	67	
4	448	115	118	49	
5	434	80	276	22	
6	363	31	369	10	
7	230	18	328	5	
8	101	4	310	1	
9	54	1	188	0	
10	29	0	115	0	
11	5	0	44	1	
12	1	0	18	1	
13	1	0	9	0	
Hushald	2048	523	1820	267	
Personar:	10446	1898	12629	842	

Kjelde: HUSH1801

Kjelda for tabell B-3 er HUSH1801, jfr. tillegg A for korleis datasettet er danna. Kystområdet omfattar prestegjelta Finnås og Stord i Sunnhordland, Sund og Manger i Nordhordland, fjordområdet Gloppe, Innvik og Eid i Nordfjord og Norddal og Stranda prestegjeld på Sunnmøre.

**Tabell Tillegg B -4 Hushaldsamansetjing fordelt i "yrkesgrupper", kyst- og fjordområdet 1801.
Snitt pr. hushald.**

Hushald-stilling	Yrkeskategoriar									
	Borgarstand		Bønder		Husmenn med jord		Husmenn utan jord		Andre yrke	
	Kyst	Fjord	Kyst	Fjord	Kyst	Fjord	Kyst	Fjord	Kyst	Fjord
Hovudperson	1.92	1.71	1.90	1.94	1.88	1.85	1.85	1.89	1.50	1.31
Barn > 15 år	0.38	0.24	0.48	0.89	0.26	0.33	0.19	0.09	0.27	0.24
Barn <= 15 år	2.00	1.90	1.66	1.95	1.24	1.19	0.97	0.85	0.76	0.56
Anna slekt	0.23	0.48	0.24	0.74	0.11	0.11	0.06	0.04	0.08	0.12
Tenestefolk	3.62	2.95	0.64	1.16	0.17	0.19	0.02	0.04	0.25	0.27
Innerstar	0.05	0.24	0.06	0.08	0.03	0.15	0.03	0.06	0.01	0.09
Andre	0.38	0.05	0.12	0.17	0.08	0.22	0.12	0.09	0.11	0.16
Sum	8.59	7.57	5.10	6.94	3.77	4.04	3.24	3.05	2.98	2.75
Tal hushald	39	21	2048	1820	384	27	139	240	111	85

Kjelde: CENS1801, Hist. inst. UiB

Kjelda for tabell B-4 er CENS1801. CENS1801 er namnet på analyseprogrammet for den koda versjonen av folketeljinga 1801, men eg har også nytta CENS1801 som omgrep for data dvs. den koda versjonen av folketeljinga, jfr. tillegg A. Rådata for tabellen er produsert ved hjelp av CENS1801 og deretter overført til reknearkprogrammet EXCEL for vidare bearbeidning og for å lage den grafiske framstillinga, jfr. kapittel 4.

Gjennomsnittet for ein hushaldskategoriane kjem ein til ved å dividere talet på individ i kategorien på talet på hushald. I gruppa «Borgarstand» inngår hovudpersonar med yrkeskategoriane 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 9, jfr. tillegg A. Omgrepet borgarstand er ikkje bokstavleg meint. Kategorien inneheld personar med yrke, embete eller offentlege ombod som sosialt og økonomisk skil dei ut frå bondesamfunnet elles. Saman med bøndene svarar denne til gruppa eigedomsklassa slik den er definert hos Eilert Sundt⁷. Gruppe «Bønder» inneheld hovudpersonar med yrkeskategoriane 18 og 22, husmenn med jord 19 og 23, husmenn utan jord 20 og 24. «Andre yrke» inneheld resten dvs. yrkeskategoriane 10, 11, 14, 16, 21, 25, 27, 28, 29, 30, 31, 33, 39. Plasseringa av nokre yrkeskategoriar enten i gruppa «Borgarstand» eller «Andre yrke» kan nok diskuterast, men eg har valt ei pragmatisk tilnærming: Med så store populasjonar spelar det lita rolle kva gruppe ein yrkeskategori med berre eitt hushald hamnar i.

⁷ Sundt 1975, s. 298. Dyrvik 1983 s. 189-190.

Tabell Tillegg B -5 Menn fordelt etter hushaldsstilling (Hovudperson/Andre) og sivilstatus og Grunnlag for utrekning av hovudpersonsrate for menn (Talet på hovudpersonar i forhold til alle i aldersintervallet) og giftarmålsrate for menn (Talet på gifte i forhold til alle personar i aldersintervallet). To års aldersintervall Kyst- og fjordområdet 1801.

Alder	Kyst				Fjord			
	Hovud-personar	Andre	Gifte / enkjem enn	Ugift	Hovud-personar	Andre	Gifte / enkjem enn	Ugift
0-15	0	2334	1	2333	2	2112	0	2114
16-17	2	248	0	250	2	210	0	212
18-19	1	194	0	195	1	252	1	252
21-22	9	196	8	197	4	249	2	251
22-23	25	143	23	145	10	183	10	183
24-25	50	128	51	127	22	194	20	196
26-27	82	95	79	98	34	191	42	183
28-29	100	54	99	55	45	152	64	133
30-31	146	39	142	43	58	117	71	104
32-33	118	28	117	29	64	100	82	82
34-35	149	22	148	23	96	83	112	67
36-37	145	19	147	17	105	56	120	41
38-39	119	13	118	14	103	35	107	31
40-41	200	14	201	13	126	42	135	33
42-43	107	7	108	6	122	26	125	23
44-45	105	6	108	3	128	20	134	14
46-47	128	4	127	5	161	22	167	16
48-49	127	8	128	7	160	15	165	10
50-51	161	11	168	4	150	18	155	13
52-53	113	4	116	1	95	9	100	4
54-55	87	5	91	1	100	27	114	13
56-57	116	8	122	2	118	26	140	4
58-59	76	8	83	1	66	20	84	2
60-61	89	13	99	3	54	28	78	4
62-63	48	6	53	1	59	26	81	4
64-65	35	5	40	0	52	30	79	3
66-67	52	23	73	2	46	45	89	2
68-69	31	15	44	2	30	37	66	1
70+	118	86	202	2	76	201	269	8
Sum	2539	3736	2696	3579	2089	4526	2612	4003
Sum		6275		6275		6615		6615

Kjelde: CENS1801, Hist. Inst. UiB

Kjelda for tabell B-5 er CENS1801. Rådata for tabellen er produsert ved hjelp av CENS1801 og deretter overført til EXCEL (rekneark) for vidare bearbeiding og for å lage den grafiske framstillinga i kapittel 5. Kystområdet omfattar prestegjelda Finnås, Stord, Sund og Manger i Hordaland og fjordområdet Gloppen, Innvik og Eid i Nordfjord og Norddal og Stranda prestegjeld på Sunnmøre.

Tabell Tillegg B -6 Menn fordelt etter hushaldsstilling og alder (4 års aldersintervall). Kystområdet 1801.

Alder	Hoved person	Hushaldsstilling (menn). Relasjon til hovedperson							Sum
		Barn	Foreldre	Anna slekt	Tenestefolk	Innerst	Andre		
0-9	0	1463	0	8	8	2	65	1546	
10-13	0	443	0	5	38	1	21	508	
14-17	2	374	0	4	136	1	13	530	
18-21	10	216	0	12	153	2	7	400	
22-25	75	136	0	11	114	2	8	346	
26-29	182	65	0	10	65	3	6	331	
30-33	264	27	0	4	30	3	3	331	
34-37	294	11	0	3	23	0	4	335	
38-41	319	5	0	2	15	1	4	346	
42-45	212	2	0	1	7	1	2	225	
46-49	255	1	1	4	5	0	1	267	
50-53	274	2	3	1	1	4	4	289	
54-57	203	0	7	0	3	2	1	216	
58-61	165	0	15	1	2	2	1	186	
62-65	83	0	5	0	1	2	3	94	
66-69	83	0	27	2	0	7	2	121	
70+	118	0	60	4	1	15	6	204	
Sum	2539	2745	118	72	602	48	151	6275	

Kjelde: CENS1801, Hist. Inst. UiB.

Kjelda for tabell B-6 og B-7 er CENS1801. Rådata for tabellen er produsert ved hjelp av CENS1801 og deretter overført til EXCEL (rekneark) for vidare bearbeiding og for å lage den grafiske framstillinga i kapittel 5. Kystområdet omfattar prestegjelda Finnås, Stord, Sund og Manger i Hordaland. Fjordområdet omfattar prestegjelda Gloppen, Innvik og Eid i Nordfjord og Norddal og Stranda på Sunnmøre.

*Tabell Tillegg B -7 Menn fordelt etter hushaldsstilling og alder (4 års aldersintervall).
Fjordområdet 1801.*

Hushaldsstilling (menn). Relasjon til hovedperson								
Alder	Hovedperson	Barn	Foreldre	Anna slekt	Tenestefolk	Innerstar	Andre	Sum
0-9	0	1252	0	10	4	12	36	1314
10-13	2	489	0	11	38	0	13	553
14-17	2	354	0	13	87	1	2	459
18-21	5	325	0	18	154	1	3	506
22-25	32	186	0	25	162	2	2	409
26-29	79	131	0	30	174	4	4	422
30-33	122	85	0	17	106	3	6	339
34-37	201	54	0	12	60	9	4	340
38-41	229	15	0	11	42	7	2	306
42-45	250	3	1	11	25	5	1	296
46-49	321	1	4	6	14	7	5	358
50-53	245	1	8	5	10	2	1	272
54-57	218	1	27	7	7	6	5	271
58-61	120	0	39	0	4	2	3	168
62-65	111	0	41	7	0	2	6	167
66-69	76	0	69	2	0	4	7	158
70+	76	0	176	9	0	5	11	277
Sum	2089	2897	365	194	887	72	111	6615

Kjelde: CENS1801, Hist. Inst. UiB.

Tabell Tillegg B -8 Hushald etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem. Alle private hushald i landdistrikta 1801.

	Einslege	Ingen familie hushald	Enkle familie hushald	Utvila familie hushald	Fleir-familie hushald	Sum
Bønder	1128	1668	53059	13160	7585	76600
Husmann	792	667	39935	5037	1666	48097
Andre	1194	726	15777	1948	633	20278
Alle	3114	3061	108771	20145	9884	144975

Kjelde: HUSH1801

Kjelda for tabellane B-8 til B-14 er HUSH1801, jfr. tillegg A for korleis datasettet er danna. Utvalet; 144975 hushald i landdistrikta svarar til 88.6% av alle private hushald (163569 hushald) i 1801-teljinga. Det er 102 bondehushald og 150 husmannshushald i bydistrikt som ikkje er med i denne tabellen.

I kapittel 2 og i tillegg A er det gjort greie for den maskinelle typologiseringa. Typane i Peter Lasletts klassifikasjonssystem er opplista i tillegg A. Presentasjon av klassifikasjonssystemet finst i Laslett 1972 og Laslett 1979 og ei drøfting av klassifikasjonssystemet mot norske forhold finst i Higley 1976 og Dyrvik 1983.

Tabell Tillegg B -9 Bondehushald etter Peter Lasletts klassifikasjonssystem. Alle hushald der hovedpersonen tilhører yrkeskategori 18 Bønder eller 22 Bonde og fiskar etter folketeljinga 1801.

Bønder Fylke	Hushaldstypar - hovedgrupper					Fleir-familie	Totalt
	Einslege	Ingen familie	Enkle	Utvida			
Østfold	54	103	2656	619	204	3636	
Akershus	63	100	2533	715	324	3735	
Hedmark	78	104	2728	854	688	4452	
Oppland	57	111	2857	696	658	4379	
Buskerud	109	142	2810	649	312	4022	
Vestfold	91	73	2543	538	260	3505	
Telemark	65	100	2482	480	202	3329	
Aust-Agder	46	114	1706	597	254	2717	
Vest-Agder	111	131	3473	1046	467	5228	
Rogaland	53	102	3232	745	645	4777	
Hordaland	94	127	5875	1197	752	8045	
Sogn og Fjordane	46	92	3653	1146	920	5857	
Møre og Romsdal	43	105	4062	1245	925	6380	
Sør-Trøndelag	83	81	2964	766	349	4243	
Nord-Trøndelag	56	54	2668	531	228	3537	
Nordland	47	85	4829	931	290	6182	
Troms og Finnmark	32	44	1988	405	107	2576	
Kjøp- og ladestader	6	4	72	19	1	102	
Totalt	1134	1672	53131	13179	7586	76702	

Kjelde: HUSH1801

Kjeldekommentarer sjå tabell B-8.

Tabell Tillegg B -10 Hushald fordelt etter Peter Lasletts klassifikasjon (Hushaldtypar) fordelt på prestegjeda i kyst- og fjordområdet 1801.

Hushaldtypar	Fin-nås	Stord	Sund	Man-ger	Kyst totalt	- Glop	Inn-pen	Eid vik	Nord	Stra-dal	Fjord	- totalt
1a Einslege enkjefolk	4	28	14	10	56	2	0	5	21	7	35	
1b Einslege ugifte	4	9	9	1	23	0	2	1	14	9	26	
1c Gifte utan make	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	
2a Sysken	4	1	0	2	7	0	2	0	0	0	2	
2b Andre slags slektn.	5	2	6	2	15	12	2	0	2	1	17	
2c Ikke i slekt	1	3	7	8	19	2	1	4	5	1	13	
3a Berre gift par	96	74	137	135	442	45	39	26	46	36	192	
3b Gift par med barn	332	311	471	459	1573	200	281	153	193	137	964	
3c Enkjemann m/barn	9	17	27	10	63	9	3	4	5	6	27	
3d Enkje med barn	23	30	42	29	124	9	12	5	8	8	42	
3e Einsleg m/barn	0	1	0	0	1	0	0	0	0	1	1	
4a Utvida oppover	37	48	68	48	201	112	99	65	43	42	361	
4b Utvida nedover	0	3	6	2	11	2	4	1	3	0	10	
4c Utvida sidelengs	27	3	26	10	66	13	20	34	22	3	92	
4d Komb. av a-c	4	0	1	0	5	2	3	3	1	1	10	
5a Attåteining oppover	35	9	31	16	91	61	68	65	54	33	281	
5b Attåteining nedover	3	0	4	3	10	13	34	28	11	0	86	
5c Attåteining sidelengs	0	0	0	0	0	0	5	3	1	0	9	
5e Andre	2	5	2	5	14	7	5	6	5	1	24	
